

«Ein må tote å bli skitten på fingrane»

Ein studie av identitet og fellesskap blant unge i industristaden

Odda



Av Kari Hilde Folgerø-Holm

Masteroppgåve i sosialantropologi

Institutt for sosialantropologi ved Universitetet i Bergen

Hausten 2022

Forord

Fyrst og fremst vil eg takke alle informantar i Odda og omegn som tok seg tid til å snakke med meg og som viste interesse for prosjektet. Ei spesiell takk til elevar og tilsette ved Odda vidaregåande skule. Takk for openheita, tilliten og tilrettelegginga. Kvar og ein av dykk er satt stor pris på, og utan dykk ville ikkje denne oppgåva vore mogleg å gjennomføre.

Ei stor takk til rettleiarane mine Iselin Strønen og Eldar Bråten for oppmuntring og tålmodighet, for rettleiing og konstruktive tilbakemeldingar, og for at dykk har heia på meg når eg sjølv har mista trua.

Takk til familie og vener for direkte og indirekte støtte gjennom gode samtalar.

Og til slutt, Eirik, takk for at du har vore ei trygg hamn i både oppturar og nedturar, for all tida du har lagt ned i å lese korrektur, og for at du har lytta til alle mine idear, tankar og frustrasjonar.

Kari Hilde Folgerø-Holm,

Bergen, oktober 2022

Samandrag

Denne masteroppgåva handlar om identitet og fellesskap blant ungdom i industristaden Odda i Hardanger. Odda er ein av stadane som på byrjinga av 1900-talet var ein del av industrialiseringa i Noreg. I dag er det framleis to store fabrikkar i kommunen som sysselsett mange av innbyggjarane. Då høyesteinsbedrifta Odda Smelteverk vart lagt ned i 2003, vart det knytt usikkerheit til lokalsamfunnets avhengighet av industri. I nyare tid har likevel optimismen rundt dei resterande fabrikkane blomstra, blant anna grunna nye investeringar og planar om utviding.

Fleire forskrarar har peikt på at avindustrialisering og ein aukande servicesektor i den vestlege verda har skapt nye vilkår for identitetsdanning blant unge frå den tradisjonelle arbeidarklassen. Eg spør korleis arbeidaridentitet og fellesskapskjensle blant ungdom kjem til uttrykk i ein lokal kontekst der industrien fortsatt spelar ei viktig rolle. Med inspirasjon frå blant anna Sverre Lysgaard sin sosiologiske studie *Arbeidarkollektivet* frå 1961, utforskar eg om ungdommane i Odda, i hovudsak gutter som er i overgangen frå utdanning til arbeid, kjenner på ein liknande form for kollektivistisk (arbeidar)fellesskap slik som tidlegare generasjoner har gjort, eller om dei heller kan seiast å vere prega av individualiserte orienteringar. Oppgåva har ei fenomenologisk tilnærming som fokuserer på den subjektive erfaringsverda og tek for seg korleis ungdommane oppfattar seg sjølv og andre. Gjennom det sosiologiske omgrepet *interseksjonalitet* argumenterer eg for at sosiale kategoriar som kjønn og klasse er tett knytt opp til ungdommane si identitetsdanning. Til slutt argumenterer eg for at det antropologiske omgrepet *intersection* kan bidra med å gi ei breiare forståing av ungdommane i Odda si identitetsdanning, då også andre relevante differensieringskategoriar kjem til uttrykk.

Innhaldsliste

Kapittel 1 – Innleiing.....	2
Tematikk.....	2
Problemstilling	3
Kapittelloversikt	4
Kapittel 2 – Industristaden Odda	6
Industrihistoria i Odda.....	6
Før industrien	6
Industrien kjem	6
Byen vert til.....	8
Ein raud by	9
Nedgangstider	10
Odda i nyare tid	10
Fjordingane og oddingane.....	10
Fabrikkane.....	11
Identitetskrise	12
Politikk	16
Turisme	16
Kulturliv	17
Fråflytting	17
Odda vidaregåande skule	18
Kapittel 3 - Metode.....	20
Felten og begrensningar i feltet	20
Å gjere feltarbeid «heime»	20
Etikk	21
Metode.....	22
Ei fenomenologisk tilnærming	24
Kapittel 4 – Fellesskap	26
Arbeidarkollektivet.....	26
Arbeidarfellesskap i Odda: «Då prata vi då!»	28
Oppfatningar av ungdomsfellesskap i Odda: «Friare før»	34
Kapittel 5 – Identitet i moderniteten	37
Fellesskapskjensle i endring?	37
Identitetsdanning i moderniteten	40

Kapittel 6 – Identitetsskaping	43
Identitet i samspel med kultur og klasse	43
Sosial reproduksjon: «Eg kjem til å bli fjerde generasjon på fabrikken»	46
Ei verdsetting av praktisk arbeid: «Eg ser ikkje heilt poenget med å lese noveller»	48
Yrkesambisjonar: «Å gå på jobb bør vere det same som å møte vener»	50
Framtidsambisjonar: «Draumen er å ha eit eige hus»	54
Tilhøyrslle til lokalsamfunnet: «Å kome seg vekk for ein periode»	56
Delkonklusjon	58
Kapittel 7 – Identetskaping: differensieringar.....	61
Interseksjonalitet og ‘intersection’	61
Sosial differensiering: «Yrkesfagelevar» og «studieelevar».....	62
Interseksjonelle linjer: «Jentene på studie» og «gutane på yrkesfag»	66
Praktiske- og teoretiske orienteringar som eit spekter	69
«Rånarar og mekking»	72
Case: Fest i Odda.....	76
Konklusjon	81
Litteratur.....	84

Kapittel 1 – Innleiing

Tematikk

Overgangen frå det industrielle- til det postindustrielle samfunnet vert beskrive av forfattar Kjartan Fløgstad (1988) som ei utvikling «frå industrikultur til kulturindustri». Økt globalisering har ført til at produksjon av varer har blitt flytta til lågkostland, og industri er ikkje lenger den største motoren for økonomien i den vestlege verda. Yrkesstrukturen har gjennomgått store endringar som følge av teknologiutvikling, automatisering og ei ny arbeidsdeling, samt ein meir marknadsliberalistisk politikk. Samstundes har utvidinga av velferdsstaten i etterkrigstida og den auka tilgangen til utdanning ført til større sosial mobilitet og gjort at fleire i dag tilhørar middelklassen. Til dømes var arbeidarklassen i Storbritannia antatt å ha vore 60 prosent av befolkninga på 1950-talet, medan den i dag utgjer mindre enn 30 prosent (Evans & Tilley, 2015, s. 299). I tillegg til ei betydeleg velstandsauke, har meir fritid og økt forbruk endra folk sine levekår og livsstilar, som igjen er med på å skape nye formar for identitet og kulturelle uttrykk. Fleire forskrarar har i nyare tid vore opptatt av relasjonen mellom arbeid og identitet i det post-industrielle samfunnet. Antropologane Carla Dahl-Jørgensen og Nigel Rapport (2012) har skrevet om korleis til dømes offshoring, outsourcing og eksterne og/eller interne endringar i bedrifter og selskap gjer at arbeidsplassen har blitt mindre stabil. Samanlikna med tidlegare må den typiske arbeidaren i større grad vere tilpasningsdyktig, fleksibel og kunne flytte seg på tvers av tid og rom. Samfunnsøkonomen Guy Standing (2011) har blant anna peikt på vanskane med å skape ein stabil yrkesidentitet, då fleire og fleire arbeider under svake arbeidsforhold og lev under større økonomisk utryggheit. Særleg gjelder dette høgt utdanna unge, innvandrarar og folk frå den industrielle arbeidarklassen, i følge Standing.

Tradisjonelt sett har arbeid vore viktig i konstruksjonen av identitet, kanskje særleg for den industrielle arbeidarklassen. Arbeid som identitetsmarkør har vore tematisert i ein studie av Darren Nixon frå 2009, kor han skildrar arbeidarklassemenn i Manchester sitt møte med strukturelle endringar som de-industrialisering og ein voksende servicesektor. Reduksjonen i antal arbeidsplassar innan industri og produksjon gjer at Nixon sine informantar må sjå seg om etter jobbar innan tenesteyting og service - eit arbeid dei ikkje lukkast i. Det *emosjonelle arbeidet* som krevst i desse jobbane kjem i konflikt med deira maskuline identitetspraksis. Også Åsa Andersson og Anita Beckman (2018) har tematisert menn frå arbeidarklassen sine endra føresetningar for identitetsdanning i Västervik, ein liten tidlegare industriby i Sverige. Her har

dei store industriane blitt lagt ned eller nedbemanna i stor grad, og særleg unge menn i Västervik føler at dei fell utafor. I denne gruppa slit fleire med å møte det aukande kravet til utdanning, samstundes som det er tøff konkurransen blant dei få arbeidsplassane som er igjen i byen. Dermed er dei nostalgitiske til foreldregenerasjonen sine liv, kor ein lettare kunne kome seg i arbeid som ufaglært, og kor ein fekk seg hus og familie i ung alder (Andersson & Beckman, 2018, s. 101-104).

Fellesskap og solidaritet er gjerne assosiert med arbeidarrørsla og den tradisjonelle arbeidarklassen. Ein fellesskapsorientert industrikultur slik Kjartan Fløgstad refererer til ovanfor (Fløgstad, 1988, s. 22-23), har blant andre vore skildra av Sverre Lysgaard i den klassiske studien *Arbeiderkollektivet* frå 1961. Her var særleg likskap, solidaritet og kameratskap viktige verdiar blant arbeidarane i studien. I tillegg var ei forestilling om «oss» (arbeidarane) og «dei andre» (bedriftsleiinga) ein viktig føresetnad for å skape eit fellesskap. Paul Willis (2016) sin studie av britiske arbeidarklasseguttar er ein anna klassikar kor arbeidaridentitet og fellesskap kjem til syne gjennom ein protestkultur mot skulesystemet. Men fleire har peikt på at ein slik kollektiv klasseidentitet ikkje lenger er like framtredande, blant anna på grunn av dei nemnte endringane rundt yrkesstrukturen og industrien si minkande rolle i vestlege land. Sosiologane Ulrich Beck (1992) og Anthony Giddens (1991) har tematisert ei auka individualisering, og peikt på at individet i det post-industrielle samfunnet i mykje større grad enn i tidlegare generasjonar står ovanfor eit refleksivt prosjekt kor ein må reflektere over kven ein er og kven ein skal vere. Den kollektive klasseidenteten er ikkje lenger like sterkt, fordi individet i dag er mykje meir lausreven frå dei sosiale strukturane som ofte var determinerande for danning av identitet i industrisamfunnet, slik som familieband, klassebakgrunn og kjønn.

Problemstilling

I industristaden Odda, kor eg utførte eit feltarbeid våren og seinhausten 2021, er industri ein stor del av sysselsettinga og økonomien i kommunen. Med sin rike tilgang til kraftressursar var Odda på byrjinga av 1900-talet ein del av industrialiseringa i Noreg, og har i over hundre år sysselsett fleire generasjonar med industriarbeidarar. Sjølv om det framleis er to store fabrikkar i byen, er industrien si rolle blitt mindre enn tidlegare. Tenesteyting og offentleg administrasjon er i dag næringar som sysselsett mange innbyggjarar, og då Odda Smelteverk, som låg i hjarte av Odda sentrum, gjekk konkurs i 2003 førte det til at mange industriarbeidsplassar gjekk tapt.

Men Odda er altså ikkje eit døme på ein avindustrialisert by, slik som mange andre liknande stadar i Noreg og den vestlege verda. Det er tvert i mot knytt stor optimisme rundt den resterande industrien si framtid og moglegheitene som ligg i næringa. Samanlikna med studiane frå til dømes Västervik og Manchester ligg dermed føresetningane til rette for tradisjonelle, fellesskapsorienterte arbeidaridentitetar i Odda. Samstundes er det ikkje grunn til å tru at Odda er isolert frå dei strukturelle endringane som har skjedd i omverda i seinare tid. Spørsmål om overgangen frå «industrikultur til kulturindustri» er difor likevel interessant. Ved å fokusere på ungdom i Odda, ynskjer eg å utforske deira identitetsutforming og fellesskapskjensle i lys av det tematiske bakteppe vist ovanfor. Spørsmåla eg ynskjer å utforske er dermed: ***Korleis kjem arbeidaridentitet til uttrykk blant ungdom i Odda i dag? Har det skjedd ei endring frå kollektive, fellesskapsorienterte identitetsuttrykk, til meir individuelle orienteringar, slik mange individualiseringsteoriar tilseier? I så fall, på kva måte?***

Før eg går vidare med å gjere greie for Odda si industrihistorie, vil eg legge fram ei kort kapitteloversikt av korleis oppgåva vil sjå ut.

Kapitteloversikt

Kapittel 2 er ei historisk utlegging av då industrien kom til Odda og korleis Odda gjekk frå å vere eit jordbruksamfunn til å bli eit industrialsamfunn. Vidare tek eg for meg korleis byen framstår i dag. I kapittel 3 gjer eg greie for det metodologiske utgangspunktet for studien. Her vil det først vere ei skildring av feltarbeidet sin gang, begrensningar ifeltet, samt etiske og metodiske val som vart avgjerande for oppgåva si utforming. Kapittel 4 vil byrje med ei utgreiing av korleis *Arbeidarkollektivet* i Sverre Lysgaard (1961) sin studie kom til uttrykk. Deretter spør eg kva slags førestillingar mine informantar har om fellesskap og korleis det i så fall kjem til uttrykk. Kapittel 5 er ei teoretisk utgreiing av samfunnsendringar og teoriar som legg til grunn at identitet i det post-industrielle samfunnet er eit stadig meir individualisert prosjekt. Kapittel 6 handlar om mine informantar sine utdanningsval og framtidvisjonar, og kva slags verdiar som ligg i desse tankane. Eg spør også i kor stor grad desse verdiane og førestillingane kan seiast å vere reproduksjon og nedarva frå foreldregenerasjonen. Her vert spørsmål om individualisme versus kollektivisme eit stikkord. I kapittel 7 utforskar eg kva sosiale differensieringar som kjønn og klasse har å seie for informantane si identitetsdanning. Eg argumenterer for at det sosiologiske omgrepet *interseksjonalitet* kan nyttast for å analysere korleis desse sosiale kategoriane til dels heng saman. Avslutningsvis argumenterer eg for at det

antropologiske omgrepet *intersection* kan gje oss ei breiare forståing av ungdommene sin identitet gjennom å studere fleire sosiale differensieringsmekanismar enn berre kjønn og klasse. Blant anna forsøker eg gjennom skildringa av ein case, kor deltagande observasjon vart nytta som metode, å illustrere dei ulike formane for differensiering som eg meiner kjem til uttrykk i identitetsdanninga til informantane.

Kapittel 2 – Industristaden Odda

Industrihistoria i Odda

Før industrien

Odda ligg innerst i Sørfjorden i Hardanger på Vestlandet, med Hardangervidda i aust og Folgefonna i vest. På 1800-talet høyde Odda til Ullensvang Prestegjeld og herad. På denne tida var staden eit lite jordbruksamfunn kor innbyggjarane livnærte seg av fedrift, åkerbruk, skogbruk, jakte og fiske. Etter kvart vart også fruktodyrking ein viktig del av jordbruksamfunnet i Sørfjorden (Odda i Hardanger, 1957, s. 3-4). I 1830-åra byrja folk å reise til Hardanger for å oppleve fjorden, fjella, fossane og breen, og i 1850 fekk Odda sitt første hotell som skulle husa dei tilreisande. Etter ein brann i 1895 vart det nye hotellet Hardanger Hotel bygd, med 110 gjesterom (Odda i Hardanger, 1957, s. 4-5). Rundt 1900-talet var Odda blitt det mest attraktive reisemålet i Noreg utanom Oslo og Bergen, og hadde no elleve hotell. Mange kom med HSD-båten Vøringen frå Bergen, medan andre kom med turistskip eller over Haukelifjellet. Odda var også eit ettertrakta reisemål i Europa og fleire frå den europeiske overklassen tok turen dit (Røyrane, 2011, s. 82). Keisaren av Tyskland og kongen av Thailand var blant dei som var innom på denne tida (Trædal, 1988, s. 12). På dagtid var gjestene gjerne på utflukter. Dei kunne til dømes reise for å sjå Låtefossen eller Ringedalsfossen og Tyssestrengene. Også turar til Folgefonna var populært. Her kunne ein køyre med hest og slede. Eller så kunne ein ta ein kortare tur for å sjå breen i Buerdalen (Markhus, 2000, s. 103). Dei som budde i Odda på denne tida levde av hotelldrift, skyss av turister, handel eller handverksarbeid. Dei var omlag 300 menneske fordelt på tretti hus. Dei tusen som budde i områda rundt tettstaden i Odda livnærte seg hovudsakleg av jordbruk (Røyrane, 2011, s. 82).

Industrien kjem

Fossar og vassdrag vart tatt i bruk for å produsera elektrisitet på 1870-talet, og fleire og fleire fekk augne opp for at ein kunne bruka krafta frå fossane til å etablere storindustri. Såkalla fosseoppkjøparar, ofte frå utlandet, reiste rundt i Noreg for å kjøpe fallrettar som dei kunne selje vidare med vinning. Konsesjonslovane vart etter kvart vedtatt av myndighetene og skulle sikre at vasskrafta ikkje kom i utanlandske hender. Samstundes skulle ikkje lovane stå i vegen for industrialiseringa (Kraftmuseet.no, u.å.).

Den norske ingeniøren Per Aga gjekk ut av Trondhjems Tekniske Skole i 1874 saman med Knud Bryn. Begge engasjerte seg for moglegheitene som låg i norsk fossekraft. Knud Bryn vart ein av pionerane innan kraftutbygging og storindustri i Noreg, medan Per Aga starta den første fabrikken i Sørfjorden, Hovlands Uldvarefabrik, i 1875. Han meinte det måtte vere gode vilkår for fabrikk i Hardanger, med fossefall og tomter. Då fabrikken starta produksjonen i 1876 hadde dei tolv arbeidrarar. I 1895 hadde talet vakse til 45 arbeidrarar, for det meste kvinner. Aga kjøpte vassrettar i Skjeggedal i Tyssedal omrent seks kilometer utanfor Odda, samt andre stadar som i Kinsarvik lenger ute i fjorden. Overskotet han fekk frå vassrettane sine gjekk til ullvarefabrikken hans, som under depresjonen etter fyrste verdskrig stoppa opp og vart overteken av andre eigarar (Kolltveit, 1962, s. 299-300). Aga skulle også vere viktig for tilrettelegginga av storindustri i Hardanger (Kolltveit, 1962, s. 375).

I 1906 selde Aga og ingeniøren Niels Henrik Bruun i Bergen vassrettane sine i Tyssedal gjennom grosserer i Drammen til den norske ingeniøren Sam Eyde. Eigedomsrettane vart kjøpt for 420.000 kroner. Saman med dei svenske Wallenberg-brørne stifta Sam Eyde Tyssefaldene AS og planla ei utbygging av Tysse-vassdraget som skulle leve kraft til to fabrikkar i Odda, ein karbidfabrikk og ein cyanamidfabrikk. Seinare gjekk desse under namnet Odda Smelteverk AS. Det britiske selskapet The Sun Gas Company inngjekk avtale med Eyde-konsernet om kraftleige, då dei fekk nyss om moglegheitene for karbidproduksjon i Odda (Trædal, 1988, s. 15). Den svenske professoren Albert Petersson vart sendt til Odda for å utforske lokalitetane. Han vart seinare den første direktøren på karbid- og cyanamidfabrikkane og flytta til Odda i 1907 (Kraftmuseet.no, u.å).

Då det var bestemt at vassdrag og fabrikkar skulle byggjast kom det raskt «rallarar» og anleggsfolk til Odda og Tyssedal. Nokon kom frå arbeid ved Bergensbanen, medan mange «rallarar» og spesialarbeidrarar kom frå Sverige. Fleire av desse var spesialistar på murarbeid og hadde arbeidd på kalkomnar i Alby-området i Sverige der The Sun Gas Company allereie hadde ein karbidfabrikk i produksjon. Det var ikkje like lett å husa alle som kom. Nokon fekk bu i uthus på dei to gardane i Skjeggedal, medan andre måtte setje opp telt eller finne andre primitive alternativ. Etter kvart vart det sett opp brakkar (Trædal, 1988, s. 16). Her var det trongt om plassen. I det som vart kalla bondebrakka, kor husmannsgutar frå Voss, Hardanger og Telemark budde, var det 60 mann med to stykk i kvar seng (Trædal, 1988, s. 20).

Det fredlege samfunnet som livnærte seg av turisme og jordbruk vart brått gjort om til ein stor byggjeplass fullt i folk som skulle reise svære anleggsbygg som blant anna siloar, lagerbygg og

omnshus av murstein. Totalt vart det reist sju fabrikkbygningar. I Tyssedal vart det laga ein tolv meter høg dam i Ringedalsvatnet, ein tunell gjennom Tyssedalsnuten, ei røyrleidning med 400 meter fallhøgd og ein 50 meter lang kraftstasjon som vidare skulle sende krafta gjennom ei kraftlinje på seks kilometer til Odda (Røyrane, 2011, s. 82-83; Trædal, 1988, s. 28). Etter berre to år opna karbid- og cyanamidfabrikkane i 1908 og folketalet hadde stege til 2000. Rykte spreidde seg om at det fanst godt betalt arbeid i Odda. Her tente dei fire kroner dagen i 1909, medan ein gjerne tente to kroner dagen i Bergen på denne tida (Trædal, 1988, s. 37). I 1916 vart også aluminiumsfabrikken Nitriden, Det Norske Nitridaktieselskap (DNN forkorta), opna i Tyssedal med Sam Eyde og franskmannen Adrien Badin som initiativtakarar (Industrimuseum.no, u.å). I 1917 var folketalet stege til 6800. Industrien førte til at turistar ikkje lenger ville kome til Odda no som bygda var dekt av røyk og full av støy. Hotelleigarar gjekk konkurs og kravde erstatning. Etter kvart kom dei til å selje hotella til industrien som gjorde dei om til arbeidarbustadar (Røyrane, 2011, s. 82-83).

Byen vert til

Ulike forretningar som bakeri, «spiseforretning», skjenkestove og utstyrbutikkar, starta opp etter kvart som det kom fleire folk (Trædal, 1988, s. 30). Det første sjukehuset i Odda var ei gave frå Keisar Wilheim II i 1909, etter at direktørkona Leoine Petersson hadde nemnt til keisaren at det mangla. Seinare vert det bygd eit nytt sjukehus med 30 senger (Røyrane, 2011, s. 129).

Tyssefaldene AS, som altså var eit kraftselskap, hjelpte fabrikkane med å bygge hus til arbeidarar og funksjonærar i Odda og Tyssedal (Røyrane, 2011, s. 84). Arbeidarbustadane var gjerne trehus med fire leilegheiter. Leilegheitene hadde eitt rom og eitt kjøken. Same år som då Odda vart ein eigen kommune i 1913, kom den tre etasjars store «Murboligen» opp. Her var det 44 leilegheiter (Trædal, 1988, s. 30). Ofte var hus, kjellarar og loft fullstappa med folk. I eit trehus med fire leilegheiter kunne det bu 36 born, og familiar på 13 kunne bu saman på to rom og eitt kjøken (Røyrane, 2011, s. 88). I 1913 kom direktør Albert Petersson med ideen om å etablere Egne Hjem. Egne Hjem var ei rørsle som arbeidde for å gje folk frå arbeidarklassen sin eigen bustad med hage. I Odda var dei fleste som budde i Egne Hjem leidgetakrar. Dei eigde altså ikkje bustadane sjølv. I 1924 vert det bygd enda ein ny fabrikk, denne gongen det Norske Zinkkompani AS Norzink på Eitrheimsneset eit par kilometer utafor Odda. Også her bygde fabrikken bustadar til sine tilsette, mange av dei på bustadområdet Egne Hjem (Røyrane, 2011,

s. 91). Namnet Egne Hjem er knytt til bustadområde for arbeidarar også i Sauda, Rjukan, Høyanger, Bjørnevatn og Bærum (Vestnorsk Industristadmuseum, 1999).

Funksjonærar og direktørar budde i villaer på Toppen i Odda, ei flat høgd over sentrum. Strøket var eit velstelt område med romslege hus, balkongar, karnappar og store hagar (Røyrane, 2011, s. 89). Dei som budde på Toppen var gjerne Høgrefolk som gjekk i kortbukse og spelte tennis. Og ungane menga seg helst ikkje med arbeidarborna som budde lenger nede i sentrum.

Folkets hus var den viktigaste samlingsplassen i Odda. Huset blei bygd på dugnad av arbeidarane og opna i 1914. Her var det sjeldan at ein såg dei som hadde husa sine på Toppen (Røyrane, 2011, s. 90, 87).

Ein raud by

Folkets Hus var «det politiske hovudkvarteret for den aller raudaste av dei raude norske industribyane» (Røyrane, 2011, s. 87). 40 prosent av dei vaksne i Odda var kommunistar på 20-talet. Dei radikale tankesetta begynte med «rallarane» som arbeidde under bygginga av industrien og kraftverket. Her var det sosialistar og kommunistar, svenske syndikalistar og anarkistar. Tankane spreidde seg etter kvart vidare til fabrikkarbeidarane (Trædal, 1988, s. 22). Striden mellom sosialdemokratane i Det Norske Arbeiderparti (DNA) og kommunistane i Norges Kommunistiske Parti (NKP) rundt 20-talet, utfolda seg også i Arbeidarrørsla i Odda (Trædal, 1988, s. 111). Men utover 30-talet blei communistane og sosialdemokratane meir samla, då fascismen i Europa var på frammarsj (Røyrane, 2011, s. 89).

NKP hadde ordføraren i Odda rett før og etter andre verdskrig. Seinare har Arbeidarpartiet lenge vore det største partiet (Røsjø, 1988, s 13-14)

Odda arbeidarparti vart stifta i 1906, same år som den første arbeidsorganisasjonen, Odda Arbeiderforening. Då Odda Arbeiderforening starta var medlemstalet 35. Etter kvart vart det oppretta fleire foreiningar, som Odda jern- og metallarbeidarforeining og foreiningar for murarar og trearbeidarar. I 1924 gjekk foreiningane saman til éi foreining (Trædal, 1988, 49). Oppslutninga på fagforeningsmøta var stor, og allereie i 1915 var kvinner også tilstades på møta. Arbeidarrørsla i Odda og Tyssedal var sterkt og radikal, og hadde ei betydeleg makt i lokalsamfunnet. Dei fekk stor gjennomslagskraft for streikane og aksjonane dei satt i gong. Ein av dei første var i 1909 då det oppstod ein konflikt ved karbidfabrikken. Leiinga ynskja å endre arbeidsordninga i smeltehuset, slik at det skulle vere ein smeltearbeidar på kvar omn, og to som skulle tappa dei tre omnane. Frå før hadde det vore to som smelta og ein som tappa. Endringa

vart presentert på ein plakat på veggen utan at leiinga hadde snakka med arbeidarane i forkant. Arbeidarane ville ikkje godta denne endringa og dei nekta å tappe omnane. Dei vart då trua med å bli oppsagt av leiinga, men fortsette streiken likevel. To veker seinare kalla direktøren inn til møte og trakk tilbake trussel om oppseiing og arbeidsordninga (Trædal, 1988, s. 50).

Nedgangstider

Frå 1921 var det nedgangstider og fabrikkane stoppa opp. Tida etter første verdskrig hadde ført med seg overproduksjon. Dei internasjonale konjunktursvingingane førte til at arbeidarane blei oppsagt og måtte ty til naudsarbeid igangsatt av myndighetene. Fabrikkane blei lyst ut på tvangsausjon (Trædal, 1988, s. 60).

I 1923 starta Nitriden i Tyssedal opp att, og i 1924 var hjula i gang igjen for Karbiden og Cyanamiden under namnet Odda Smelteverk AS. I tillegg starta arbeidet med bygginga av det Norske Zinkkompani AS. Dermed var det optimisme knytt til industrien og industrisamfunnet igjen (Trædal, 1988, s. 71-72). Tida etter andre verdskrig var ei eventyrleg vekstperiode før det igjen på slutten av 1900-talet vart nedgangstider med oppseiingar og nedbemannning, slik som ved mange andre mindre industrisamfunn i landet (Røsjø, 1988, s. 14). I neste delkapittel kjem eg til å kome meir inn på industrien si rolle i Odda i nyare tid.

Odda i nyare tid

«*Vi ber for våre familiar, våre vener og bekjente. Vi ber for Odda, Tyssedal, Røldal og Skare.*

Vi ber for bedriftane, arbeidsplassane og for dei arbeidslause».

Sitatet ovanfor, som vart sagt under ei gudsteneste i Odda kyrkje, vitnar om kor viktig *arbeid* er og har vore både sosialt og kulturelt i Odda og omegn. Industrien blir ofte omtala som «det som skapte Odda til det det er i dag». Den kulturelle forteljinga om kor viktig industri er blir på mange måtar ein del av identiteten til Odda og innbyggjarane som veks opp der, også i dag. På barneskulen vert det arrangert skuleturar med omvising på fabrikkane, og arbeidarane sin internasjonale kampdag, 1. mai, har lenge vore feira på lik linje som 17. mai i Odda.

Fjordingane og oddingane

Odda sin industri skapte eit arbeidarsamfunn i kontrast til bygdene rundt og til bøndene som dreiv med fruktproduksjon lenger ute i Sørfjorden. Det folk kalla «fjordingane» før i tida var

grovtt sett bønder frå fjorden, medan «oddingane» var industriarbeidarar i Odda. Etter kvart som mange bønder byrja å få seg jobb i industrien for å få ei ekstra inntekt, vart desse kulturelle skilnadane mindre. Bøndene som arbeidde på fabrikk vart kalla «måneskinsbønder» og arbeidde på fabrikken på dagtid, medan dei arbeidde resten av døgnet på garden. I dag skildrar desse omgrepa først og fremst kor ein er frå, og ikkje i like stor grad om ein er bonde eller arbeidar. Dei aller fleste bøndene har eit arbeid på si, og mange frå fjorden driv ikkje med gardsarbeid i det heile. Mange pendlar inn og ut av Odda, noko som i dag er lettare enn tidlegare etter utbygginga av vegnettet. Ungdommar frå fjorden reiser inn til Odda for å gå på vidaregåande skule, og har mykje kontakt med ungdommane frå Odda. Kommunesamanslåinga i 2020, kor Odda og tettstadane Jondal, Utne og Kinsarvik, slo seg saman til Ullensvang kommune, bidreg nok òg til at skilnaden mellom «fjordingar» og «oddingar» blir meir og meir viska ut.

Fabrikkane

Fabrikkane Boliden og Tizir sysselset i dag mange av innbyggjarane både i Odda og i bygdene rundt. Tizir Titanium og Iron AS, som vart stifta i 1983, har per dags dato 300 sysselsette (Proff.no, u.å.) og ligg i Tyssedal ca. seks kilometer frå Odda sentrum. Tidlegare låg Nitriden (Det Norske Nitridaktieselskap, DNN) her. Selskapet er eigd av franske Erametkonsernet og er Europas einaste produsent av titandioksidslagg. Tizir produserer også høgreint jern. Hovudproduktet deira, titandioksid, er eit råvarestoff som dei smelter. Slagget blir tappa i vogner, kjølt ned, knust og sendt vidare. Deretter tapper dei ut jern på den andre sida av omnene. Dette er biproduktet deira, som dei foredlar og støyper. Dei produserer ca. 200 000 tonn titandioksidslagg per år, som tilsvrar 7 prosent av verdsproduksjonen, og ca. 85 000 tonn høgreint jern (Dahle Sjåstad, 2021). Fabrikkanlegget til Boliden Odda AS ligg på halvøya Eitrheim ca. fire kilometer frå Odda sentrum, og er eigd av svenske Boliden AB. Det blei etablert i 1924 som Det Norske Zinkkompani A/S av ein fransk-belgisk bergverksbedrift. I dag har Boliden 472 tilsette (Proff.no, u.å.) og produserer metallisk sink og svovelsyre. I 2020 hadde fabrikken ein årleg produksjonskapasitet på 192 000 tonn sink og 120 000 tonn svovelsyre.

I juli 2021 vert det klart at Boliden skulle utvide produksjonen av metallisk sink og investerer over 7 milliardar i prosjektet. Dette var ei gladnyheit i Odda som fekk ordføraren til å heise flagget på rådhuset; no var arbeidsplassane sikra og ei ny optimisme knytt til Odda si framtid vart ein realitet. Samstundes betyr utvidinga, i tillegg til nye anlegg, meir digitalisering og automatisering, i følge konsernet. Administrerande direktør Helene Seim har uttalt at prosjektet vil få betydning for bemanninga, men at dei ikkje vil redusera den (Risnes og

Sundfjord Otterlei, 2021). Ei slik stor investering tyda uansett at ein ser for seg at fabrikken blir verande i ei god tid framover. Tilgangen på vasskraft og straum i produksjonen var ein av grunnane til at fabrikkane var lønsamme på ein stad som Odda. Med dei aukande straumprisane i 2021/2022 er det igjen knytt usikkerheit til industrien. Samstundes har fabrikkane eigne straumordningar og kontraktar som gjer at dei er trygge dei neste ti åra (Olsen, 2022).

Identitetskrise

På ein av mine mange rusleturar rundt i Odda sentrum fekk eg auge på eit skilt der det stod «alt kjem til å bli bra». Utsegna «alt blir bra» har vore brukt under koronapandemien for å gi barn og unge ei påminning og eit håp om at koronapandemien ein gong kom til å ta slutt, og det har gjerne vore teikna saman med regnbogar rundt om i barnehagar og på skular. Men dette skiltet hadde ingen regnboge, og teksten hadde ei litt anna formulering. Eg byrja å spørje folk kva meinингa bak dette skiltet var, og fekk til dels vase svar. Men eg fekk veta at skiltet hadde kome opp lenge før koronapandemien. Skiltet stod plassert på smelteverkstomta som ligg midt i Odda sentrum, kor Odda Smelteverk tidlegare var i drift. I 2003 gjekk bedrifta konkurs og mange industriarbeidarar mista jobben.

Skiltet skapte ulike reaksjonar blant folk, og få visste kvifor det vart satt opp. For ei tid forsvann også skiltet, men blei satt opp på nytt i 2012. Denne gongen vart det heile markert av ordføraren. Direktør i Fritt Ord, Knut Olav Åmås, skildra skiltet på denne måten under Litteratsymposiet¹ i 2014:

Eit par hundre meter herfrå, på smelteverkstomta ut mot Røldalsvegen, står det eit kvitt skilt med ein enkel tekst: «Alt kjem til å bli bra». Det skiltet seier litt om Odda. Men er det ei kjærleikserklæring? Er det humor? Er det sarkasme? Eller kanskje eit fortvilt rop om hjelp, meir enn eit tiår etter at Odda Smelteverk gjekk konkurs, fleire hundre arbeidsplassar gjekk tapt, men 167 mål med areal for framtida brått blei ledige? Truleg alt dette. Men kanskje er teksten på skiltet mest ei sverjing, eit løfte om handling, ei pact om å tru på framtida (Litteratsymposiet, u.å).

Odda Smelteverk var ein viktig hyrnesteinbedrift og blei rekna som sjølve hjarta i Odda. Men i 2003 gjekk altså fabrikken konkurs og produksjonen blei flytta til Kina (Dahle Sjåstad, 2003).

¹ Litteratsymposiet er ein litteraturfestival i Odda som har vore arrangert sidan 2005.

I 2007 blei Odda og Tyssedal saman med Rjukan og Notodden nominert til kandidatar på den tentative lista for UNESCOs verdsarv. I tida etter var Oddasamfunnet prega av debattar i avisar, kommunestyre og politiske parti om kva som skulle skje med ruinane knytt til tomta der fabrikken låg. Saka har vore hos Fylkeskommunen, Riksantikvaren og i Miljødepartementet. I samband med kommunevalet i 2007 vart det heldt folkeavstemming om UNESCO-kandidaturet, med ein knapp siger til nei-sida.

Fleire omtala tida etter konkursen som ei identitetskrise for innbyggjarane i Odda. Det vart no stilt spørsmål ved kva som skulle skje med tomta der smelteverket stod. Eit fleirtal av smelteverksarbeidarane meinte ein burde «rive dritten», medan andre ville bevare bygningsmassen. Men kvifor ville dei som hadde stått Smelteverket næraast at det skulle rivast? I Else Marie Sandal si masteroppgåve «Kampen om Odda» (Sandal, 2017) skriv ho at det framstår som eit paradoks at arbeidarane ikkje ville bevare tomta og heller stemte for Arbeidarpartiet sitt forslag om å rive. Grunnen kan vere, skriv ho, at det oppstod ein konflikt der definisjonsmakta knytt til historieforståing og identitet var forbeholdt «dei andre» (kulturarbeidarar, næringsfolk, m.f.) noko som ført til at smelteverket gjekk frå å vere ein «produksjon- og arbeidarkvardag [til å bli ei] intellektualisering [...] av materielle forhold, produksjon og menneske» (Sandal, 2017, s. 8).

Medan Rjukan og Notodden gav eit unisont ja til UNESCO-status, var oddingane mykje meir splitta. Sandal skriv at forståinga knytt til verneverdi kan handle om plassering i det *sosiale rommet* (Bourdieu, 1995), kor avstand mellom kunnskapskapital og kulturell kapital skapar konfliktlinjer. Mange med tilknytning til det ho kalla den folkelege diskursen (men også andre) hevda at smelteverket var stygt, skittent og fråstøytande. Verneforkjemparar og arkitektar meinte derimot at bygga og området var spennande, og kunne ikkje forstå at ein ikkje ville takke ja til eit UNESCO-medlemsskap. Sandal skriv at det oppstod eit «smakpoliti» i skildringane av smelteverkstomta og at dei med meir kulturell kapital og med ein anna habitus enn dei ho kallar den «folkelege diskursen» fekk definere kva som var god smak (Sandal, 2017, s. 46-47).

Ein industriarbeidar eg intervjua fortalte si meining om prosessen rundt den nedlagde smelteverkstomta, og belyser dei forskjellige oppfatningane av kva som er estetisk fint og ikkje:

Når smelteverket blei lagt ned så var det nokon voldsomme ivrige sjeler som ville behalde bygningsmassen og alt det drittet som står der, for å seie det rett ut. Som ville

behalde det. Og som syns det var så flott og fint. Eg er villig til å bruka eit veldig sterkt ord, men eg skal ikkje gjera det. Eg syns at dei skulle radert ut heile greia og heller laga til parkar eller symjebasseng eller sånt noko. No kjem det jo litt og litt... [butikkar og verksemder opp att]. Men all den føle bygningsmassen som står der... Dei trur at det er fantastisk. Det er kanskje 20 prosent som syns det, og dei 80 resterande syns det er ræva. Sånn er det. Så har UNESCO... Det er jo verna bygningar, men eg skjønar ikkje kvifor heller. For det er jo... Akkurat dei fabrikkbygningane der har dei mange plassar rundt om i verda. Så det er jo ikkje noko veldig spesielt med det då. Men eg er jo der. Det er jo mange andre meininger men, det er ikkje alle som er interesserte i å ha det «rasket» der. Det er jo forferdelig stygt. Enkelt og greitt. Den finaste tomte i heile Odda. Sant? Rett og slett.

For denne industriarbeidaren er det altså sterke følelsar som kjem til uttrykk når han snakkar om smelteverkstomta. Ein skulle kanskje tru at ein industriarbeidar ville hatt eit ynskje om å bevare eit bygg som hadde stått han nært. Samstundes kan ein ha forståing for at når nokon prøver å fortelje deg at smelteverket har verdi, at det er noko flott, noko ein skal vere stolt av og noko høgverdig som ein bør ta vare på, så verkar det irriterande når slike uttalelsar er stikk i strid med det arbeidarane og oddingane har høyrt før. Tidlegare vart industrien (og òg sjølve Odda), kalla både skittent, stygt og illeluktande. Ei dame fortalte meg at ein sjeldan ville innrømme at ein var frå Odda før i tida: «Odda var liksom det svarte fåret i den nasjonalromantiske Hardangerfjorden. Det var skittent og stygt, og dei frå fjorden ville heller ikkje bli assosiert med staden».

Då eg var til stades under litteraturfestivalen Jernrosa våren 2021 skildra forfattar Lars Ove Seljestad noko av det arbeidarane kanskje må ha følt på då smelteverkstomta plutselig blei sett på som noko attraktivt etter nedlegginga:

Det som er litt ubehageleg, syns eg, det er at når den store svarte fabrikken, smelteverket, som eg har skrevet mykje om, som ligg midt i sentrum og som er grunnlaget for Odda - Når den dør, så er det plutselig kult. Då er det jævlig stilig. Då kommer folk. Filmcrew frå heile verda kjem for å spele inn filmar i Odda. Netflix kjem hit, forfattarar skriver bøker. Eg er jo ein av dei sjølv, sant. Plutselig er dei svære skorsteinane stilige. Den der døde dinosauren som ligg midt inni sentrum, mellom desse enorme fjella med dei kvite snøtoppane. Då er det stilig. Når det er dødt. Men når det ikkje var dødt, og det var fullt av gnist og fargar,

bannande arbeidrarar, elskande arbeidrarar og folk som jobba og sleit og skapte seg eit liv, då var det skittent og ekkelt!

Då smelteverkstomta potensielt kunne bli omdefinert til kulturminne, kjende kanskje arbeidarane på ei framandgjering, og ei verdsetting som dei ikkje hadde opplevd tidlegare, som dermed skapte irritasjon. «Skål, Odda» er ein kortfilm av regissør Robert Reinlund, fortalt av Frode Grytten om tida etter at smelteverket blei lagt ned. I filmen fortel smelteverksarbeidaren Inge Hansen at arbeidarane, i tida etter at smelteverket gjekk konkurs, tøysa seg i mellom med at dei no skulle lage smelteverkstomta om til ein turistattraksjon og stille opp utstoppa smelteverksarbeidrarar som folk kunne kome å sjå på.

I boka «Bygdeutviklingas paradoks» tek Mary Bente Bringslid mfl. (2012) for seg tematikken rundt mange norske kommunar sine bygdeutviklingsprosjekt, der ein gjerne driv med omdømebygging for å profilere og marknadsføre seg sjølv til verda utanfor. I kampen mot avfolking og avvikling blir dette sett på som ei løysning som skal gjere staden meir attraktiv for næringsliv, tilflytting og turisme. Ofte tek ein utgangspunkt i noko som vert oppfatta som sjølvsagt eller marginalt i innbyggjarar sine auge, men som gjennom å flytte perspektivet til eit utanforperspektiv, brått vart sett på som ein ressurs (Bringslid, 2012, s. 13). Boka set eit kritisk søkelys på delar av desse utviklingsprosjekta ved å spørje kva det er som vert utvikla og kven det er godt for (Bringslid, 2012, s. 10). For «kva eigenskapar som blir framheva og kven som eventuelt har eigarskap til dei, er viktig for kven som kjenner seg representert og også for kven som synest dei blir forbigått» (Bringslid, 2012, s. 24). Innbyggjarar si forståing og eigne historiar knytt til staden kan ende opp med å bli tillagt mindre verdi, til fordel for det ein trur skapar interesse for sentrums blikk (Bringslid, 2012, s. 25) Bringslid skriv at ein kan stå i fare for å varegjere staden (i Karl Marx si tyding), gjennom at innbyggjarar blir framande for sitt eige produkt. I ei slik framandgjering, inneber det også eit meiningstap (Bringslid, 2012, s. 15 og s. 22). Som nemnt, var det kanskje nettopp ei kjensle av framandgjering blant smelteverksarbeidarane som skapte dei store splittingane i tida etter konkursen. I Odda var gjerne ein UNESCO-status oppfatta blant tilhengarane som noko som kunne sette staden på verdskartet. Gjennom å tilpasse seg eit blikk utanfrå, ville smelteverkstomta i deira auge få ein ny verdi. Men for smelteverksarbeidarane innebar det tap av meinings. Det oppstår dermed eit paradoks: «Idet ein realiserer sin autentiske eigenart i møte med sentrums blikk, blir grunnlaget for denne autentisiteten bygd ned» (Bringslid, 2012, s. 30-31).

Etter at statusen som verdsarv vart stemd ned, har det vore fleire politiske debattar om kva som skulle skje med smelteverkstomta. Blant anna har det vore ulike tankar om kva som skulle gjerast med det som vert kalla «skalltaket», den største bygningsmassen på smelteverkstomta. Det har vore snakk om å lage busshaldeplass, konsertarena, skatepark, leikeplass eller gondolbane frå «skalltaket» og opp til Odda sitt høgaste punkt; fjellet Rossnos. Særleg har gondolbane vore diskutert, med ei sterk for-side og ei sterk mot-side. Grovt sagt meiner den eine sida at ein gondolbane vil løfte Odda som turiststad og få fleire til å kunne sjå utsikta over Odda, Folgefonna, Hardangervidda og Hardangerfjorden. I tillegg blir det sagt at det vil gje fleire arbeidsplassar og meir inntekt til handelsstanden i sentrum (Åsen, 2021). Dei som er imot meiner på si side at ein øydelegg naturområda til reinsdyra som held til på Hardangervidda, og at meir aktivitet i dette område vil skade dyra og andre delar av naturen. Dei meiner òg at ein gondolbane vil skape ein type masseturisme som ikkje vil vere bærekraftig i framtida, og at turistar helst vil oppleve urørt natur (Øygard Jaastad, 2021).

Det vart altså ikkje UNESCO-status i Odda, men delar av anlegget på smelteverkstomta er freda av Riksantikvaren. Nokon av bygga er rivne medan andre står att, og kommunen har lagt opp til ei blanding av både offentlege og private verksemder på tomta (Dahle Sjåstad, 2016). I dag finst det til dømes daglegvarebutikkar, elektrikarfirma, bilvaskehall, helsestasjon og kontor. I tillegg til litteraturhuset Sentralbadet, klatrehall, fagforeningskontor og vitskapssenter.

Politikk

Arbeidarpartiet har lenge vore det største partiet i Odda, men i 2011 fekk dei for første gong på 89 år ein Høgreordførar. Bakgrunnen var UNESCO-spørsmålet og debatten om riving eller bevaring av smelteverkstomta, og kor arbeidarpartiet stemte nei til UNESCO-status. I 2015 kom Arbeidarpartiet tilbake til makta og Roald Aga Haug (AP) er i dag ordførar i Ullensvang kommune. Gjennom politiske vedtak i kommunen har ein lagt planar for Odda og Ullensvang si framtid. Ein ynskjer i dag å ikkje berre lene seg på industri, men også turisme, handel og kulturopplevelingar. Odda marknadsfører også seg sjølv som meir enn ein industriby i dag.

Turisme

Dei siste åra har turismen igjen blitt ei viktig næring, og straumen av turistar har verkeleg skutt fart etter at Trolltunga, eit fjellutspring på 1100 moh i Tyssedal, 6 kilometer frå Odda sentrum, vart populært gjennom sosiale mediar. Mellom 2010 og 2016 har besökande til Trolltunga auka frå 800 til 80 000 (Fjelltveit, 2016). Dette hindra til dømes Hardanger hotell i Odda frå å gå

konkurs, og har gitt handelsstanden større inntekter. Mange privatpersonar leiger no ut boligane sine til turistar på AirBnB. I tillegg er siderproduksjon ei næring som fleire bønder frå Sørfjorden og i Ullensvang kommune satsar stort på. Næringa bring med seg turistar som ynskjer å oppleve siderproduksjonen og smake på sideren i Hardanger. «Siderbåten» tilbyr til dømes gardsbesøk, sidersmaking og båttur i eitt, og marknadsførar det som «Sidersafari» på sine nettsider. Fleire unge vaksne frå Sørfjorden ser no på siderproduksjon som ei attraktiv næring å arbeide i. På mange måtar er Hardanger blitt ei eiga merkevare, der naturen er ein særleg viktig del av marknadsføringa. Som nemnt, er det i dag blitt meir vanleg at norske bygder ynskjer å marknadsføre seg sjølv til eit publikum utanfrå (Bringslid, 2012).

Kulturliv

Odda er også dei seinare åra blitt ein populær stad for kulturinteresserte. Fleire kjende forfattarar kjem frå Odda, som Frode Grytten, Marit Eikemo og Lars Ove Seljestad. Frode Grytten tek til dømes utgangspunkt i livet rundt Smelteverket og bustadblokka Murboligen i Odda i romanen Bikubesong. I 2008 tok forfattar Marit Eikemo initiativ til å bruke Sentralbadet (som tidlegare var fellesgarderobe og bad for arbeidarane på Odda Smelteverk) som litteraturhus for Litteratursymposiet. Litteratursymposiet er ein litteraturfestival som fokuserer på heimstaddikting, arbeidarlitteratur og klassereise (Litteratursymposiet, u.å). Saman med Frode Grytten overtok Marit Eikemo bygget frå Odda kommune. Litteraturhuset i Odda er ein sosial samlingsstad for kulturinteresserte der det, i tillegg til litteraturfestivalar, vert arrangert «SFO for vaksne» (Sentralbadets fritidsordning, med spel og aktivitetar), lesesirklar og strikkekveldar med meir. Iris Scene ligg berre eit steinkast frå litteraturhuset og arrangerer jamlege konserter.

Fråflytting

I si «storheitstid» på 1960- og 70-talet var innbyggjartalet i Odda oppe i 10 000. Men i likhet med mange andre bygder i Noreg går innbyggjartalet no nedover. I dag er det rundt 4815 innbyggjarar (SSB, 2021). Difor snakkar mange om kva ein skal gjere for å snu dette - både i avisar, blant politikarar og blant vanlege folk. Nedgangen i folketallet skyldast i hovudsak ei eldrande befolkning, samstundes som andelen unge har blitt lågare (Distriktsenteret, 2011). Då Odda Smelteverk gjekk konkurs, vart det snakka om at det sterke fokuset på industri gjorde Odda sårbart. Difor burde ein ha fleire bein å stå på, som til dømes reiseliv og utdanning. Det måtte bli meir attraktivt for ungdom og gi fleire arbeidsplassar for kvinner, og særleg kvinner med høg utdanning, då sentraliseringa førte mange til byane (Sandal, 2017, s. 14).

I ein rapport frå OsloMet, «Ungdoms tilhørighet, trivsel og fremtidsplaner i Distrikts- Norge», kallar forskarane den typiske norske industribygda for «guttas bygd» då særleg jenter, uavhengig av klassebakgrunn, ynskjer seg vekk der i frå (Eriksen & Andersen, 2021, s. 11). Ein av grunnane til dette, trur forskarane, heng saman med at hyrnesteinsbedrifa ofte blir sett på som ein føresetnad for at bygda skal leve, og at statusen til dei som jobbar der, er høgare enn dei typiske kvinneyrkene ein finn i bygda. Også i Odda ser ein ei overvekt av menn i industrien. I følge SSB i 2019² var 24 prosent av alle sysselsette menn i Odda tilsett innan metallindustri, medan berre 6 prosent av alle sysselsette kvinner var tilsett i same næring. Av alle som arbeida innan metallindustri var det 18 prosent kvinner, medan det var 82 prosent menn. Samstundes var det klart størst andel kvinner innanfor det ein ofte ser på som «tradisjonelle kvinneyrker» innan kommunal sektor, slik som til dømes helse og omsorgstenester, barnehage og grunnskule (SSB, 2019). Dei typiske kvinneyrkene som til dømes sosionom, barnevernspedagog, lærar og sjukepleiar har i større grad enn mange typiske mannsyrker, i nyare tid fått krav om universitet- og høgskuleutdanning (Vogt, 2020). Dette kan vere ein av grunnane til at fleire unge kvinner flyttar frå bygdene.

Odda vidaregåande skule

Odda vidaregåande skule består av både studiespesialiserande og yrkesfaglege utdanningslinjer, og har om lag 250 elevar (Udir, 2021) som kjem frå heile Ullensvang kommune. Linjene dei tilbyr første året er bygg- og anleggsteknikk, elektro og dataknologi, helse- og oppvekstfag, teknologi- og industrifag, idrett og studiespesialisering. Om ein vel teknologi- og industrifag kan ein andre året velje å gå vidare på enten industriteknologi, kjemiprosess og laboratoriefag eller smedlinja. Smedlinja er den einaste i Noreg, og er ei landslinje der søkerar frå heile landet kan kome inn. Dei siste åra har fleire søkt seg til yrkesfaga ved Odda vidaregåande, og yrkesfaga har også størst andel av elevane. Årsaka til at yrkesfaga har blitt meir attraktive er uvisst, men det vart spekulert i om den aukande optimismen rundt industrien i Odda kunne vere ein av grunnane då eg besøkte skulen. Samstundes er det ein nasjonal trend at yrkesfaga får fleire søkerar no enn tidlegare (Regjeringen, 2022). Ein klår tendens ved skulen er at flest jenter vel helsefag og studiespesialisering, medan gutane vel fag som rettar seg mot industri. Sidan mange små bedrifter berre kan ta inn éin lærling om gongen, er det den kommunale helsesektoren og fabrikkane som tek inn flest lærlingar. Med synkande innbyggjartal vert også utdanningstilbodet for ungdommane i Odda mindre. Tidlegare hadde

² tala er henta frå 2019, då Odda framleis var ein eigen kommune.

skulen til dømes bilmekanikar-linje og barne og ungdomsarbeidarlínje, men desse blei lagt ned på grunn av få søkerar. Hausten 2022 vert også helse- og oppvekstfag midlertidig lagt ned på grunn av for få søkerar dette året (Øygard Jaastad, 2022).

Kapittel 3 - Metode

Dette kapittelet inneholder ei skildring av feltarbeids gang, oppgåva sine begrensningar, samt etiske og metodiske val som vart tekne undervegs i masterløpet.

Felten og begrensningar i feltet

Då eg flytta inn på ein hybel i Odda januar 2021 var planen i første omgang å få eit overblikk og å prøve å lære mest mogleg om staden. Eg hadde, saman med rettleiar, avtalt å møte med ein lokalpolitikar på førehand som skulle introdusere meg for ulike folk eg kunne ta kontakt med. Eg fekk fleire gode tips til både folk og ulike arrangement som skulle skje utover våren. Men etter eit par veker i felt, oppsto det eit stort smitteutbrudd med Korona i nabokommunen (Ulvik) og alle aktivitetar og planar vart avlyste. I denne perioden hadde eg eit par samtalar og intervju over telefon, då det var vanskeleg å treffe folk fysisk. Då samfunnet etter kvart byrja smått å opne opp att var eg på eit kort besøk på den vidaregåande skulen, etter å ha hatt kontakt med ein lærar der. Skulen skulle etter planen vere min viktigaste arena for å kome i kontakt med ungdommane i Odda. Her planla eg å drive både deltagande observasjon og å intervju elevane. Rundt påsketider oppsto det eit nytt smitteutbrudd. Denne gongen i Odda, og eg måtte vente med å kome på skulen. Innimellom nedstengingane fekk eg likevel moglegheit til å blant anna besøke kraftmuseet i Tyssedal, eg fekk besøke to gardar ute i Sørkjorden og eg fekk vere med på ei omvising på smelteverket saman med nokre skuleklassar. I tillegg var eg på ein lokal konsert og den årlege politiske litteraturfestivalen, Jernrosa. Då eg endeleg fekk vere til stades på Odda vidaregåande skule, byrja feltarbeidsperioden min i mai månad å nærme seg slutten. Eg prøvde likevel å bruke tida eg hadde igjen så godt som mogleg og fekk intervju fleire ungdommar der, samt knytte kontaktar med eit par elevar som eg trefte igjen då eg kom tilbake til Odda i desember 2021. Opphaldet i desember var meint som ei kort oppfølging til prosjektet kor eg hadde som mål å vere litt tettare på nokre av informantane utan omfattande koronarestriksjonar. Opphaldet varte eit par veker.

Å gjere feltarbeid «heime»

Tidlegare har antropologifaget vore definert gjennom det å reise til og studere «eksotiske» stadar. Jo lengre vekke forskaren var frå heimstaden sin, både geografisk og kulturelt, jo betre. I dag er ikkje denne ideen like gjeldande i antropologien, blant anna på grunn av økt globalisering og Vesten si aukande innflytelse på samfunn rundt om i verda. Verda har blitt «mindre» og meir kompleks, og ein kan dermed like gjerne studere «forskjellar» i nærleiken av

der ein kjem frå (Peirano, 1998). Å gjere feltarbeid i sin eigen kultur, inneber å studere delar av si eiga verkelegheit. Ein fordel i slike studiar er at ein ikkje treng å lære seg eit nytt språk. I tillegg kan det vere lettare å ta utgangspunkt i ei verkelegheitsforståing lik si eigen, då ein vil ha mykje til felles med folka ein studerer. Samstundes kan ein stå i fare for å blir blind for det kulturelle uttrykket og dermed ta mange forhold for gitt. Til dømes kan spørsmål som burde ha vore utforska ikkje bli stilt, fordi spørsmåla blir vurdert som sjølvsagte (Wadel, 1991, s. 18-19). Sjølv er eg frå ei lita bygd på Vestlandet og har med meg erfaringar som har mange likheitstrekk med det å vokse opp på ein stad som Odda. Samstundes skil Odda seg frå kystkommunen eg har vaks opp i når det kjem til arbeidarhistorie og mykje av det politiske, sosiale og kulturelle knytt til dette. I min oppvekstkommune i Sunnhordland har industri også vore ei viktig næring, men det har kanskje først og fremst vore ein stad kor ein har livnært seg av fiske og anna sjøfart. I tillegg har det vore innslag av til dømes pinserørsler, som ikkje har fått det same fotfeste i Odda. Slik sett har eg som feltarbeidar og mine informantar dimensjonar av ein felles kultur, men kan samstundes kome frå forskjellige del-kulturar (Wadel, 1991, s. 19).

Etikk

I prosjektskisse-prosessen blei det vurdert om Odda som stad skulle anonymiserast. Det er fleire grunnar til at ein anonymiserer staden ein utfører eit feltarbeid. Hovudsakleg er det for å beskytte informantane, og særleg i eit lokalsamfunn kan det vere viktig, då personar lett kan bli identifisert fordi «alle kjenner alle» (Hopkins, 1996, s. 124). MaryCarol Hopkins (1996) skriver i artikkelen «*Is anonymity possible?*» at det kan oppstå fleire etiske dilemma for antropologar som studerer små lokalsamfunn. I sin studie av søraust-asiatiske flyktningar i eit lite lokalsamfunn i USA, skriv ho til dømes at ho på den eine sida burde anonymisere namnet på den etniske gruppa ho studerer og det vesle samfunnet dei bur i, sidan dei på mange måtar er ei sårbar gruppe. På den andre sida har denne etniske gruppa ei distinkt traumatisk historie, som er viktig å skildre for å forstå deira oppleving av å vere flyktningar i USA. Også Odda har ei særeigen historie som er ein viktig del av forståinga av staden og menneskja i min studie. Gjennom å anonymisere Odda som stad vil mykje av konteksten rundt mine informantar forsvinne. Difor vert det vurdert at stadnamnet skulle kome fram. Personlege namn på informantar i mi oppgåve er derimot anonymisert. Det er brukt pseudonym som namn på elevane, og eventuelle samanfall mellom dei fiktive namna og namn på elevar ved Odda vidaregåande skule er i så fall tilfeldig.

Gjennom feltarbeidet og i oppgåveskrivinga har eg følgt Norsk Senter for Forskningsdata (NSD) sine råd om behandling av personopplysningar. Særleg sensitive personopplysningar har vore forsøkt unngått. I forkant av skuleoppphaldet henta eg ein mal for samtykkeskjema frå NSD sine nettsider. Denne malen tilpassa eg mitt prosjekt og delte ut til elevane i dei klassane som eg hadde fått tilgang til gjennom lærarar og skuleadministrasjon. Alle elevane som er intervjuia i denne oppgåva har gitt skriftleg samtykke til å vere med i prosjektet. Andre informantar og kontaktpersonar har gitt munnleg samtykke.

Metode

Som nemnd var det fleire begrensningar i feltarbeidet som gjorde at eg måtte ta visse val for korleis oppgåva skulle bli. Koronapandemien og nedstengingar av samfunnet satte ein stoppar for det å bli skikkeleg kjent med folk, og vanlege møteplassar var stengde under store delar av opphaldet mitt. I tillegg var planen å bruke mest mogleg tid på den vidaregåande skulen for å lettare få «innpass», og for bli kjend med, ungdommar i Odda. Planen var også at eg gjennom å vere til stades på skulen over tid skulle få bli kjend med elevar slik at eg også kunne vere med dei på fritidsaktivitetar utanfor skuletida. Men på grunn av at skulen lenge var «på raudt nivå», vart altså dette vanskeleg.

Tida eg hadde på skulen gjekk først i å presentere meg for lærarar, elevar og andre tilsette. Deretter var eg til stades nokre timer der elektroklassane på VG1 og VG2 hadde praksis på arbeidsverkstaden, og der kjemiprosessklassen (VG2) hadde klasseromsundervisning. Eg valde å fokusere på dei linjene som rettar seg mot industri. Ikkje alle desse elevane hadde eit mål om å arbeide innan industri, men den generelle tendensen var at dei hadde ynskje om å arbeide på fabrikk eller i oljeindustrien. Linjene som rettar seg mot industri hadde også ein tendens til å tiltrekke seg flest guitar, og følgjeleg er også dei fleste av informantane mine det.

Deltakande observasjon er ein grunnleggande metode innan antropologi (Bernard, 2017, s. 272), men grunna tidsavgrensninga (og i nokon høve ei begrensning i antal personar som kunne samlast i eit klasserom som følge av pandemien) vart det mest fruktbare å bruke datamaterialet frå intervju i analysen. Intervju som metode var også noko både lærarar og elevar hadde lettare for å forstå og forholda seg til. Lærarane la difor til rette for at eg kunne ta med meg ein og ein elev ut av klasserommet for å intervju dei. I nokre klassar var det i tillegg mange elevar som ikkje ynskja å delta i studien. På grunn av dette vurderte eg det slik at å skrive ned observasjonar og notatar i timane ville verke ukomfortabelt for elevane, sjølv om eg då sjølvsagt ville ha unngått å skrive noko om elevane som ikkje hadde samtykka til dette. Dette vart også nemnt

for dei. Notatane som vart skrivne ned i etterkant frå observasjonane i klasseromma og ved verkstaden vart difor ikkje like fyldige som intervjuaterialet.

I antropologiske studiar er gjerne intervju ein metode som vert brukt for å bekrefte det ein har forsøkt å undersøke gjennom deltakande observasjon (Hockey, 2002, s. 210). Om eg hadde følgt den opprinnelige planen med å samla inn det meste av datamaterialet gjennom deltakande observasjon, ville nok studien sett annleis ut enn slik den endte opp med å bli. Gjennom eit klassisk feltarbeid ville eg nok for det første kunne ha sagt meir om det sosiale kartet i Odda som heilheit. Kven oppheld seg kor, kven er sentrale personar, korleis er det sosiale rommet (Bourdieu, 1995), og kva er dei ulike grupperingane mellom folk. Her kunne det analytisk vore interessant å sett på forskjellar når det gjeld til dømes kjønn og klasse. Når det gjelder ungdommane i Odda kunne eit tradisjonelt feltarbeid ha gitt ei meir utdypande skildring av deira identitetsdanning og kulturelle uttrykk som er vanskeleg å fange opp gjennom eit intervju. Til dømes ville kulturelle distinksjonar mellom ungdommar frå «fjorden» og dei som er vakse opp i Odda, eller subgrupper som «rånarane» i byen vore interessant å utforske nærmare.

Som tidlegare nemnt, skildrar eg avslutningsvis i oppgåva ein liten case der eg brukte deltakande observasjon som metode. Denne casen illustrerer eit lite innblikk i korleis oppgåva kunne sett ut gjennom eit lengre og meir tradisjonelt antropologisk feltarbeid.

I min studie er altså intervju hovudmetoden, medan datamaterialet samla gjennom deltakande observasjon og andre kjelder er eit tilskot til dette. Intervjua med elevane er semistrukturerte. Spørsmåla vart utforma på førehand og elevane fekk omtrent dei same spørsmåla (Bernard, 2017, s. 164-165). Sidan intervjua helst burde bli utført i løpet av ein skuletime som læraren hadde satt av, og kor det var eit større antal elevar som skulle intervjuast, vurderte eg denne forma for intervju som det mest hensiktsmessige. Eg intervjuet 15 elevar frå elektrolinja VG1, tre elevar på elektrolinja VG2 og fem elevar på prosess og kjemi VG2. Intervju med elevar frå teknikk og industriell produksjon VG1 eller industriteknologi VG2 vart ikkje mogleg å få til då desse var ute i praksis i bedrifter i tida eg var på skulen. Men eg rakk å få vere med dei i ein skuletime før feltarbeidets slutt. Smedlinja på Odda vidaregående er ei landslinje med elevar frå heile Noreg. Grunna tidsavgrensinga og at studie primært skulle omhandle ungdommar frå Odda, prioriterte eg ikkje å kome i kontakt med desse elevane. Men eg fekk helse på dei og sjå dei arbeide inne på verkstaden under omvisninga av smelteverkstomta, då verkstaden ligg i eit av bygga ved den nedlagde fabrikken.

Intervjua varte frå cirka 15 min til 45 min avhengig av kor villige elevane var til å svare utdjupande på spørsmåla. Eg prøvde å gjere intervjeta så avslappa og lite formelle som mogleg, og stilte elevane spørsmål som kva dei likar å gjere på fritida, kva slags framtidsplanar dei har eller kva slags tankar dei gjorde seg då dei skulle velje utdanning. Eg trur likevel intervjustituasjonen og utfyllinga av samtykkeskjema kunne oppfattast som skummelt og formelt for nokon, og at dette kan ha påverka ungdommane til å vere litt tilbakehaldne i samtalane. Kanskje var dette også ein av grunnane til at det var nokon som valde å ikkje la seg bli intervjuet i det heile. I tillegg har nok tidsperspektivet hatt mykje å seie for datamaterialet eg har samla inn og samtalane med elevane. Eg skulle gjerne hatt meir tid til å intervju elevane fleire gongar over ein lengre periode. I tillegg skulle eg også gjerne ha intervjeta elevane fra studiespesialiseringsslinja ved Odda vidaregåande skule. Det ville nok gitt ein betre komparativ analyse av forskjellane mellom dei som hadde planar om å studere seinare og dei som valgte å bli fagarbeidarar på yrkesfaglinjene. Analytisk ville dette også gitt ei enda breiare forståing av kva kjønn har å seie i ungdommane si identitetsdanning, då flest jenter vel studiespesialisering på den vidaregåande skulen. Opphaldet vart heller ikkje langt nok til at elevane «gløymde at eg var til stades» i undervisninga slik som gjerne skjer i eit lengre feltopphold. Samstundes er intervjeta likevel nyttige. Elevane som vart intervjuet hadde ein lågare terskel for å ta kontakt med meg etterpå, og kontakten i og utafor klasseromma kom meir naturleg i etterkant. I tillegg til at intervjeta har blitt ein stor del av oppgåva, har antalet intervju som vart utført også gitt meg ei viss oversikt over yrkesfagelevar i Odda sine tankar rundt utdanningsval, framtidsplanar og kva slags verdiar dei ser på som viktige.

To elevar ynskja også å vere med meg utafor skuletida. Desse trefte eg fleire gongar på kaféar og rusleturar. Dei viste meg rundt i Odda og brukte tid på å snakke om liva deira i ein mykje mindre formell setting. Den eine av desse flytta frå Odda etter sommaren. Den andre vart etter kvart det eg rekna som min hovudinformant og, som nemnt, ein eg seinare trefte igjen då eg reiste tilbake til Odda i desember 2021. Denne gongen var koronarestriksjonane ikkje like strenge, og eg fekk blant anna vere med på fest saman med venene hans. Denne festen vart skildra gjennom ein «case» avslutningsvis i oppgåva.

Ei fenomenologisk tilnærming

Fenomenologi er ein filosofisk retning med utspring frå Edmund Husserl på byrjinga av 1900-talet. I ettertid har fleire filosofar og vitskapsfolk utvikla forståinga av fenomenologi. I antropologifaget har særleg Martin Heidegger si forståing av omgrepene hatt stor innflytelse gjennom hans førestilling om «*væren-i-verden*» (Heidegger 1996 i Zigon & Throop 2021).

Heidegger ynskja å gå vekk frå oppfatninga om at menneske er definert som eit rasjonelt menneske og skilt frå ein spesifikk kontekst. Dette illustrerer han gjennom omgrepene «Dasein» («eksistens» på norsk), i staden for å bruke ordet «menneske». Heidegger meinte at mennesket (Dasein) er eit *relasjonelt* vesen, og at det å eksistere alltid vil omhandle relasjonen til andre, både menneskjer og «ting» (Zigon & Throop, 2021).

Den franske fenomenologen Maurice Merleau-Ponty tar denne relasjonelle tilnærminga vidare ved å fokusere på kroppen, då han hevda at ein føresetning for å kunne «erfare» verda er gjennom den relasjonelle kroppen (Zigon & Throop, 2021). Pierre Bourdieu (1977) sin teori om habitus spring ut frå denne forståinga. Bourdieu forsto fenomenologi som ein epistemologi som tek det menneskelege subjekt som metodologisk utgangspunkt (Ram & Houston 2015, s. 5).

Fenomenologiske tilnærmingar i antropologien har særleg blitt synleg gjennom antropologane Thomas Csordas og Michael Jackson sine arbeider (Leistle, 2017, s. 702). Csordas (1990), inspirert av Merleau-Ponty, har argumentert for at kroppen ikkje berre bør studerast som eit *objekt* i relasjon til kultur, men som eit *subjekt*, då kroppen framfor alt er grunnleggande for menneskje si eksistens. Jackson (1996) har blant anna utforska antropologisk eksistensialisme, og definerer fenomenologi slik:

Phenomenology is the scientific study of experience. It is an attempt to describe human consciousness in its lived immediacy, before it is subject to theoretical elaboration or conceptual systematization (Jackson, 1996, sitert i Ram & Houston, 2015, s. 5).

Fenomenologi i antropologifaget søker å utforske korleis menneske erfarer verda det lev i, og tek utgangspunkt i menneskeleg bevisstheit og kroppsleg erfaring. Vidare forsøker ein gjerne å formidle kulturelle meininger forma av symbolsystem, narrativ eller diskursar. Ei slik tilnærming vil vere nyttig i mitt studie. Gjennom å ta utgangspunkt i dei subjektive oppfatningane som mine informantar uttrykker i intervjuet, vil deira individuelle erfaringar gi uttrykk for kulturelle meininger som til dømes standardiserte forteljingar om kva det vil seie å leve eit godt liv eller oppfatningar om kva som er naturlege eller akseptable praksistar i deira spesifikke kontekst.

Kapittel 4 – Fellesskap

I dette kapittelet vil eg greie ut om innhaldet i arbeidarfellesskapet som Sverre Lysgaard skildrar i boka *Arbeiderkollektivet* - ein klassikar innanfor sosiologisk forsking. Vidare undersøker eg kva slags førestillingar om fellesskap mine eigne informantar gir uttrykk for, og om desse oppfatningane er i endring.

Arbeidarkollektivet

Slik Lysgaard ser det, har kjensla av fellesskap historisk vore ein viktig del av arbeidarrørsla si politiske kraft. Det var fellesskapskjensla som samla folk til fagforeningsarbeid og som etter kvart vart omgjort til formelle fellesskap. Forløparen til det formelle fellesskapet var altså det uformelle arbeidarfellesskapet og dei kulturelle og sosiale prosessane som inngjekk i det. Her var det til dømes forventningar til kva ein «god arbeidskamerat» skulle vere (Lysgaard, 1961, s. 125).

Då Lysgaard (1961) gjorde feltarbeid på papirfabrikken Peterson og Søn i Moss identifiserte han ein sterk solidaritet og lojalitet mellom arbeidarane på fabrikken. I tillegg oppdaga han at arbeidarane på mange måtar stod i eit motsetningsforhold til funksjonærane og leiinga. I følge Lysgaard oppstod *Arbeiderkollektivet* som ein form for beskyttelse mot det han kallar det teknisk/økonomiske system (bedrifta), og alle krava som det menneskelege system (arbeidarane) blei møtt med. Krava var til dømes å arbeide effektivt og spesialisert eller å utføre einsidige arbeidsoppgåver. I tillegg kunne ein erstatte ein arbeidar med ein som var betre eller som var villig til å arbeide for lågare lønn. Men som arbeidar (og menneske) har ein ikkje endelaus arbeidskapasitet, og i møte med eit slikt press vil ein søkje føreseielege forhold, sikkerheit og stabilitet. Fellesskapet blir eit vern for dette presset. Vi skal sjå litt nærmare på korleis arbeidarane sine førestillingar om fellesskap kom fram i Lysgaard sin studie.

Lysgaard oppdaga eit skilje mellom arbeidarane og leiinga då arbeidarane hadde ein tendens til å snakke om «oss» og «dei andre» i intervjuet. Ein arbeidar som vart forfremja til formann blei sett på som «ein av dei andre». Som formann blei han ein «ny person», fordi han blei ein som «ein må rette seg etter» (Lysgaard, 1961, s. 97). Ein formann skulle kontrollere sine underordna ved å gje dei ordre, ris og ros, noko som var vanskeleg å kombinere med eit nært kameratskap. Tidlegare hadde ein kanskje røykt saman som arbeidskameratar, men som formann måtte ein begynne å kjefte på dei som sat å røyka. Det kunne bli vanskeleg å stille seg i respekt til arbeidarane når dei visste at han «ikkje var betre sjølv». Slik sett kunne det ende med at han

ikkje blei sett på som formann, sjølv om han hadde andre plikter til bedrifta enn det arbeidarane hadde (Lysgaard, 1961, s. 98-99). Det var altså ein oppfatning om at når ein arbeidar blei forfremja til formann gjekk han frå å tilhøyra «oss» til å tilhøyra «bedrifta». Slik sett var det ein konflikt mellom arbeidarane og bedriftsleiinga.

Skilje mellom arbeidarane og leiinga låg i kven som hadde rett til å ta avgjersler og kven som ikkje hadde det. Arbeidskameratane var alle dei som ikkje kunne bestemme. Det var berre leiinga som kunne ta val på vegne av bedrifta. Difor kunne det bli sett på som eit svik om ein av arbeidskameratane forsøkte å late som at han hadde rett på å ta avgjersler angåande produksjonen eller til personleg vinning. Då kunne han risikere å bli kritisert for å vere overlegen, betrevitande eller ein som trudde han *var* noko – og ikkje minst: at han var «bedriftas mann», og ikkje ein av «oss» (arbeidskameratar) (Lysgaard, 1961, s. 106).

Som nemnt handla motsetninga mellom leiinga og arbeidarane om at arbeidarane kjende på kontroll og vurdering som ein trussel frå dei overordna. Samstundes var ikkje det å bli vurdert og kontrollert i *fellesskap* og som *gruppe* sett på som like problematisk som det å vurdere og kontrollere *den enkelte* arbeidar. Arbeidarane verdsette produktiv innsats, og ein god arbeidskamerat burde også vere fagleg flink. Men det var når ein enkelt arbeidar fekk skryt at det blei eit problem. Då vert det sett på som ei problematisk favorisering som ville blitt kritisert av dei andre arbeidarane. Til dømes var det å arbeide overtid eller jobbe ekstra hardt når formannen var i nærleiken noko som leiinga satt pris på, men som arbeidarane ville sett på som mistenkeleg. Dei fleste arbeidarane gjekk heller heim frå arbeid litt før tida, og nokon gongar kunne ein arbeidar sette seg i mot formannen for å tydeleggjere at han var «innanfor» hos arbeidarane (Lysgaard, 1961, s. 107-109). Det var ein ide om at ein ikkje skulle stikke seg ut, ikkje tru at ein var betre enn andre og at alle skulle vere på same nivået i eit egalitært fellesskap.

Trivsel på arbeidsplassen var det viktigaste for arbeidarane, og trivsel kom berre gjennom eit godt kameratskap. Kameratskapet vart skildra som det som knyta arbeidaren til bedrifta. I intervjuet blei det ofte sagt at arbeidskameratane var «som ein familie». Ein god arbeidskamerat var som ein «bror» og arbeidskameratane var som ein «søskensflokk». Samstundes var det, i denne samanhengen, ei anna type forståing av orda enn det ein vanlegvis ville forbunde med «familie» og «bror», fordi det her handla det om å stå skulder ved skulder og å vere solidarisk i front mot ein «motpart». Det handla om å ikkje berre tenke på seg sjølv og sine eigne interesser (i møte med bedrifta), men å tenke på arbeidarfellesskapet sine interesser (Lysgaard, 1961, s. 110-111). Til dømes kunne ein arbeidar bli sanksjonert om han jobba raskare enn dei andre eller

om han utførte arbeidskameraten sitt arbeid utan at dei først hadde vore samde om det. Då kunne han bli sett på som ein overlegen og därleg arbeidskamerat, og han kunne risikere å bli utfryst. Dei andre arbeidskameratane ville prøvd å holde hemmelegheiter vekk frå han, fordi han kunne formidle opplysningar om den enkelte sine svakheiter vidare til leiinga. Ein slik arbeidskamerat var ein som ein ikkje kunne stole på og som ein må «halde ein forretningsmessig tone med», fordi han blei sett på som «bedrifta sin mann» og ikkje ein av «oss». Ein god arbeidskamerat derimot, var ein som haldt tett (Lysgaard, 1961, s. 111). Om ein skulle snakke med formannen eller leiinga skulle ein berre snakke om det som måtte til for å utføre arbeidet. Ein kunne ikkje snakke om private ting og kontakten mellom arbeidarane og leiinga burde berre skje når det var høgst nødvendig. Hadde ein for mykje med formannen eller bedrifta å gjere, kunne det true kameratskapet. For jo meir bedrifta visste om ein arbeidar, jo meir kunne dei «bruke han» og ha «taket på han» (Lysgaard, 1961, s. 116-117). Arbeidarfellesskapet i Lysgaard sin studie handla altså, som nemnt, om ei forestilling om «oss» (arbeidarane) i opposisjon til «dei andre» (bedrifta/leiinga). Verdiar knytt til likskap, solidaritet og kameratskap var med på å halde fellesskapet saman og skjerma arbeidarane frå presset ovanfrå.

Arbeidarfellesskap i Odda: «Då prata vi då!»

Det er grunn til å tru at det fanst eit likande arbeidarfellesskap også i Odda. Då eg kom i kontakt med ein tidlegare smelteverksarbeidar ved Odda Smelteverk under mitt felterebid, fortalte han om korleis arbeidarane stilte opp for kvarandre ved å ta kameraten sitt skift, i ei tid der det var mykje alkohol i omløp i Odda.

På 70-tallet kom det båtar som hadde med seg alkohol. Så gjekk vi ned på kaien og henta med oss alkoholen. Og mange var rusa på jobb. Det var ikkje lovleg sånn sett, men så lenge ein var i stand til å jobbe, så gjekk det. Vi hadde eit veldig sterkt fellesskap. Det var sånn at visst ein hadde drukke for mykje, eller ikkje klarte å jobbe vidare, så kunne vi spørje ein av dei vi jobba med om ikkje han kunne ta kveldsvakta for oss. Og det gjorde dei. Vi stilte opp for kvarandre.

For å beskytte arbeidskameraten mot konsekvensane av å vere rusa på jobb, tilbydde ein seg å ta kameraten sitt kveldsskift. Ein kunne også byte jobb innbyrdes. Om nokon ikkje var heilt i form, så kunne ein byte arbeidsoppgåver for å avlaste arbeidskameraten ved å tilby han ei enklare arbeidsoppgåve. Utsegna «vi hadde eit veldig sterkt fellesskap» handlar om arbeidarane

seg i mellom, men kan kanskje også tolkast som i opposisjon til leiinga, slik Lysgaard skildrar Arbeidarkollektivet, då det å ikkje vere i stand til å arbeide grunna rusen mest sannsynleg ville blitt sinksjonert av dei overordna på fabrikken. Når ein «stiller opp for kvarandre», slik den tidlegare smeltearbeidaren skildrar, står ein sterke saman i mot leiinga enn som enkelperson. Samstundes var kanskje ikkje skilnaden mellom «oss» og «dei andre» like sterkt i Odda som mellom arbeidarane og leiinga i Lysgaard sin studie. I alle fall ikkje mellom formann og arbeidar. Smelteverksarbeidaren fortel til dømes at formennene kunne halde tett om alkoholbruken:

Eg hugsar det var ein episode der det kom ein båt inn, og vi fekk høyre det at dei hadde både øl og brennevin. Så eg og ein annan fór ned, og så skjenkte vi oss litt. Men så kom vi for seint opp igjen [til smelteverket]. Då vi kom opp igjen stod formannen og gjorde jobben vår, og så seier han at: «dåke må faen meg ikkje komma her å tygga på pastillar og tru at eg ikkje veit kva dåke har gjort!». Men det blei inn forbi oss. Det var ikkje noko rapportering vidare. Formennene hadde jo ikkje noko ynskje om at folk skulle få sparken eller noko slikt.

Det kan vere fleire grunnar til at skilje mellom arbeidar og formann i Odda ikkje var like sterkt som i Moss. Det kan vere at det her er snakk om ulike tiår og at maktstrukturane hadde endra seg. I tillegg kunne kanskje slike sosiale strukturar utspele seg ulikt frå fabrikk til fabrikk.

Ørnulf Gulbrandsen (1983) har samanlikna arbeidarkollektivet i Lysgaard sin studie med arbeidarar i Årdal. Han peiker nettopp på at det kan vere variasjonar i korleis arbeidarkollektivet utfolder seg. Under sitt feltarbeid på byrjinga av 1970-talet opplevde han til dømes at arbeidarane ikkje kontrollerte kvarandre for å avgrense kontakta med leiinga, slik som arbeidarane i Moss, der relasjonen mellom den enkelte arbeidar og bedrifta måtte gå gjennom fellesskapet. Til dømes var det ikkje nokon som reagerte om ein arbeidarar tok seg ein prat med ein ingeniør, og dei hadde ikkje noko term om å «ha ein formann i magen» (Gulbrandsen, 1983, s. 73). Gulbrandsen peiker på ei viktig endring som skjedde etter Lysgaard sin studie i Moss og før sin studie i Årdal. I 1966 vart det einigheit mellom partane i arbeidslivet om at ein skulle styrka samarbeidet mellom arbeidarar og bedrift. Slik skulle ein auke effektiviteten i produksjonen, noko som ville kome både arbeidarane sjølv og bedrifta til gode (Gulbrandsen, 1983, s. 64). I denne samanheng vart det oppretta såkalla samarbeidsutval der representantar kunne legge fram sakar som arbeidarane ynskja å ta opp. Men desse utvala var prega av interessekonflikt, heller enn samarbeid. Blant anna opplevde ikkje arbeidarane at deira synspunkt vart tatt omsyn til, og dei følte seg «*utmanøvrert* ved at ingeniørene utnytter sitt

overtak mht. informasjonstilgang, formuleringsevne og mulighet til å gjøre de reelle maktrelasjoner gjeldende» (Gulbrandsen, 1983, s. 68). I tillegg førte innføringa av samarbeidsutvalet til at arbeidarane sine problem vart handtert som enkeltsaker gjennom tillitsapparatet, og at dei dermed sjeldnare tydde til kollektiv mobilisering (Gulbrandsen, 1983, s. 77).

I følge Gulbrandsen kan ein her sjå motsetningane mellom arbeidarane og bedrift, slik som hos Lysgaard. Det er også gjennom irritasjonen over å ikkje bli høyrd at dei uformelle relasjonane mellom arbeidarane kjem fram og at ein dermed kan snakke om eit arbeidarkollektiv. Arbeidarane kunne til dømes uttrykke at: «...de hører ikke på hva vi har å si, de bare forsøker å trumfe igjennom sitt eget» (Gulbrandsen, 1983, s. 69), og opererte med eit tydeleg skilje mellom «oss arbeidarane» og «bedrifta/bedrifta sine folk». Det grunnleggande hos både arbeidarane i Årdal og arbeidarane i Moss er ein konflikt og ei motsetning mellom arbeidarar og bedriftsleiing. Men, som nemnt, så diskuterer ikkje arbeidarane i Årdal arbeidsoppgåver eller vurderer kvarandre sitt arbeid, slik som hos Lysgaard. Ein av grunnane til dette er at arbeidet vert opplevd som svært uinteressant og repetitivt. I staden handlar samtalane deira om planlegging av fisketurar, diskusjon av nyheiter, sport eller forteljingar om jakthendingar, noko som understreker ei verdsetting av det uformelle fellesskapet (Gulbrandsen, 1983, 75). I tillegg har arbeidarane eit anna fysisk arbeidsmiljø enn bedriftsleiinga. Dei arbeider til dømes på skift, under skitne forhold, har andre arbeidstidreglar og arbeidsinstruksar. Dermed er det ikkje berre gjennom kommunikasjon at kontrastane kjem til syne (Gulbrandsen, 1983, s. 76). Eit anna døme på kontrasten mellom arbeidarane og bedriftsleiinga, og som også skapte føresetning for dannning av arbeidaridentitet, var at medan arbeidarane motsette seg konkurranse eller individuell belønning og såg på det som øydeleggande for kameratskapet, såg ingeniørane på konkurranse og individuell belønning som noko positivt og noko som kunne motivere til betre yteevne. Ingeniørane identifiserte seg også i stor grad med bedrifta sine målsetningar (Gulbrandsen, 1983, s. 78).

Gulbrandsen argumenterer som nemnt for at det var eit arbeidarkollektiv også i Årdal. Dette kom blant anna til uttrykk gjennom arbeidarane si konseptualisering og deira sosiale relasjonar. Bedriftsleiinga sine krav om prestasjon og arbeidarane si oppleveling av å ikkje bli hørt gav grobotn for konflikt både hos arbeidarane i Årdal og blant arbeidarane i Lysgaard sin studie. Men konfliktsituasjonane som følgde etter dette var altså forskjellige i dei to tilfellene. Arbeidarkollektivet kan dermed komme til uttrykk på forskjellige måtar i ulike bedriftssamanhangar, i følge Gulbrandsen (Gulbrandsen, 1983, s. 78-79).

Då eg spurte den tidlegare smelteverksarbeidaren kva han tenkte var den største forskjellen på Odda før i tida, samanlikna med i dag, vart nettopp det sosiale fellesskapet trekt fram. Det var eit mykje sterkare samhald før - ikkje berre på jobb, men også elles i Oddasamfunnet:

Den største forskjellen er at før kunne ein gå ut i sentrum og treffen folk. Det var alltid nokon på dei tre restaurantane her Merkur, Iris eller Hjørna. Der spelte vi Brigde. Det var tre Bridgeklubbar i Odda. Eller så var vi berre sosiale. Då opna restaurantane klokka ti på formiddagen og stengde klokka tolv på kvelden og der fekk du med deg det siste [...] [Men] no er Odda nesten dødt; det er nesten ingen ute på kvardagane [...] Det var mykje meir av den samankomsten, den kontakten. Og ein prata ansikt til ansikt då eg vaks opp. Før møttes alle, om ein var 18 eller 60 år. Vi var ein samansveisa gjeng. Det var litt annleis den gongen... Går du ut i dag så er det liksom mobiltelefonar... alle sit med kvar sin mobiltelefon og det er viktig å fortelje kva ein held på med og kva ein drikk og sende til dei som ikkje er der. Sånn var det jo ikkje før. Då prata vi då!

På 70- og 80-talet var Odda eit samfunn der brorparten av innbyggjarane enten var arbeidarar sjølv eller var frå ein arbeidarfamilie, og Odda var difor eit tydeleg «arbeidarsamfunn». Mykje av dei sosiale normene som utspelte seg på fabrikken, vil nok også ha spreidd seg vidare ut i andre delar av kvardagslivet og i lokalsamfunnet elles. I boka «Odda: eit arbeidsfolk fortel» fra 1988 kan vi lese om munnlege forteljingar frå perioden 1906-1940 skrivne ned i forbindelse med dåverande Odda kommune sitt 75-års jubileum og prosjektet «Odda Industriadmuseum og arkiv». I denne perioden før andre verdskrig var forskjellane mellom arbeidarar og funksjonærar merkbart også utafor fabrikkområde. Som nemnt innleiingsvis i oppgåva, budde arbeidarane i arbeidarbustadar som var skilte frå der funksjonærane budde. Arbeidarane samlast i Folkets hus, medan funksjonærane hadde ulike foreiningar dei var med i, som tennisklubbar og velgerdsforeiningar. Det var lite sosial kontakt mellom arbeidarar og høgare funksjonærar. Sjølv om dei sterke klassekilnadanane minska då sosialdemokratiet og velferdsstaten i etterkrigstida byrja å vekse fram (Trædal, 1988, s. 94), vil nok fleire av dei sosiale normene frå «arbeidarkulturen» framleis vere til stades på 70- og 80-talet i Odda. Til dømes arbeidarfellesskapet, som den tidlegare smelteverksarbeidaren fortel om.

Men er arbeidarfellesskapet vekke i dag? Då Odda Smelteverk gjekk konkurs var det mange arbeidarar som mista arbeidsplassen sin. Nokon fekk ny jobb på andre fabrikkar eller bedrifter i Odda, nokon flytta vekk, medan andre vart ståande arbeidsledige. Det fellesskapet

som fanst på smelteverket, blei nok i stor grad viska ut etter dette, då arbeidarane blei spreitt rundt andre stadar. Samstundes kan møteplassar utanfor fabrikken som kafear, uteplassar eller restaurantar ha vore stadar der ein kunne oppretthalde noko av fellesskapet som gjekk tapt ved fabrikken. I tillegg er det altså framleis to fabrikkar att i Odda, så staden er ikkje heilt avindustrialisert. Føresetningane for at eit arbeidarfellesskap kunne utspele seg på dei resterande fabrikkane var nok til stades etter nedlegginga av smelteverket også. Samstundes var «alle gjengs eining om at det beste miljøet var på smelteverket» i følge den tidlegare smelteverksarbeidaren. Han var heldig og fekk seg ny jobb. Men det var mange som hadde det tøft i etterkant. Konkursen gjekk ikkje berre ut over dei som arbeidde på smelteverket, men òg dei bedriftene som selde varer og tenester til smelteverket vart råka.

I introduksjonskapittelet argumenterer eg for at ei kjensle av framandgjering og meiningsstap (Bringslid, 2012) frå arbeidarane si side kan ha vore ei medverkande årsak til splittinga som oppstod i tida etter smelteverkskonkursen. Og kanskje var det nettopp ei kjensle av å miste eit fellesskapet som låg til grunn for at Arbeidarpartiveljarane ynskja å rive bygningsmassen til Odda Smelteverk. Dei som var imot UNESCO-status meinte at ei freding av industriområdet ville føre til ei stagnering av Oddasamfunnet om ein ikkje kunne røre bygningane. Dei var redde for at det ville stå i vegen for andre nyetableringar, som vart sett på som det som kunne få «liv i Odda igjen». Ein annan smelteverksarbeidar fortel:

Dei som ville bevare smelteverkstomta ville at det skulle vere akkurat slik som det var. Men det betydde jo at ein ikkje kunne røre noko av det. Det måtte berre stå der og forfalle [...]. Eg synes det var forferdeleg trist å sjå at den finaste tomta i Odda berre visnar vekk. Vi ville jo utvikle det. Gjere det til noko folk vil bruke. For eksempel gjere det til ein ny og fin symjehall.

Det at arbeidarane sjølv var tilhengrarar av å rive den tidligare smelteverksfabrikken, og som Sandal (2017, s. 85-88) skriv at kan oppfattast som eit paradoks, handla kanskje om ein motstand mot å «dvele ved det som var». Det kan hende at arbeidarane innsåg at det som hadde betydd noko for dei; arbeidarfellesskapet og kameratskapet, uansett var borte vekk og fortapt. Medan sjølve fabrikken og bygningsmassen var mindre viktig. Det var ikkje det materielle som betydd noko, men det sosiale samhaldet, slik som Lysgaard sine informantar skildra kameratskapet som det viktigaste på arbeidsplassen og det som knytte arbeidarane til bedrifta. Kanskje var det å byggje ein ny symjehall eit håp om å skape eit nytt «Odda-fellesskap», det

vil seie, eit Odda som liknar det som var arbeidarfamiliane sitt domene, og kor (arbeidar)fellesskapet stod sterkare.

I ein samtale med ein anna industriarbeidar som jobbar på ein av fabrikkane i Odda i dag, fortel også han om eit sakn etter eit sosialt fellesskap. Vi snakkar om arbeidsmiljøet på fabrikken då han starta å arbeide der, samanlikna med no. Industriarbeidaren fortel at:

Det verkar som at det er kjekkare for nokon å sitta på mobilen og plinga på den, ikkje sant. Og den tar mykje tid. Og den tar mykje av fellesskapet som vi hadde før, som vi ikkje har så mykje av no.... Den tar veldig mykje av fellesskapet.

«Folk er ikkje så til stades med mobiltelefonen?»

Nei, det er det dei ikkje er. Så er det at det er meir interessant å plukka på den enn å prata med sidemannen av og til. Og det er jo ein uting, men det er berre sånn det er blitt.

«Gjelder det dei unge eller dei vaksne?»

Ja, nei... For å vere heilt ærleg er det vel mest dei unge då. Det er jo det. Men... Ja. No har jo alle vi vaksne også fått oss sånn stor mobil. Vi sitt no og plukkar på den vi òg. Sant, men ikkje på den måten. Så før når eg begynte der [på fabrikken] så var vi jo mange fleire folk på skiftet, og då spelte vi kort. Vi var jo som ein stor familie. Det var jo kjekt å gå på jobb av og til. Det er det jo no òg, men på ein anna måte då [...]. Det er vanskelig å få til no. No er det to og to mann plassert rundt om på sin avdeling og så blir det... Vi har eigentleg ikkje tid til å setje oss ned å spele kort. Det er blitt meir arbeid.

Også denne industriarbeidaren skildrar det sosiale fellesskapet i dag som svakare enn før. Tidlegare var det sosiale fellesskapet som «ein stor familie», kor det var kjekt å gå på jobb og kor ein hadde tid til å sette seg ned for å spele kort. At kameratskapet på fabrikken vart skildra som «ein stor familie», kjenner vi igjen frå *Arbeiderkollektivet* (1961). Både den tidlegare industriarbeidaren frå Odda Smelteverk og industriarbeidaren på ein av dei noverande fabrikkane i Odda trekk fram mobiltelefonen som ein av grunnane til at fellesskapet ikkje er like sterkt som før. Sistnemnte trekk også fram at det i dag er færre folk på kvar avdeling og at det dermed har blitt meir arbeid enn før. Dette kjem eg tilbake til i neste kapittel.

Oppfatningar av ungdomsfellesskap i Odda: «Friare før»

Då eg intervjuja yrkesfagelevane ved Odda vidaregåande skule og spurte dei kva dei tenkte var den største forskjellen mellom det å vokse opp i Odda i dag, samanlikna med då deira foreldre vaks opp, var det ei oppfatning om at foreldra var «friare» og del av eit større ungdomsmiljø enn det ungdommane i dag opplever. Frode, ein av elevane på yrkesfag i Odda, fortel:

Pappaen min snakkar heile tida om korleis det var når han var liten eller ungdom. Og han seier det var eit mykje større ungdomsmiljø. Det var mange fleire folk som budde her då [...]. Han snakkar mykje om at ungdomslivet var veldig annleis. Mykje friare. Dei gjorde meir.

Thea oppfatta det som mindre strengt før:

Eg trur det var litt mindre strengt [før i tida]. Dei kunne liksom gjera litt meir kva dei ville på fritida og sånt utan å hamne i for mykje trøbbel. Mamma er frå fjorden, og dei dreiv jo... altså dei gjorde meir sprell før i tida. Dei dreiv å sykla nedover... og eg har høyrt mange slike historier der dei spring på gardane til folk. Og så kjem det ein sånn sint bonde ut og ja... og så har eg høyrt mykje frå pappa der dei hadde mykje «ring på spring». Mykje slikt. Eg trur dei hadde ein god oppvekst.

Anders synes også det verkar å vere fleire reglar å forholda seg til i dag, samanlikna med tidlegare:

Sånn som eg har høyrt så var det kanskje litt meir frihet med litt forskjellige ting. Med at politiet ikkje var så mykje til stades og forskjellig. At det liksom var litt meir friare reglar på den tida, enn det er no.

Susanne nemner mobiltelefonen, slik som industriarbeidarane også gjer. Ho meiner teknologien er det som utgjer den største skilnaden mellom det å vere ungdom i dag, samanlikna med før, og at foreldregenerasjonen hadde det lettare enn deira generasjon. «På kva måte var det lettare?», spør eg.

Alt. Å finne vener til dømes. Eg føler folk ikkje var så dømmande før, slik som folk er no. Det er liksom slik at uansett kva, så blir du dømt for alt mogleg. Og så er det så mykje rykte og alt mogleg. Det verkar eigentleg kjekkare på den tida.

«Kva trur du er grunnen til at det var så annleis før?»

Teknologien. Eg lever jo i telefonen min. Det gjer vel vi alle. Før så hadde dei jo nesten ikkje telefonar ein gong. Det var kanskje ein trykketelefon liksom, når dei byrja å bli litt eldre... Mamma var mykje meir aktiv verkar det som. Sånn som no kan vi jo sitte inne å sjå på film, i staden for å stikke ut å spele fotball, liksom. Dei var berre meir aktive, og var meir ute og slikt. Dei trengte ikkje å bekymre seg med sosiale mediar og å legge ut biletar og alt det her styret. Det var ikkje noko slikt då. Du berre gjorde det du gjorde, på ein måte.

På same vis som industriarbeidarane opplever at «Oddafellesskapet» og fellesskapet på fabrikken er blitt svakare, verkar det som at ungdommane også saknar ein form for fellesskap som dei meiner foreldra deira kjende på. Dei meiner at foreldregenerasjonen hadde eit større, meir aktivt og sosialt ungdomsmiljø enn det dei sjølv opplever. At ein var «friare før» inneber at foreldregenerasjonen kunne vere fri til å drive med frivole aktivitetar saman med ungdomsgjengen, utan å møte dei same sanksjonane som ungdommane ville blitt møtt med i dag³. Når Anders til dømes nemner politiet som ein begrensning for det å vere fri, handlar det her om ei spenning mellom «fridom» og «kontroll». Torleif nemner også politiet, slik som Anders, og belyser korleis det kan skape «konflikt» i kameratskapet. Det vart nemnt i ein samtale om dei ulike linjene på Odda vidaregåande skule:

Eg kjenner jo nokon som går studiespesialiserande, og han eine skal bli politimann. Og mange av oss er jo imot politimenn. Eller ikkje akkurat imot, men det er ikkje slik at vi likar dei heller. Men altså, han er jo òg imot politimenn akkurat no. Ikkje på den måten at vi hatar dei, men...

Arbeidarane i Lysgaard sin studie nemner nettopp dette at når ein arbeidskamerat som ein er oppvaksen med blir formann, kan det samanliknast med at barndomskameraten blir politi i

³ Det er verdt å nemne at eg opplever informantane som lovlydige ungdommar, og at eg ikkje antyder at ungdommane driv med ulovlege handlingar.

heimbyen (Lysgaard, 1961. s. 99). Det blir vanskeleg å fortsatt vere kameratar i ein slik situasjon fordi det oppstår eit uproporsjonalt maktforhold kor ideen om likskap blir utfordra. Det tidlegare «ungdomsfellesskapet» i Odda kan ikkje direkte samanliknast med arbeidarfellesskapet, men det kan seiast å handle om ein type fellesskap «nedanfrå», på lik linje som arbeidarfellesskapet. Lysgaard nemner til dømes at dei sosiale strukturane og normene som skapar *arbeidarkollektivet* kan oppstå andre stadar også, som i ein skuleklasse der elevane er dei underordna og kor dei kan vere i opposisjon til læraren eller skuleleiinga (Lysgaard, 1961, s. 125). Så når ungdommane i Odda ikkje får den same moglegheita til å vere «frie» slik som foreldra på grunn av strengare reglar og sosiale normer, vert ungdomsfellesskapet svakare.

Gjennom Lysgaard sin analyse av arbeidarkollektivet har vi sett korleis det kan oppstå eit sosialt system på fabrikken, der arbeidarane skapar eit fellesskap seg i mellom og i motsetning til dei lenger oppe i systemet. Eit liknande sosialt system ser også ut til å ha vore til stades på smelteverket i Odda, men med eit svakare skilje mellom leiinga og arbeidarane, og kor formennene i større grad blei sett på som ein del av kameratskapet. Gjennom Guldbrandsen (1983) sin studie frå Årdal har vi sett at eit arbeidarkollektiv nettopp kan utarte seg på ulike vis. Ungdommane eg intervjuia i Odda er ikkje arbeidarar, men elevar i utdanning. Likevel kan ein bruke Lysgaard sin analyse av det sosiale systemet som oppstår i *arbeidarkollektivet* til å trekke parallellear til det ungdomsmiljøet ungdommane skildrar. Både dei eldre og dei yngre informantane opplever at ulike sosiale fellesskap i Odda er blitt svakare enn tidlegare, enten det er i ungdomsmiljøet, på fabrikken eller elles i Oddasamfunnet. Vi skal sjå nærmare på kva som kan vere årsakene til dette i neste kapittel, og kva det har å seie for identitet og identitetsdanning.

Kapittel 5 – Identitet i moderniteten

Med bakgrunn i førige kapittel, kor vi såg at informantane sine førestillingar om fellesskap vart opplevd som svakare enn tidlegare, vil eg i dette kapittelet ta for meg teoriar om individualisering av samfunnet og korleis identitetsskapinga i følge desse teoriane får nye føresetningar i det moderne samfunnet.

Fellesskapskjensle i endring?

Mange samfunnsvitarar argumenterer for at inntoget av nyliberalismen på slutten av 70-talet har hatt stor betyding for korleis vi lev liva våre i dagens samfunn. Omgrepet nyliberalisme har blitt forstått gjennom ulike teoretiske rammeverk, men antropologar deler omtrent det same empiriske synet på fenomenet i følge Mathieu Hilgers (2010):

They apply the term to a radicalised form of capitalism, based on deregulation and the restriction of state intervention, and characterised by an opposition to collectivism, a new role for the state, an extreme emphasis on individual responsibility, flexibility, a belief that growth leads to development, and a promotion of freedom as a means to self-realisation that disregards any questioning of the economic and social conditions that make such freedom possible (Hilgers, 2010, s. 352)

Nyliberalisme er altså ein ekstrem form for kapitalisme som er mest mogleg fri frå statleg styring og regulering. I tillegg representerer nyliberalismen på mange måtar motsette verdiar av det arbeidarkollektivet hos Lysgaard representerer, då den framhevar konkurranse og individuelt ansvar, medan arbeidarkollektivet verdsett verdiar knytt til likskap, kollektiv solidaritet og eit egalitært kameratskap. I følge Lindisfarne og Neale (2016) vert også fagforeiningar svekka og velferdsordningar trappa ned under nyliberalismen, samt at bedrifter forsøker å effektivisere slik at arbeidarar må arbeide raskare og hardare (Lindisfarne & Neale, 2016, s. 29). Nyliberalisme vert sett på som ein ideologi og ein «governmentality»⁴ som påverkar måten vi tenkjer og samhandlar på (Cornwall, 2016, s. 7-8). Denne måten å sjå nyliberalismen på, der nyliberalisme blir sett på som ein type hegemonisk kapitalisme som breier seg ut og dominerer på same vis over heile kloden, vert kritisert og nyansert av Aihwa Ong (2007). Ho hevdar at nyliberalisme kan utarte seg på ulikt vis i ulike kontekster, kor til

⁴ I Michel Foucault sin betydning av omgrepet, kor individet internaliserer ein styringsmentalitet og regulerer og kontrollerer seg sjølv i samsvar med denne mentaliteten.

dømes religion og tradisjon kan «presse» eit nyliberalistisk uttrykk i forskjellige retningar, og kor andre styresett kan samanflettast med nyliberale idear. Nyliberalisme er ikkje ein hegemonisk og hierarkisk ideologi som gir dei same politiske resultata alle stadar, og kor utfallet er statisk og determinerande, i følge Ong. Ho argumenterer for at nyliberalisme heller kan bli sett på som ein «assemblage» (frå Deleuze og Guattari 1980): ein meir flytande ideologi og som migrerer og blir tatt opp selektivt i ulike politiske kontekster (Ong 2007). I Kina til dømes, vert delar av nyliberalistisk «governmentality» promotert til eit fåtal av befolkninga som skal gjere seg synleg i den globale marknaden, samstundes som desse, i tillegg til vanlege folk i Kina, er patriotiske i tråd med ein sosialistisk statspolitikk (Ong, 2007, s. 6).

At Odda Smelteverk gjekk konkurs og vart flytta til Kina er eit døme på korleis kapitalismen og globaliseringa sine krefter fekk direkte konsekvensar for innbyggjarane i Odda. Etter konkursen kjøpte den kinesiske fabrikken Ningxia Darong Group opp det kjemiske utstyret i dicyfabrikken ved Odda Smelteverk. Slik skulle den kinesiske fabrikken doble si eiga produksjon, samt rasjonalisere drifta (Dahle Sjåstad, 2003). Lønnsemda til Odda Smelteverket var därleg fleire år før konkursen, og bedrifta hadde allereie kutta ned på fleire hundre arbeidsplassar. Samanlikna med andre lågkostland var konkurransen for tøff til at smelteverket kunne fortsette i Odda. Oddasamfunnet si framtid var på mange måtar i kapitaleigarar og internasjonale konjunkturar sine hender.

Globalisering og nyliberalistiske prosessar kan også ha hatt fleire innverknadar i Odda. At industriarbeidaren frå førige kapittel opplever at det er blitt meir arbeid fordelt på færre arbeidarar på fabrikken, kan vere eit resultat av rasjonaliseringar som har som hensikt å auke produktiviteten. Dette kan igjen gi nye føresetningar for danninga av fellesskap. Også det at ein ikkje lenger har tid til å setje seg ned for å spele kort saman i arbeidstida, inngår i ein større tendens der tida kollegaer og medarbeidarar brukar saman vert mindre, samanlikna med tidlegare (Dahl-Jørgensen & Rapport, 2012, s. 4). Dette kan også skape nye forhold for danninga av identitet.

Carla Dahl-Jørgensen og Nigel Rapport (2012) har tematisert arbeidsplassen si rolle i identitetsdanninga. Dei skriv at etter industrialiseringa har det rådd ein tanke om at vi er den vi er gjennom arbeid, og at arbeid og identitet er tett knytt saman. Arbeidsplassen har vore ein stabil setting kor ein hadde faste gjeremål, utførte rutineprega aktivitetar og ein hadde gjerne ei tydeleg arbeidsfordeling med rettigheitar og plikter. Arbeidarar kunne finne meinung gjennom sosialt samvær, kle seg og snakke på same måte. I tillegg var arbeidsplassen ein stad kor ein

kunne dele felles myter og forteljingar (Dahl-Jørgensen & Rapport, 2012, s. 2). Det har blant anna vore hevda at arbeidsplassen på mange måtar kan sjåast på på same måte som antropologar ser på «samfunn», sidan arbeidsplassen kan ha liknande sosial organisering som ein landsby eller eit samfunn i miniatyr. Til dømes vil ein arbeidsplass, lik ein landsby, ha element som tid og rom, system og normer for rekruttering, nettverksbygging og vedlikehald av gruppa. Både arbeidsplassen og landsbyen har vore ein viktige arena for kjensla av tilhøyrslle og ei stabil identitetsdanning (Aguilera, 1996, s. 737; Dahl-Jørgensen & Rapport, 2012, s. 2).

Men denne forståinga av arbeid og identitet må modererast, i følge Dahl-Jørgensen og Rapport. I det post-moderne samfunnet flyttar bedrifter og arbeidarar seg både geografisk og strukturelt: selskap vert omstrukturert og omorganisert, og off-shoring og outsourcing er meir og meir vanleg. I tillegg skjer det interne endringar der avdelingar og einingar vert slått saman, nedbemanna eller nedlagt (Dahl-Jørgensen & Rapport, 2012, s. 3). Den ideelle arbeidaren er ikkje lenger ein industriell, stabil og «disiplinert arbeidar», og arbeidarar sin identitet er ikkje lenger primært knytt til eit kollektiv. I det post-moderne samfunnet er den ideelle arbeidaren ein som er i stand til å tilpasse seg og vere fleksibel. Han eller ho må vere villig til å endre seg både emosjonelt og kognitivt, på tvers av tidsmessige og romlege grenser (Martin, 2000 referert i Dahl-Jørgensen & Rapport, 2012, s. 3-4).

Guy Standing (2011) har i likhet med Dahl-Jørgensen og Rapport peikt på at det er vanskelegare å danne ein stabil identitet og yrkesidentitet i det post-moderne samfunnet. Han argumenterer for at born av den tradisjonelle arbeidarklassen, i tillegg til migrantar og høgt utdanna unge, i dag er i ferd med å danne ein ny sosial underklasse som han kallar *prekariatet*. I møte med globaliseringa er folk i desse gruppene særleg utsatt for lave lønningar og svake arbeidsforhold, noko som gjer at dei lev i konstant usikkerheit og lev svært uføreseielege liv. Eit særleg poeng, i følge Standing, er at deira identitet også er prega av usikkerheit, då dei ikkje har moglegheit til å konstruere ein identitet knytt til eit bestemt yrke. Sidan industri vert flytta til lågkostland, vert også den tradisjonelle arbeidarklassen i Vesten mindre og mindre. Ungdom og unge med arbeidarklassekarakter, som er ein del av prekariatet, ynskjer å leve det same livet som deira foreldre, men har stadig færre moglegheiter til å gjere det, blant anna på grunn av høgare krav til utdanning eller på grunn av industri som vert flytta til andre stadar i verda.

Fleire aspekt ved nyliberalismen ser ut til å drive samfunnet i ei meir individualisert retning. Samstundes meiner sosiologen Ulrich Beck at individualiseringa av samfunnet starta før nyliberalismen vart gjeldande på 1970-talet. Han deler individualiseringa inn i to ulike

historiske fasar. I den første fasen vert individet frigjort frå føydale sosiale strukturer og religiøse dogme, og finn nye kollektive levemåtar i det industrielle samfunnet. I den andre fasen, kor vi er no, frigjer individet seg frå industrisamfunnet og må skape seg sjølv og leve eit eige liv. Institusjonar som tidlegare gav individet retning og tryggleik, som sosial klasse, familie, etnisk gruppe eller kvinnelege og mannlege rollemodellar, har ikkje lenger den same determinerande innflytelsen på individet sitt liv, sjølv om desse institusjonane fortsatt eksisterer (Sørensen, 2013, s. 41). Når Beck skriv at individet er lausriven frå sin sosiale klasse, meiner han ikkje at sosial ulikhet har forsvunne, men at den kollektive klasseidentiteten er individualisert og ikkje like sterk som tidlegare fordi individet no må produsera sin eigen identitet og meining i livet (Sørensen, 2013, s. 46) Med andre ord meiner Beck at dei sosiale klassane ikkje lenger er i stand til å bygge ei kjensle av kollektivisme, noko som igjen har betydning for korleis ein som individ forstår seg sjølve (Walker & Roberts, 2018, s. 6-7).

Identitetsdanning i moderniteten

Omgrepet identitet i akademisk samanheng har lenge vore diskutert og det finst mange definisjonar. Richard Jenkins (2008) kallar identitet for *sosial identitet*, då han meiner identitet ikkje er noko som finst i kraft av seg sjølv, men som noko som blir skapt i møte med andre. Sosial identitet, i følge Jenkins, handlar både om eins eigen forståing av seg sjølv, men òg sjølvet sitt forhold til miljøet ein oppheld seg i. Forventningar i gruppa ein tilhører og samfunnet forøvrig er også med på å forme eins identitet. Sosial identitet er noko som blir skapt i den konteksten ein er i, og er dermed ikkje noko statisk (Jenkins, 2008, s. 1-8).

I likheit med Jenkins, meiner også Anthony Giddens at identitet ikkje er noko statisk, men noko som kontinuerlig må bli skapt i takt med samfunnsendringane. I boka *Modernity and Self-identity* (1991) definerer Giddens *sjølv-identitet* som individet si refleksive forståing av seg sjølv (Giddens, 1991, s. 53). Med det meiner han at i moderniteten må individet reflektere over sin eigen identitet og andre eksistensielle spørsmål i mykje større grad enn tidlegare generasjonar (Fauske, 1998, s. 200). Individet står ovanfor fleire val og endringar i det post-tradisjonelle samfunnet, og difor er også individet sitt sjølvbilete vanskelegare å handtere. Ein må stadig ta stilling til kven ein skal vere, kva ein skal gjere, og korleis ein skal handle (Fauske, 1998, s. 205). Slik sett er både Giddens og Beck eining i at identitetsdanninga i det moderne samfunnet handlar om å ta individuelle og aktive val, kor ein er ansvarleg for sitt eige liv, medan ein tidlegare, og historisk sett, har vore prisliggitt identitetar frå sine foreldre og eins lokalsamfunn. Det moderne mennesket er altså mykje meir lausriven frå den tradisjonelle

identiteten som ofte var knytt til kjønn, klasse, familie og lokalsamfunn, i følge både Giddens og Beck.

Kristoffer Vogt (2018) er ein norsk sosiolog som har forska på menn frå arbeidarklassen med yrkesfagleg utdanning, og som har analysert deira yrkesval i lys av Giddens sine individualiseringsteoriar. Han har blant anna utført ein studie der han intervjuar to grupper med menn som utdanna seg i to ulike tidsperiodar. I intervjuet spurte han om deira tankeprosess rundt val av utdanning og framtidig arbeid. Han fant ut at den gruppa av menn som utdanna seg i åra 1968 til 1978 ikkje snakka om individuelle val, slik som gruppa med menn som var utdanna i åra 1998 og 1999. Gruppa som vart utdanna tidlegast av dei to, oppgav bekjentskapar, gode praktiske ferdigheiter og tilfeldigheitar som grunnar til at dei fekk arbeid, medan gruppa som vart utdanna seinare fortalte om utdanningsval som var i tråd med individuelle interesser, praktiske ferdigheiter og råd dei fekk av andre. Den yngre gruppa tok eit aktivt val, og kan difor seiast å vere meir individualiserte enn den eldre gruppa med menn som vart utdanna tidlegare.

I boka «Arbeidsløyse som ressurs» av sosiolog og forfattar Lars Ove Seljestad, skildrar han ‘Frontløberne’ i Danmark som døme på frisatte, individualistiske og sjølvrealiserte ungdommar, slik Giddens skildra det moderne menneske. Frontløberne var eit kreativt og nyskapande kultur- og ungdomsmiljø som hadde fokus på arbeid og ein alternativ handtering av arbeidsløyse for unge i Århus. I arbeidsorganisasjonen (Frontløberne) fanst det både arbeidslause ungdommar på sosialstønad, tilsette og frivillige (Seljestad, 1997, s. 12). Arbeidet inneholdt ulike former for prosjektarbeid, kor dei arrangerte kulturelle happeningar og foredrag (Seljestad, 1997, s. 120). Seljestad skildrar ungdommane som *sjølvrealiserte* (i betydinga sjølvutvikling) der dei gjennomgår ein prosess kor dei ynskjer å skapa seg sjølv og sin eigen identitet gjennom arbeidet. Arbeidet skal vere sjølvrealiserande i form av at interesser og lyster skal spegle innhaldet i det dei gjer (Seljestad, 1997, s. 71). Dei vektlegg stor grad av *autonomi*, ved at dei sjølv skal vera fri til å bestemma korleis dei skal bruka evnene sine. Difor skal også den enkelte sjølv definera si eiga stilling, og vere heilt utan detaljstyring frå anna hald. Arbeidstida er fleksibel og arbeidet kan utførast der det passar den enkelte. Dei er opptatt av det Seljestad kallar eit *kommunikativt sosialt fellesskap* kor den enkelte kan vere med å ta avgjersler og kommunisere sine idear og interesser med dei andre. Kvar enkelt person sine innspel har like stor betydning og verdi, og det skal kunne vere opent for å legge fram dei arbeids- eller livsutfordringar ein står ovanfor i det sosiale fellesskapet (Seljestad, 1997, s. 72). I lys av Giddens og Beck argumenterer Seljestad for at ungdommane treng tid til å finne ut kven dei er

og kva dei vil, fordi dei no er lausriven frå foreldra og oppvekstmiljøet sine ambisjonar om kva dei skal gjere med livet sitt. Dermed er Frontløberne ein arena kor dei unge kan eksperimentere og utforske kven dei skal vere. Det auka kravet til utdanning har ført til at overføringa av yrkesmessig identitet frå foreldre til born ikkje lenger er like sterk. Dei tradisjonelle banda er blitt løyst opp i moderniteten, og individet kan skapa sin eigen identitet (Seljestad, 1997, s. 124-125)

Då Seljestad byrja på si doktoravhandling, studerte han ungdommar i Odda, kor han sjølv er oppvaksen. I artikkelen «Frisatt eller forankra?» publisert i Sosiologi-Nytt i 2003, skildrar han nokre av funna i studien kor han intervjuar ungdommar som utdanna seg til å bli platearbeidarar og sveisarar, prosessoperatørar og omsorgsarbeidarar frå 1996 til 1998. Med sin erfaring frå Danmark vert han overraska over kor lite teoriar om individualisering, detradisjonalisering og kulturell frisetting passa desse ungdommane si identitetsdanning og livsverdiar. Han fant heller ungdommar som knytta identiteten sin til tradisjonelle livsprosjekt som familie og lokalsamfunn. Yrkesvala var til dømes svært kjønnsdelte; jentene valte å bli omsorgsarbeidarar, medan gutane valte platefag og sveisefag. Kjemisk prosessfag hadde elevar av begge kjønn, men likevel ei overvekt av gutter. Dei ville ha læreplass i den same bedrifta som faren, og utdanningsvala var generelt i tråd med foreldra si eigen utdanningsbakgrunn. Dei var opptatt av sosial trygghet i form av gode kollegaer og godt kameratskap på jobben, god løn som gav materiell sikkerhet, og kontinuitet med familie og oppvekstmiljø. Dei ville tidleg ut i arbeidslivet og likte ikkje teori på skulen. Dei drøymde om å få bygga eller kjøpe sitt eige hus eller leilegheit som 19 åringer, etablere seg tidleg og dei var glade for at utdanninga var ferdig snart (Seljestad, 2003).

Seljestad sine informantar, som vart intervjuar for nærmare 25 år sidan, er mine informantar sin foreldregenerasjon. Difor er det interessant å spørje: Korleis kjem ungdommane i Odda si identitetsdanning til uttrykk i dag? Er den, slik som i Seljestad sin studie, i tråd med tradisjonelle verdiar som til dømes set kameratskap framfor individuell karriere, eller har det skjedd ei endring slik ein kan få inntrykk av gjennom mine informantar sine oppfatningar om at fellesskapskjensla har blitt svakare?

Kapittel 6 – Identitetsskaping

I dette kapittelet utforskar eg kva som er viktig for mine informantar i val av utdanning og deira framtidvisjonar, samt kva slags verdiar som ligg bak desse vala. Vidare stiller eg spørsmålet: i kor stor grad kan desse sosiale og kulturelle verdiane seiast å vere reproduksjon av verdiar, nedarva frå foreldregenerasjonen og i så fall, korleis kjem dette til syne i intervjuet? Dette vert diskutert opp i mot Seljestad sine funn frå Odda og Århus, samt Pierre Bourdieu og Paul Willis sine teoriar om sosial og kulturell reproduksjon.

Identitet i samspel med kultur og klasse

Identitetsdanning heng saman med eit kvart individ si tilhøyrslle til ei gruppe eller ein kategori som har liknande livsstil, verdiar, språk og normer. Marianne Gullestad (1989) forstår identitet som ei gjensidig påverking mellom eins eigen forståing av seg sjølv og kulturen ein er ein del av:

Sosial identitet er møtepunktet mellom kulturen og selvet: Kulturen manifesterer seg i karakteristiske handslingsskjemaer, holdninger, vaner, kort sagt de mønstre som beskriver en persons erfaringer og som tillater ham/henne å formulere seg som et selv (Gullestad, 1989, s. 104).

Ein av dei som er mest kjente for denne måten å forstå samspelet mellom kultur og individ på er Pierre Bourdieu. Bourdieu (1977) bruker omgrepene *habitus* for å karakterisere korleis kulturelle strukturer blir lært og erfart gjennom kvardagslege handlingar og korleis desse blir internalisert og kroppsleggjort. Habitus kan seiast å vere eit system eller eit sett med disposisjonar som styrer eit individ sine praksisar og oppfatningar. Kvart enkelt individ tileignar seg ein type habitus gjennom sosialiseringa og omgjevnaden det veks opp i.

Ein slik kontinuitet med oppvekstmiljø og familietradisjonar som Seljestad (2003) skildrar blant ungdommane i Odda, kan seiast å vere det Bourdieu kallar for *kulturell reproduksjon*. Kulturell reproduksjon er ein sosial prosess der normer, verdiar og praksisar vert overført frå generasjon til generasjon, og kor individ blir plassert inn i visse kategoriar, posisjonar og åtferdsmønster gjennom ubevisste handlingar og tankemønstre (Bourdieu 1973). Kulturell reproduksjon heng ofte saman med *sosial reproduksjon*, kor sosial bakgrunn eller klasse også går i arv. Bourdieu er særleg opptatt av sosial og kulturell reproduksjon i utdanningssystemet. Til dømes korleis arbeidarklasseelevar ender opp i arbeidarklasseyrker,

samt at born frå overklassen overtar makt og status i samfunnet frå sine foreldre. Bourdieu forklarer dette gjennom kulturelle mekanismar som nettopp habitus, men også *kulturell kapital*. Kulturell kapital er ein form for kunnskap eller ein måte å ha kunnskap om verda på. Det kan vere idear, språk, smak eller disposisjonar og vanar som er med på å legitimere forskjellar i makt og status (Bourdieu, 1986, 1995). Bourdieu meiner at skulesystemet favoriserer ein grad av kulturell kapital som ikkje alle elevar har lik tilgong til eller moglegheit til å opparbeide seg (Bourdieu, 1973).

I likheit med Bourdieu, argumenterer også Paul Willis (2016) for at skulen forsterkar og reproducerer sosiale og kulturelle strukturer som barn og unge har med seg heimanfrå, i staden for å vere ein egalitær og utjamnande institusjon som motarbeider sosial ulikhet, slik det ofte har vore hevda at den offentlege skulen skal vere. Men medan Willis legg ein kulturell agens til grunn i sin analyse, og dermed legg større vekt på individet si evne til å handle ut i frå si frie vilje (Collins, 2009, s. 36), meiner Bourdieu at sosial reproduksjon er ein prosess som skjer gjennom strukturar på ulike nivå. Bourdieu meiner at ytre kulturelle strukturar vert internalisert og etter kvart blir om til ein person sin habitus, i tillegg til at personen sine handlingar blir eksternalisert gjennom relasjonane i det sosiale feltet personen tilhøyrar. Dermed er både agens og struktur ein viktig del av Bourdieu si forståing av sosial reproduksjon.

Boka til Paul Willis, *Learning to Labour: How Working Class Kids Get Working Class Jobs* (2016), er ein klassikar innan forsking på utdanning og arbeidarklasseidentitet. Willis utførte eit etnografisk feltarbeid i Storbritannia der han følgde tolv arbeidarklassegututar (omtala som «the lads»). Han observerte korleis arbeidarkulturen gutane hadde med seg heimanfrå var framand frå den kulturen dei møtte i skulesystemet, og korleis gutane skapte ein motkultur mot skulen sine forventningar og autoritetar. Til dømes kunne dei gjere opprør og vise motstand gjennom å trakassere lærarar eller andre elevar, røyke eller skryte av seksuelle aktiviteter. I tillegg motsette dei seg teoretisk læring og arbeid, i opposisjon til den dominante kulturen på skulen. Dette skapte ei kjensle av solidaritet og identitet blant arbeidarklassegutane. Solidariteten og motstanden som Willis skildrar har likheitstrekk med *arbeidarkollektivet* i Lysgaard (1961) sin studie. Begge studiane skildrar danningsa av uformelle fellesskap der det oppstår eit «oss» og «dei andre», og kor fellesskapet er eit uttrykk for ein overordna klassestruktur (Valestrand, 2021, s. 51).

Klasse har gjerne vore eit sentralt tema innanfor sosiologifaget, då sosiologien sitt primære fokus har vore å studere industrielle, kapitalistiske samfunn. I antropologifaget har ein historisk sett tatt for seg ikkje-vestlege og ikkje-kapitalistiske samfunn, og dermed sett på andre

hierarkiske differensieringar, som til dømes kaste, klantilhørsle, etnisitet eller kjønn (Waldrop, 2005, s. 63). I nyare tid har antropologien likevel byrja å ta for seg spørsmål om klasse, blant anna på grunn av den aukande globaliseringa som gjer at fleire og fleire «tradisjonelle samfunn» blir meir eller mindre påverka av kapitalismen. I tillegg har fleire vestlege antropologar byrja å studere sine eigne samfunn som følge av Edward Said (1978) sin orientalismekritikk som sette lys på dei problematiske sidene ved å studere «dei andre» og maktbalansen som har ligge i det (Waldrop, 2005, s. 64).

Korleis ein skal definere og forstå klasse har lenge vore diskutert blant sosiologar og samfunnsvitarar, men ein klassikar innan klasseteori er sjølvsagt Karl Marx. Han definerte klasse ut frå tilgangen til produksjonsmidlane, og skilte mellom borgarskapet, som eig produksjonsmidlane, og arbeidarane, som må selje si arbeidskraft til borgarskapet. For Marx var klasse forankra i den økonomiske relasjonen til eigedom og produksjon i samfunnet. Han meinte, i likhet med ein annan klassikar innan klasseteori, Max Weber, at relasjonen mellom klassane alltid vil vere i ein interessekonflikt. Max Weber definerte også klasse ut i frå økonomiske ressursar og interesser, men la i tillegg vekt på marknadsposisjon og moglegheitene til å få tak i gode. Klasse er i følge Weber basert på tilgangen til både eigendom og yrkesposisjon (Ljunggren & Nordli Hansen, 2021, s. 36). Han delte klassane inn i fire i staden for to: kapitalistar, småborgarar, middelklassen og arbeidarklassen. Nyare forståingar av klasse er inspirert av desse klassikarane, og Pierre Bourdieu kan seiast å ha vidareført særleg Weber sine perspektiv. Han tek utgangspunkt i ei breiare tilnærming til klasse, og definerte klasse ut i frå tilgangen til tre ulike kapitalar og mengda av desse: 1) *økonomisk* kapital som omhandlar verdipapir, inntekt og eigendom, 2) *sosial* kapital som er eins sosiale nettverk og ressursar i form av kontaktar, og 3) *kulturell* kapital. Kulturell kapital omhandlar, som vi har vore inne på, kunnskap i ei vid forstand der til dømes språk, smak og livsstil er sentrale element. Men ein kan også tilegne seg kulturell kapital gjennom høgare utdanning (Ljunggren & Nordli Hansen, 2021, s. 38). Med innføringa av Bourdieu si forståing av klasse, og særleg gjennom omgrepet kulturell kapital, har koplinga mellom kultur og klasse kome nærmare antropologiens fagfelt. Dermed har også fleire antropologar byrja å studere nettopp klasse (Waldrop, 2005, s. 64).

Identitet og kultur er tett knytt saman med kvarandre, då identitet blir til i ein kulturell kontekst. Dei teoretiske tilnærmingane som omhandlar sosial og kulturell reproduksjon prøver å analysere korleis sosiale relasjoner blir reproduksjon, ofte med fokus på klassebakgrunn. Også

mine informantar kan seiast å identifisere seg med visse kulturelle verdiar, arva frå foreldregenerasjonen.

Sosial reproduksjon: «Eg kjem til å bli fjerde generasjon på fabrikken»

Mine informantar valde i stor grad utdanning i tråd med foreldre eller andre familiemedlemmer sine utdanningsval. Magnus, til dømes, fortel at han har søkt lærlingplass på begge fabrikkane i Odda. Det var naturlig for han å gjøre det, for om han fekk jobb på Boliden (den eine fabrikken), så blei han den fjerde generasjonen som jobbar der. Også Kåre fortel at han valde elektrolinja, akkurat som faren:

Eg var eigentleg ganske usikker på kva eg skulle gå. Men så snakka eg litt med pappa og slikt då, han er jo elektrikar. Han sa at visst du likar å vere praktisk med hendene og ha litt teori innimellom, så er dette ei kjekk linje. Og då tenkte eg at det var det som verka mest interessant. Han fortalte korleis det var på linja, kva du kan gjøre vidare og litt sånt.

Sigurd går òg elektrolinja. Far hans er mekanikar og jobbar på den eine fabrikken, kor broren også er lærling:

Eg visste ikkje heilt kva anna som freista, så eg berre valte dette her. Pappa hadde vel lyst til at eg skulle velje noko praktisk. Og så har bror min gått på elektrolinja [...] Pappa har alltid jobba på ein av fabrikkane her. Før jobba han på Smelteverket, men når det blei lagt ned, flytta han ut på Boliden.

Torgeir er interessert i musikk og spelar gitar på fritida. Han hadde planar om å flytte vekk for å gå musikklinja, då dei ikkje har den linja i Odda. Men etter å ha snakka med faren, som er ingeniør, ombestemte han seg:

I utgangspunktet skulle eg studere musikk, og så i siste liten så ombestemte eg meg og tenkte eg skulle gå elektro og så vidareutdanne meg og bli ingeniør seinare. Eg leste litt om studiane på nett og vurderte og såg litt rundt og tenkte at det verka ganske greitt.

Seljestad sine informantar i Odda snakka om frie og sjølvstendige utdanningsval, der det var dei sjølv som bestemte kva dei skulle bli. Men i likhet med mine informantar hadde likevel familie og vene stor innflytelse på valet (Seljestad, 2003, s. 9). Valet spegla også dei

utdanningsvala som foreldra og/eller søskena hadde tatt. Samstundes var det å ha rollemodellar viktig. Fredrik har ein far som er mekanikar og jobbar på fabrikk og ei mor som jobbar innan helse. Han ser på onklane sine som rollemodellar:

Foreldra mine meinte jo at eg skulle velje utdanning sjølv då, sjølvsagt. Men dei foreslo jo å enten gå TIP eller elektro, med tanke på kva eg er oppvaksen med og kva eg kan frå før av og slikt. Elektro var ei heilt grei linje, og eg lærar masse[...] Og så sa dei at det var eit heilt greitt klassemiljø, for onkelen min... eller to av onklane mine har gått her før då. Så eg ser litt opp til dei òg.

Birgitte, som ei av få jenter på prosess og kjemi-linja, hadde både kvinnelege og mannlege rollemodellar i val av utdanning. Ho fortel:

Eg har blitt påverka av både tanter og brør. At dei liksom... for eg har ei tante som jobbar i olja, og ho sa at det hadde passa meg godt og sånn. Og så var eg jo litt interessert i sånne ting. Dei ville absolutt at eg skulle sökje kjemi og prosess og å prøve meg ute i olja.

Sofie derimot, nemner berre mannlege slektnigar som inspirasjon til å velje kjemi og prosess-linja:

For min del... pappa har alltid jobba i industrien. Farfar, morfar, onkel, alle har liksom alltid vore i industrien. Så det er liksom det eg har fått høyre heile tida. Og så har eg sett at dei trives med det dei gjer, og synes det er veldig kjekt då.

Dei aller fleste elevane eg intervjuja hadde valt ei yrkesretning som likna deira foreldre sitt yrke. Eit par elevar hadde foreldre med høgskuleutdanning, som ingeniør eller spesialsjukepleiar, medan dei fleste hadde foreldre med yrker som krev fagutdanning eller vidaregåande skule som høgaste utdanningsnivå. Samstundes hadde foreldra nesten utelukkande tradisjonelt kjønnsdelte yrker. Til dømes arbeida elevane sine fedre innan industri, som mekanikar, elektrikarar, som trailersjåførar eller rørleggarar. Mødrene deira jobba i barnehagen, på det lokale sjukehuset, på gamleheimen, i sosialbustadar, som helsefagarbeidrarar og vernepleiarar, eller dei var frisørar. Ungdommane følgjer altså det same mønsteret i dag (med unntak av eit par jenter) som ungdommane i studien til Seljestad frå 1996 til 1998 kor dei vel yrkesretningar i tråd med foreldregenerasjonens tradisjonelle kjønnsnormer. Yrkesval kor ein ynskja å identifisere seg

med noko anna enn foreldregenerasjonen var det altså svært lite av. Vi skal sjå litt nærmare på korleis verdiar knytt til praktisk arbeid kjem fram i intervjuet.

Ei verdsetting av praktisk arbeid: «Eg ser ikkje heilt poenget med å lese noveller»

Det praktiske ein hadde på skulen (som til dømes verkstadsspraksis og utplassering) vart ofte framheva og påpeikt som noko nyttig, relevant og verdifullt. Dette blei fleire gongar nemnt i kontrast til «diktanalyse og novellelesing» i norskfaget, som kunne opplevast som meiningslaust og lite hensiktsmessig. På spørsmål om kva slags fag Magnus trives best med på skulen, svarar han til dømes:

Eg likar best programfaga. Eg ser ikkje heilt poenget i å lese noveller, diktanalyser og slikt. Eg synes at eg ikkje får bruk for det då. Og då er det vanskeleg å vere motivert for det.

Programfag er fag som er retta mot, og spesielle for, det utdanningsområde ein har valt. Til samanlikning er til dømes norskfaget eit obligatorisk *fellesfag* for alle i vidaregåande opplæring (Vilbli, u.å.). Magnus ser ein større verdi i programfaga, då dei har ein direkte relevans for arbeidet han skal ut i seinare. Rune nemner også diktanalyse som noko han føler han ikkje kjem til å få bruk for. Då eg spurte kva slags tankar han gjorde seg då han skulle velje linje fortel han at:

Eg ville finne noko som passa litt meir det eg hadde lyst til å gjere. Følte at det vi lærte [på elektrolinja] var litt meir relevant enn om eg hadde valt noko anna. Og så ville eg lære meir om det eg var interessert i. Og ikkje slike ting som eg følte eg aldri kom til å få bruk for. Diktanalysering og sånne ting.

Fredrik fortel at han ynskja å ta ei utdanning som likna dei praktisk-orienterte fritidssyslene sine:

[...] Eg har jo vakse opp med mykje skruing på bilar og elektronikk og slikt. Så det var vel det som gjorde at eg valte elektrolinja, og bestemte meg for at det var det eg hadde lyst til å gjere. Noko som eg meiner kan hjelpe meg i framtida då, sånn på fritida òg...

Då eg spurte Borgar kva som kjenneteikna dei som ynskja å arbeide innan industri, kom det fram at han forbinder industriarbeid med interessa for det praktiske, rutinar og det å bli skitten. I Odda har særleg ein av fabrikkane tradisjon for å sysselsette familiemedlemmer av dei som allereie jobbar der. Slik sett forbinder Borgar industriarbeid i Odda også med sosial reproduksjon:

Visst du har foreldre som jobbar på industripllass så vil du òg det. At dei snakkar om det og sånt. Og så er det jo at ein likar fysisk arbeid, eller å bli skitten, eller gå etter rutinar og bytte kler og sånn.

Eg spør om interessa for å arbeide innan industri har noko med kjønn å gjere. Fredrik fortel:

Noko av det eg har høyrt er at «nei, eg har ikkje lyst til å bli skitten på fingrane» og er redd for å øydeleggje neglelakken, mens andre er... det er jo jenter som går TIP liksom, og dei synest jo ikkje det er noko problem, så. Det har mykje med oppveksten å gjere, og eg trur... kven ein omgås med. Om dei er litt med gutar på fritida, så trur eg det er litt sånn... At det blir litt meir effekt av kva dei vil velje og sånt.

Det å «bli skitten på fingrane» vart nemnd fleire gongar i intervjuet. Å arbeide på fabrikk er forbunde med å bli skitten, då fabrikken ofte er full av støv og stoffar frå produksjonen. Det kan også vere eit tungt og støyande arbeid, og ein må takle å arbeide på skift. I følge Fredrik treng ikkje ynskje om å arbeide innan industri handle så mykje om kjønn, då det finst jenter som taklar det heilt fint. Det finst òg gutar som ikkje vil «bli skitten på fingrane». Christer fortel om kameraten sin:

Du har jo til dømes han eine kompisen min som eg veit om. Han er sånn: «Nei, eg vil ikkje bli skitten på handa». Han vil liksom ikkje... Og så har du jo folk som ikkje synes det er eit problem, og som tenker at det er jo faktisk gode jobbar innanfor dette faget òg[...]

Gjennom å drive med praktisk arbeid, vere på verkstaden og å «bruke hendene» opplevde informantane mestring, meinig og at dei fekk gjere noko dei interesserte seg for. Dei faga på skulen som var direkte relevante for den utdanninga dei hadde valt, var høgast verdsatt. Medan teoretiske fag, som norskfaget, var vanskeleg å sjå nytten av. I følge Jenkins (2008) kan identitet

og interesser vere tett knytt saman. Til dømes vil måten ein sjølv og andre definerer eins interesser ha betyding for korleis ein identifiserer seg sjølv (Jenkins, 2008, s. 7). Seljestad skriv i sin artikkel at heller ikkje hans informantar var glade i teoriskulen, at dei ikkje likte norsk og samfunnsfag, at det var verkstadpraksis og det å vere ute i bedriftane som betydde noko (Seljestad, 2003, s. 11). Praktisk arbeid var altså viktig for både mine og Seljestad sine informantar si identitetsdanning.

Yrkesambisjonar: «Å gå på jobb bør vere det same som å møte vene»

I tillegg til å verdsette praktisk arbeid, ynskja fleire av informantane mine å kome seg raskt ut i arbeidslivet slik at ein «slapp å sitje på skulebenken». Magnus er ein av dei som er lei skulen. I ein framtidig jobb verdsett han også trivsel på arbeidsplassen over det å ha høg løn:

Eg er ein person som ikkje tenker så mykje på pengane då, eigentleg. Eg vil ha ein jobb eg koser meg med på ein måte. Ein der det ikkje kjennes så mykje ut som at eg jobbar. Eg trur du likar livet mykje meir på ein måte då. Visst du har ein jobb du faktisk likar. Og så er det jo kanskje det at... at du begynner å jobba tidleg. Det kan vere ein fin ting. [Eg] er kanskje litt lei av skule og slikt.

Det var tydeleg at det sosiale vart framheva i val av yrke og framtidig arbeid. Då eg spurte kva Henrik såg på som ein «god jobb», svara han til dømes at det å gå på jobb bør vere det same som å møte vene:

Ein god jobb? Eh... For meg er ein god jobb ein som du ikkje slit deg ut så veldig. Slik at du kan halde på lenge utan at du øydelegg kroppen i alle fall. Og så må det jo vere godt miljø då. Eg hadde ikkje orka å vere i ein jobb der det var lite sosialt. Visst eg berre hadde vore der for å bli ferdig med dagen og kome heim, så ville eg ikkje ha vore der lenge. Så det må vere ein plass der eg kjem... der det er det same som å møte vene, er det same som å gå på jobb. Du kjem der for å gjere jobben, men samtidig kan du vere med andre og faktisk lika å gjere det. Eg ville mykje heller ha valt ein god jobb over ei god lønn, trur eg.

Også Henrik påpeiker, i likhet med Magnus, at det viktigaste i ein framtidig jobb ikkje er å tene mykje pengar. Det viktigaste er trivsel, som i følge Henrik kjem gjennom det sosiale

samhaldet. Her kan ein trekke parallelar til *Arbeidarkollektivet* kor arbeidarane også verdsette kameratskapet framfor individuelle ambisjonar (som å tene pengar, til dømes). Henrik nemner også at det er viktig å ikkje slite seg ut i arbeidet. Han utdjupar:

Eg hadde ein sommarjobb i eit entreprenørfirma, og då var eg med å bygge eit bygg her borte. Det var ganske stor oppleving. Men eg trur ikkje det var heilt min ting. Eg trur det er difor eg har valt litt meir sånn elektro, for eg vil helst ta det litt meir med ro enn det var der. Det var masse arbeid og det var tungt. Ikkje at eg ikkje klarte det, men eg vart veldig fort lei. Det var ikkje så kjekt akkurat når du... når det var så mykje press på at du måtte gjere det kjapt og fort og masse tungt arbeid. Så eg trur det var der eg fant ut at eg ikkje ville... og at det var bra at eg valde elektro i staden for TIP, sånn at eg slapp å jobbe... at eg ikkje trengte å vere ute på sånne arbeidsplassar...

Å vere opptatt av at arbeidet ikkje skal vere fysisk tungt er noko som står litt i kontrast til anna litteratur på arbeidarklasseidentitet. Ofte vert det gjort eit poeng ut av at arbeidet *skal* vere tungt, hardt og krevjande, og det maskuline vert gjerne opphøgt (Nixon, 2009, s. 309). At Henrik ikkje likte at arbeidet var fysisk tungt, men understreker at han «kunne klart det om han ville», viser kanskje ei forventning som ligg der, men som han vel å trosse. Samstundes kan det også vise til ein kompleksitet og eit behov for nyansering av denne måten å kategorisere arbeidaridentitet på, eller at slike oppfatningar har endra seg frå tidlegare. Dette er noko eg kjem tilbake til i neste kapittel, kor eg skriv om verdiar knytt til teoretisk og praktisk arbeid som eit *spekter* mellom dei ulike yrkesfaga.

For å tydeleggjere informantane sine verdiar knytt til arbeid og utdanning, spurte eg også kva arbeid dei *ikkje* kunne tenkt seg. Kasper nemner til dømes at han ikkje kunne tenkt seg å arbeide på kontor:

Ein sånn dørgande kjedeleg kontorjobb med noko som eg ikkje kunne brydd meg mindre om, kunne eg aldri tenkt meg. Sånn statistikk og masse tal er ting som ikkje engasjerer meg i det heile tatt. Og å sitte roleg ein heil dag. Det må vere den verste jobben nokon sinne. Men sånn generelt jobbar som ikkje engasjerer deg. Jobbar som du ikkje kan jobbe saman med nokon...[...]. Og òg jobbar som tek opp heile tida di. Slike med masse overtid. Der det ikkje er slik fast frå døt klokkeslettet til døt klokkeslettet, og det tar liksom ikkje hensyn til privatlivet og alt det der.

Kasper ynskjer altså ikkje eit arbeid som går ut over fritida, og set privatlivet høgt. Dette var også oppfatningar arbeidarklassegutane («the lads») i Willis sin studie hadde. Dei såg på teoretisk arbeid som noko ein måtte ha med seg gjennom heile døgnet, fordi teoretisk arbeid krev at ein har ansvar. Teoretisk arbeid betydde dermed at ein aldri kunne vere fri – i motsetning til fabrikkarbeidet, kor arbeidet er ferdig så snart ein går ut fabrikkporten. For Borgar, som i førige delkapittel forbant industriarbeid med det å like «rutinar» og å «skifte klede», handla det kanskje nettopp om ei verdsetting av privatlivet, der det å ta av seg arbeidskleda etter eit arbeidsskift markerer ei tydeleg grense mellom arbeid og fritid.

«The lads» oppfatta ikkje arbeid som meiningsfullt i seg sjølv. Difor såg dei på arbeidsdagen som tid dei blei fråtatt livet. Det meiningsfulle livet fann ein berre utanfor det formelle systemet (arbeidet og skulen), gjennom å leve den livsstilen dei ynskja (Willis, 2016, s. 103). Ein livsstil som blant anna gjekk ut på å vere ein del av gutegjengen, vere ute å drikke og treffje jenter. Arbeid vert berre eit middel for å få tak i pengar som mogleggjorde den livsstilen dei ynskja å leve (Willis, 2016, s. 31, 35, 38, 39). «The lads» sin måte å sjå arbeid på er det Max Weber kalla den tradisjonelle økonomiske etikken, kor arbeid var noko ein måtte gjere for å kunne leve, i kontrast til den protestantiske økonomiske etikken (kapitalismen) som kom seinare, der ein «lever for å arbeide» (Willis, 2016, s. 102). Weber illustrerer denne ideen gjennom å sitere Count von Zinzendorf: «One does not only work in order to live, but one lives for the sake of one's work, and if there is no more work to do one suffers or goes to sleep» (Weber, 2001, s. 235).

Synet på arbeid som ein nødvendigheit for å kunne leve livstilen dei ynskja, forklarar også ein av grunnane til at arbeidarklassegutane i Willis sin studie ynskja å kome seg ut i arbeid så raskt som mogleg. Mine informantar nemner også skuletrøytheit og eit ynskje om å kome seg raskt ut i arbeid. Samstundes fanst det likevel fleire som snakka om å ta meir utdanning seinare. Torgeir, som vart nemnd innleiingsvis, er eit døme på dette. Han skulle studere musikk men bestemte seg for å bli ingeniør i staden. At ein ikkje var opptatt av pengar, slik som Magnus og Henrik, var heller ikkje gjennomgåande. Birgitte er ein av dei som eksplisitt nemner at høg løn var ein faktor i val av yrke:

Eg har lyst å kome meg ut i olja. Det er det eg har tenkt på ganske lenge og så er det god løn. Og så at du liksom lærar noko nytt kvar dag og det verkar ganske interessant.

Det at «the lads» ikkje ser på arbeid som noko meiningsfullt i seg sjølv, og at det heller er den sosiale gruppa dei er ein del av som gjer livet innhaldsrikt, kan til ein viss grad samanliknast med dei informantane i mine intervju som vektla det sosiale i ein framtidig jobb. Samstundes har mine informantar eit ynskje om «å kose seg på jobb», og ha «ein jobb der det ikkje kjennes ut som at ein jobbar». Dette står i kontrast til «the lads», som ikkje forventa same grad av trivsel i sine framtidige jobbar. Hos «the lads» vart arbeid heller sett på som noko som «måtte bli gjort» og som ikkje alltid var tilfredsstillande eller givande. Også for Seljestad sine informantar i Odda trengte ikkje arbeidet vere meiningsfullt. Det viktigaste for dei var at arbeidet gav sosial og materiell tryggleik (Seljestad, 2003, s. 13). For mine informantar verkar det som at trivsel på jobb er ein mykje sterkare drivkraft enn for informantane til Willis og Seljestad sine informantar i Odda. For mine informantar synast det å vere eit ynskje om at arbeidet skal vere noko meir enn berre eit middel for sosial og økonomisk tryggleik; dei ynskjer at arbeidet skal reflektere deira personlege interesser og at arbeidsplassen skal representere ei vidareføring av andre sosiale arenaer, kor «det å arbeide er det same som å møte vener».

For «the lads», var fysisk og praktisk arbeid heller noko som reflekterte viktige verdiar i kulturen dei var ein del av, særleg det å framføre ein type arbeidarklassemaskulinitet (Willis, 2016, s. 103-104). Praktisk arbeid har lenge vore viktig i konstruksjonen av den maskuline, tradisjonelle arbeidarklasseidentiteten. I tillegg har det vore viktig å skape ein identitet som skil seg frå den maskuline middelklasseidentiteten som tradisjonelt har veklagt teoretisk og intellektuelt arbeid (Nixon 2009, s. 309). Å differensiere seg frå middelklasseverdiar var noko Willis sine informantar tydeleggjorde ved å aktivt heve seg over og fornekte verdien av teoretisk kunnskap og arbeid. Dei kunne trakassere elevar og lærarar som tilslutta seg skulen si vektlegging av teoretisk kunnskap (Willis, 2016, s. 62-63). I følge Willis kan denne avvisinga av skulen bli sett på som ein avvising og kritikk av individualisme. Arbeidarklassegutane assosierer skulen og teoretisk arbeid med urettferdighet, då kvalifikasjonane som skulen lover blir sett på som ein illusjon. Skulen sin individualistiske ideologi er avhengig av at ikkje alle kan lykkast, noko arbeidarklassegutane var klar over (Willis, 2016, s. 129). Willis meiner at det er her distinksjonen mellom teoretisk og praktisk arbeid oppstår, og kor solidariteten mellom arbeidarklassegutane tar form (Willis, 2016, s. 145-146).

Mine informantar hadde ikkje ein slik overlegen haldning i møte med teoretisk kunnskap og skulesystemet. Dei viste ikkje motstand til teoretisk kunnskap i sin heilhet, sjølv om dei kunne motsette seg nokre delar av norskfaget som dei opplevde som meiningslaust. Dei var opne for at folk var forskjellige og hadde ulike interesser, og at det eine ikkje var betre enn

det andre. Nokon hadde til dømes vene som hadde valt studiespesialisering som studieretning og som dei omtala som meir teoretisk interesserte. Desse kunne foreinast i interesser som å spele fotball saman på fritida. Men det er altså tydeleg at mine informantar identifiserte seg med det praktiske arbeidet i større grad enn det teoretiske arbeidet. Og når dei set diktanalyse og novellelesing opp mot, og i kontrast til det praktiske arbeidet tydeleggjer dei eit skilje der dei understreker sin identitetstilhørsle.

Like vel kan ein ikkje seie at mine informantar avviser individualisme, slik Willis hevdar at «the lads» gjer. Skiljet mellom teoretisk og praktisk kunnskap oppstår sannsynlegvis heller ikkje gjennom motstand, slik Willis sine informantar viste motstand mot skulesystemet. At fleire av mine informantar ynskjer å «kose seg på jobb», kan kanskje i staden vise ein tendens til ein orientering mot individualisme og eit ynskje om sjølvrealisering gjennom arbeidet, slik Seljestad skildra ungdommane i Danmark som ynskja at arbeidet skulle spegle interesser og lyster. Eit slikt syn på arbeid vert gjerne assosiert med middelklassen sine livsideal, i følge Seljestad som refererer til Klaus Eder (1992) (Seljestad, 2003, s. 12).

Framtidsambisjonar: «Draumen er å ha eit eige hus»

Slik som med yrkesfagelevane sine yrkesambisjonar, seier også andre framtidsplanar noko om kva slags kulturelle verdiar dei har. Kva slags verdiar kjem til uttrykk i førestillinga om framtida og framtidsdraumar? Eg spurte ungdommane korleis dei såg for seg at livet deira såg ut ti år fram i tid. Lasse ser fram til å kunne vere økonomisk sjølvstendig:

Eg håper vel at eg har fått meg ein jobb og at eg har stifta familie og at eg har kjøpt meg hus. At eg klarar å leva litt meir på eigehand, visst du skjønar.

Thea drøymer også om sitt eige hus, og ynskjer helst at det er i Odda, der ho er oppvachsen:

Altså, draumen hadde jo vore å fått lov til å kjøpt ei tomt i Odda, og fått bygd eit eige hus, sjølv sagt. Eller berre kjøpt eit litt eldre hus og pusse det opp og fikse det opp på den måten du har lyst å ha det då. Nei, altså... Eg håper vertfall at eg har eit hus, kanskje berre ein leilegheit og. Og så ein kjærast hadde jo ikkje gjort noe!

Joar er, i tillegg til å ynske seg eit hus, opptatt av å ha materiell trygghet slik at han har råd til å drive med fritidssyslene sine:

Eg håpar at eg har eit hus eller noko sånt. Og eg er veldig bilinteressert, så eg har lyst å ha ein liksom... fin bil eller noko sånt. Ein sånn som eg kan skru på og køyra i helgene. Ha litt peng, sånn at eg kan helde på med dei tinga eg likar. Og ha ein jobb... ein skikkeleg jobb som eg har lyst på.

For Susanne er det viktig at ho har eit trygt arbeid og materiell sikkerhet:

Då har eg ein hund, og så har eg ein fast jobb. Forhåpentlegvis offshore. Det hadde vore veldig kjekt. Ti år.. då er eg 28. Då må eg ha meg eit hus òg. Forhåpentlegvis på Ragde eller Freim (stadnamn i Odda), for der er det sol lenge. Og nokon å bu med. Og fast jobb ein plass. Ein sikker og fast jobb som det går an å leve ut av.

Henrik drøymer også om eit stort hus, og ser for seg å jobbe i oljenæringa slik som Susanne. I tillegg kunne han kanskje tenkt seg å studere:

Ehm [...] sånn som eg draumar om så hadde det vore eit hus, det hadde ikkje trengt og vore for stort. Det kunne vore passeleg. Men visst eg hadde budd åleine... det hadde faktisk vore deilig med eit stort hus om eg hadde budd åleine og. Du har jo litt lyst på ein stor plass. Og så ein motorsykkel hadde vore kjekt å hatt. Ein fin ein. Ein som ikkje dett frå kvarandre ein gong i veka. Ein som du faktisk kan bruka masse pengar på, men held. Ehm, ein grei jobb. Visst eg bur åleine så kan eg liksom berre ha jobb sånn ut... offshore. Sånn to veker ute og fire inne. Finne ein kjekk hobby, kanskje. Eg har jo mange hobbyar då men. Kanskje eg finn ein ny ein som eg vil verkeleg satse på. Og så ja, eigentleg berre det. Sikkert masse familie òg. Vere med dei. Kanskje studere. Tene enda meir. Kanskje eg finner ut at eg vil gjere noko anna.

Seljestad sine informantar i Odda skildra også verdiar knytt til det å få sitt eige hus og det å bu saman med kjærast eller familie. Også det å få ei løn som gav materiell sikkerheit og ein trygg, fast jobb er viktig for både mine og Seljestad sine informantar. Desse verdiane kan seiast å vere tradisjonelle verdiar som sannsynlegvis ikkje skil seg frå deira eigne foreldre sine livsval og ynskjer. I tillegg uttrykker mine informantar at fritidssysler og det å få drive med hobbyar på fritida er viktig for dei. Hobbyane reflekterer også verdiane som låg til grunn i val av utdanning: verdiar som handlar om å drive med noko praktisk eller «handfast», som å «skru» på bil eller

moped, fikse eller reparere hus. Som nemnt tidlegare, verkar også desse verdiane å vere noko dei ynskjer at deira framtidige arbeid skal reflektere.

Tilhørsle til lokalsamfunnet: «Å kome seg vekk for ein periode»

Medan nokon ungdommar ikkje kunne tenke seg å bu andre stadar enn i Odda, var det fleire som ynskja å flytte til ein anna stad ein periode, enten for å arbeide eller for å ta utdanning. Nokon var fast bestemt på at dei ikkje kom til å bu i Odda eller Hardanger i framtida i det heile. I elektroklassen på VG1 var det eit stort antal elevar som hadde planar om å flytte til Bergen for å gå på automasjonslinja, ei linje dei ikkje har i Odda. Av desse hadde nokon planar om å kome tilbake til Odda etterpå, medan andre var usikre på jobbmoglegeheitane om dei skulle kome tilbake. Lasse er ein av dei som ynskjer å bli verande:

Eg trur eg kjem til å bli i Odda, eg trur eg kjem til å bli og jobba her seinare. Eg har ikkje lyst til å flytta vekk eigentleg. Eg likar meg her.

«Kva er det du likar med å bu her?»

Alle kjenner alle, eigentlig. Dei fleste kjenner kvarandre. Eg syns det er godt miljø og det er liksom... eg likar å bu her visst du skjønar.

Even ser for seg at han kanskje flytter til Bergen for å ta meir utdanning, men at han ynskjer å komme tilbake seinare:

Visst eg trur eg kjem til å flytte så trur eg at eg kjem til å flytte til Bergen. Fordi eg syns Bergen verkar som ein spennande plass, og det verkar som det er masse å gjere på der, eigentleg. Være ute på... det er jo masse sånn pubar og sånt der, er det ikkje? Det hadde sikkert vært kjekt. Men eg kjem nok til å bu i Odda, eigentleg. I så fall kommer eg berre til å bu i Bergen visst eg skal gå noko om igjen eller noko som har med skule å gjere då. Og så kommer eg tilbake til Odda når eg er utdanna, eller noko sånt. Så det er i så fall ikkje for alltid at eg kjem til å bu i Bergen.

Kasper og Torbjørn vart intervjua saman. Kasper hadde allereie søkt om lærlingplass i ein anna by, og hadde bestemt seg for å flytte. Torbjørn uttrykker at han også kunne tenkt seg å flytte, men har søkt om lærlingplass i ei bedrift i Odda.

«Kunne du tenkt deg å kome tilbake til Odda, Kasper?» spør eg.

Eg kunne sikkert flytta vekk og kome tilbake, men eg kunne sikkert like godt flytta vekk og aldri kome tilbake. Har ikkje peiling. Men eg har i vertfall ikkje lyst til å bli i Odda resten av livet. *Det veit eg.*

«Kvífor har dykk ikkje lyst til å bu i Odda?»

Torbjørn:

Det er ikkje så mye negativt med å bu her, det er berre så lite og ikkje så mye å gjøra liksom. Altså eg har jo lyst å komma meg vekk av og til.

Kasper:

Kome seg vekk og få litt andre inntrykk og... Føler òg det kan bli litt sånn lett å forutsjå livet i Odda. Eller ting kan jo endre seg veldig fort. Men man blir jo veldig fort kjent med systemet då, når man har vokse opp i Odda og veit korleis ting skjer og systemet liksom... Så visst man har lyst på litt nye ting, så kan det sikkert vere godt å komme seg ut ein periode.

«Kva hadde skjedd om dykk blei verande her? Er det fordi då blir det ut i jobb og så stifta familie og så skjer det ikkje meir?»

Kasper:

Hmm. Altså ja. Men det er jo ikkje noe galt i det i det heile tatt. Det er jo det eg kommer til å gjøra etter kvart. Stifta familie og slå meg ned. Kan jo ikkje farta heile tida. Men ikkje med ein gong. Og i den tida før det, så har eg ikkje på ein måte lyst å sitte å vente på at det skjer. Det er jo så mye meir og anna det går ant å gjør.

Birgitte har søkt lærlingplass på eit prosessanlegg i ein anna kommune. Ho har klare planar om kor ho vil jobbe og at ho ikkje kjem til å bli.

Eg trur eg kjem til å flytte. Eg trur ikkje eg kjem tilbake heller. Eg er sånn som vil oppleve nye ting og ikkje den same kvarldagen heile tida.

Då Seljestad intervjuer yrkesfagelevar i Odda på 90-talet, var draumen om eit hus, arbeid og familie noko informantane hans ynskja seg så snart dei var ferdig med skulen (Seljestad, 2003, s. 11). For mine informantar var ikkje dette gjennomgåande, sjølv om det fanst ein og annan som ynskja å bli i Odda og som ynskja å kjøpe seg eit hus så raskt som mogleg. Mange såg for seg å flytte andre stadar eller «oppleve noko nytt» før dei ville å etablere seg, og heller kome tilbake til Odda på eit seinare tidspunkt. Sjølv om fleire uttrykte at dei ynskja å flytte andre stadar på grunn av utdanning (slik som eit fleirtal av elevane frå elektroklassen i VG1) verkar det som at mange av mine informantar var motivert for å reise vekk frå lokalsamfunnet «for å få andre inntrykk» også. Å reise ut i verda for å oppleve andre kulturar og samfunn har vore ein form for sjølvrealisering særleg for middelklasseungdom, og inneber gjerne individualiserte livsprosjekt kor ein refleksivt konstruerer nye identitetar (Bagnoli, 2009). Det at nokre av mine informantar ynskjer å «utvide horisonten» kan kanskje også sjåast på som ein form for sjølvrealisering og individualistisk orientering.

Delkonklusjon

Willis argumenterer for at det er nettopp arbeidarklassegutane sin *motstand* mot skulen og teoretisk arbeid som gjer at dei ender opp i same yrke som deira foreldre og at deira sosiale bakgrunn vert reproduusert. I tillegg er motstanden ein viktig del av arbeidarklassegutane sin konstruksjon av fellesskap og identitet. Mine informantar kan også seiast å ha reproduiserte yrkesval og verdiar, arva frå foreldregenerasjonen, men det kjem ikkje fram ein slik eksplisitt motstand, slik Willis skildrar, i intervjuet med mine informantar. Det kan sjølvsagt vere at mitt datamateriale ikkje fangar opp denne type opposisjon og fornekting av teoretisk arbeid, då min studie ikkje er like omfattande som Willis sin. Samstundes kan det vere andre mekanismar som fører til sosial og kulturell reproduksjon i Odda.

Pierre Bourdieu har som nemnt eit større fokus på den strukturelle forståinga av sosial og kulturell reproduksjon, og at det er gjennom ein person sin habitus og tilgang på kulturell kapital at sosial bakgrunn og kultur vert vidareført. I så fall kan ein seie at det er kulturelle mekanismar som ligg djupare - ein kroppsleggjort og internalisert måte å sjå verda på - som speler inn når det kjem til ungdommar i Odda sine yrkesval og verdiar knytt til praktisk arbeid.

I møte med skulen har ein forskjellige språklege og kulturelle føresetnadar som ein tek med seg heimanfrå og kor ein vert sosialisert inn i omgivnadane sine normer og forventningar. Over tid vert normene og forventningane internalisert og gjort om til det Bourdieu kallar ein person sin habitus. Mine informantar sine verdiar knytt til praktisk arbeid og hobbyar, tradisjonelle ambisjonar om eige hus og familie kan vere slike internaliserte kulturelle normer (som sannsynlegvis ikkje er så ulikt deira foreldre sine liv og ambisjonar) og som representerer ein kontinuitet med oppvekstmiljøet og ei dreiling mot ein meir «tradisjonell arbeidaridentitet».

I tillegg er det tydeleg at dei verdsett sosiale fellesskap i stor grad, særleg verdsett dei det sosiale i ein framtidig jobb. Mange av dei verdsett til dømes dette framfor individuelle ambisjonar om høg løn. Samstundes verkar det å vere ei oppfatning om at det framtidige arbeidet bør vere prega av trivsel i mykje større grad enn hos Seljestad (2003) sine informantar i Odda og arbeidarklassegutane i Willis (2016) sin studie. Der vart ikkje arbeidet sett på som meiningsfullt i seg sjølv, men ein stad som gav sosial og økonomisk tryggleik. Mine informantar verkar å vere opptatt av at ein skal «kose seg på jobb» og at «ein må velje ein jobb ein faktisk likar»; ei oppfatning som uttrykker eit ynskje om at personlege interesser skal reflektere arbeidet i større grad. På mange måtar ser det ut til at mine informantar tenker på arbeid som ein arena for sjølvrealisering, meir lik ungdommane i Frontløberne i Danmark (Seljestad, 1997, s. 71).

Ynskje om å reise vekk frå lokalsamfunnet for ein periode, minnar også om *middelklasseverdiar*, kor ein tradisjonelt sett har hatt ei meir utvida ungdomstid. Samstundes er ikkje parallelle til Seljestad heilt fullkomne då Seljestad trekk fram fleire grunnar til å kunne skildre ungdommane i Frontløberne som moderne, individualiserte menneske. Ungdommane i Frontløberne kunne til dømes definera si eige stilling utan styring frå anna hald, og dei kunne utføra arbeidet kor og når dei ynskja det. Ein slik grad av autonomi i arbeidet vil nok ikkje la seg gjere på ein klassisk, hierarkisk industriarbeidslass slik som i Odda. Men i den grad mine informantar ser på arbeidet som meiningsfullt og i tråd med eigne interesser, kan ein seie at dei tenderer mot ein meir individualisert orientering enn tidlegare generasjoner.

På den eine sida ser det altså ut som at mine informantar representerer tradisjonelle formar for arbeidaridentitet der ein verdsett praktisk arbeid, sosiale fellesskap og kontinuitet med oppvekstmiljø, samstundes som dei på den andre sida også tenderer mot ei meir individualisert orientering gjennom å sjå på arbeidet som ein sjølvrealiserande arena og gjennom å dyrke individuelle hobbyar. Det ser ut til å vere ei kulturell endring der mine informantar verkar å orientere seg meir i retning av individualisme, samanlikna med Seljestad sine informantar i Odda og arbeidarklassegutane i Willis sin studie. Kanskje forklarar dette også

den tilsynelatende mangelen på motstandspraksisar, då motstand gjerne representerer noko kollektivt og noko «destruktivt». Dette kjem eg tilbake til avslutningsvis.

Kapittel 7 – Identetskaping: differensieringar

Med utgangspunkt i informantane sine oppfatningar av forskjellar mellom yrkesfagelevar og elevar frå studiespesialiseringsslinja, vil eg i dette kapittelet fortsette å utforske klasse som ein sosial kategori i utforminga av identitet. Vidare vil eg trekke inn kjønn som ein sosial kategori og ta i bruk omgrepet interseksjonalitet til å analysere korleis desse kategoriane til dels er samanvevde. Til slutt argumenterer eg for at antropologisk teori kan gje oss eit meir nyansert biletet der også andre kulturelle distinksjonar er relevante for å forstå identitetsdanninga til mine informantar.

Interseksjonalitet og ‘intersection’

Interseksjonalitet er ein teoretisk og metodologisk tilnærming som prøver å undersøkje korleis sosiale kategoriar som til dømes, kjønn, klasse og etnisitet kan virke saman og overlappe kvarandre. Opprinnleig var omgrepet brukt for å belyse afroamerikanske kvinner i USA sin doble diskriminering basert på hufarge og kjønn. I dag er interseksjonalitet eit etablert omgrep i sosiologien der ein tek for seg korleis fleire formar for undertrykking kan sameksistere på same tid (Dengen & Tylor, 2017, s. 37). Interseksjonalitet blir ofte brukt i eit makroperspektiv for å forstå dei historiske og globale strukturane som ligg bak individuelle erfaringar av ulikhet.

Cathrine Degnen og Katharine Tyler (2017) argumenterer for å kombinere interseksjonalitet med det antropologiske omgrepet *intersection*. Då vil ein som forskar også kunne ta for seg lokale kulturelle formar for meining (Dengen & Tylor, 2017, s. 41). Intersection blir brukt som eit analytisk rammeverk og utforskar den kulturelle meininga som underbygger sosiale relasjonar og kvardagsliv i ein gitt kontekst. Ein ser på korleis sosiale og materielle verdnar (slik som til dømes gardar, butikkar, familienamn eller sosiale minner) er involvert i konstruksjonen av tilhørsle og identitet. Eit viktig aspekt ved analysen er å ikkje berre sjå på prosessane som skapar sosiale forbindelsar, men også det som bryt desse forbindelsane: ved å undersøke kven som hører til og kven som ikkje gjer det, eller ved å sjå på kven eller kva som vert definert som «våre eigne», kan ein forstå kor den konstruerte grensa mot «utanforståande» eller «framande» går, og dermed korleis tilhørsle og identitet vert danna (Dengen & Tylor, 2017, s. 39-40). Omgrepa interseksjonalitet og intersection liknar kvarandre ved at dei begge er opptatt av å forstå konstruksjonar av ulikhet, forskjellar, differensiering og identitet (Dengen & Tylor, 2017, s. 41). Samstundes har dei ulike utgangspunkt. Interseksjonalitet sitt hovudfokus

ligg i det å studere ulikhet, medan intersection sitt primære fokus er å skildre kvardagslivet, relasjonar og menneskelege erfaringar. Dengen og Tylor argumenterer for at det kan vere nyttig for antropologar og sosiologar å bruke begge desse omgrepene slik at dei kan komplementere kvarandre (Dengen & Tylor, 2017, s. 42).

Omgrepet interseksjonalitet er nyttig som analysereiskap også i mitt studie. Omgrepet har vore omdiskutert å bruke i andre samanhengar enn i studiar av minoritetar og underprivilegerte grupper (Vogt, 2020). Samstundes ynskjer eg ikkje å bruke omgrepet for å seie noko om det sosiale landskapet generelt i Odda eller i ein større kontekst. Eg vil bruke interseksjonalitet med utgangspunkt i eit fenomenologisk perspektiv der eg analyserer informantane sine oppfatningar og erfaringar slik dei vert uttrykt i intervjuet. Med andre ord prøver eg å bruke omgrepet interseksjonalitet som ein analytisk tilnærming på individnivå til å sjå på korleis kjønn og klasse blir relevante sosiale kategoriar for konstruksjonen av identitet hos mine informantar. I tillegg er det antropologiske omgrepet *intersection* nyttig å bruke for å analysere eit breiare spekter av det kulturelle uttrykket enn det interseksjonalitet kan formidle.

Sosial differensiering: «Yrkesfagelevar» og «studieelevar»

Før eg reiste til Odda ynskja eg å utforske om det fanst identitetsmessige forskjellar mellom dei elevane som gjekk yrkesfag og dei som gjekk studiespesialiseringe. Utover den openbare forskjellen som ligg i at elevar som går studiespesialiseringe forbereder seg på å gå fleire år på skule, ville eg utforske om det var kulturelle og sosiale differensieringar i livsstil eller praksistar. Grunna dei nemnde utfordringane rundt det å utføre deltagande observasjon over ein lengre periode, vert intervjuaterialet mitt det mest nyttige å analysere for å svare på dette spørsmålet. Eg analyserer difor *informantane sine oppfatningar* av dei identitetsmessige forskjellane mellom yrkesfagelevar og studiespesialisering-elevar. Eg spør kva som kjenneteiknar dei som går yrkesfag, og kva som kjenneteiknar dei som går studiespesialiseringe, i følge yrkesfagelevane sjølv. I følge Jenkins (2008) er kategoriseringa av andre nært knytt til vår eigen sjølvidentifikasjon. Personen vi tenker at vi er, er relatert til personen vi tenker at andre er, og omvendt (Jenkins 2008, s. 12). Mine informantar sine oppfatningar om «dei andre» vil difor også seie noko om deira eigne identitetskonstruksjonar.

Då eg spurte kva Julian tenker skil yrkesfagelevane frå elevane på studiespesialiseringe, svara han:

Dei som går yrkesfag veit kanskje meir kva dei har lyst til å bli. At dei kanskje har eit mål og har lyst til å bli noko. Mens dei som går der borte (studiespesialiserande og idrett) dei er ikkje heilt sikre på kva dei vil bli. At dei ikkje likar å... kanskje dei likar praktisk arbeid men ikkje på same måte som du gjer her på elektro og TIP og sånt. Det er mange her som likar fotball og sånt, og det er det jo der borte og. Men det er kanskje... folk likar meir sånn skruing og... sånn som på TIP at dei likar å bli meir skitne på fingrane og sånt.

Også ungdommene i Frontløberne i Århus, kor Seljestad (1997) gjorde feltarbeid, vart skildra som ungdommar som ikkje enda hadde funne seg sjølv og som ikkje enda visste kva dei skulle bli. Gjennom å vere med i organisasjonen Frontløberne kunne dei bruke den tida dei trengte til å utforske desse spørsmåla (Seljestad, 1997, s. 124). Ungdommene spegla det Giddens kalla den refleksive identitetsprosessen, kor individet i moderniteten må reflektere over spørsmål som: «kven er eg?» og «kven vil eg vere?» (Giddens, 1991). Samstundes har Seljestad, som nemnt, skildra denne forma for søker etter sjølvrealisering og individualisering som meir lik middelklassen sine ideal (Seljestad, 2003, s. 12). Slike individualiseringsteoriar har vore kritisert for å legge for lite vekt på klasseperspektivet. Blant anna har det vore hevdat at teoriane skildrar ei verkelegheit som passar den verkelegheita middelklassen lever i og tek ikkje høgde for andre kontekstar (Brannen & Nilsen 2005, gjengitt i Vogt, 2008, s. 531).

Julian si skildring av elevane på yrkesfag som meir sikre i sitt yrkesval kan vere eit uttrykk for ulike kulturelle klasseideal, og kanskje også ulik klasseidentitet. Samstundes er det interessant at Julian seier at dei som går studiespesialiserande også kan like praktisk arbeid, berre ikkje på same måte som dei som går elektro eller TIP, og nemner fotballspeling som døme på dette. Han belyser dermed at fotballspeling kan bli sett på som ein praktisk eigenskap, og at det å vere praktisk anlagt generelt inneheld det å kunne bruke kroppen til noko, og å beherske det kroppslege. Difor kan elevane på yrkesfag foreinast med dei som spelar fotball på studiespesialiserande. Altså verkar ikkje skilnaden mellom dei teoretisk-orienterte og dei praktisk-orienterte å vere like sterk hos mine informantar som hos arbeidarklassegutane i Willis sin studie.

Eit slikt meiningsskilje mellom «praktisk» og «teoretisk» er noko sosialantropolog Lars Gjelstad (2015) problematiserer, då yrkesfag og studiespesialisering ofte vert omtala gjennom binære motsetningar i det norske skulesystemet. Gjelstad meiner dette er ei konstruert og førestilt forståing, då yrkesfagopplæringa i dag består av både ein «teoretisk, allmennfaglig

kultur» og ein «praktisk, erfaringsorientert fagkultur» (Gjelstad, 2015, s. 20). På TIP-linja til dømes, er det no datastyrt maskinar som ikkje treng manuell styring (som CNC) i opplæringa, i tillegg til manuelle dreiemaskinar (Gjelstad, 2015, s. 26-27). 19). Denne samanflettinga av teori og praksis gir nye vilkår for identitetsdanning blant elevane. Til dømes skildrar Gjelstad ei gruppe elevar som vart kategorisert av lærarar og medelevar som både teknologismarte og boksmarte. Desse elevane bestod av gutter og ei og annan jente med gode karakterar i dei fleste fag, som var opptatt av skating på fritida og som trena på tricks dei hadde sett på Youtube. For denne gruppa elevar var skatebanen, internett eller byen viktige lokaliteter for relasjonsbygging og identitetsdanning. I kontrast til desse skildrar Gjelstad «mopedgutta» som ei gruppe elevar som verdsette kroppslegheit, praktisk sans, fellesskap og hjelsamheit. Denne gruppa hadde gjerne dårlige karakterar, viste lite innsats i teoritimane, hadde mykje fråvær og kunne vere unøyaktige i arbeidet ved dreiebenken. Gjennom desse ulike elevgruppene, og yrkesfaga si økte vektlegging av teori (særleg etter reform 94), viser han at skilje mellom «teori» og «praksis» er meir samansatt enn den generelle oppfatninga (Gjelstad, 2015, s. 20).

Gjelstad tek også for seg korleis elevane sine identitetspraksisar ikkje berre kom til uttrykk i klasserommet eller i skuleverkstaden. «Mopedgutta» utvikla sine relasjonar, ferdigheiter og praksisar i garasjen heime eller ved kappkjøring på bygdevegane, medan «skategutta» reiste til i byen på fritida (Gjelstad, 2015, s. 25). Analytisk bruker Gjelstad her den antropologiske forståinga av *multi-sited* etnografi for å skildre korleis fellesskapa i elevgruppene ikkje bergensar seg til skuleområde. For «mopedgutta» kan verkstaden bli sett på som ei forlenging av lokale industripraksisar og ungdommane sine mekkepraksisar i garasjen heime (Gjelstad, 2015, s. 23). Når dei tok på seg kjeledressen i verkstaden blei måtar å gå på, ansiktsuttrykk, talemåtar og kroppsbevegelsar meir lik som i garasjen (Gjelstad, 2015, s. 22). Deira framtidige yrkesmessige identitet samanfalla altså med deira ungdomskulturelle identitet.

Informanten min Julian sitt sitat om at det å vere «praktisk anlagt» også kan handle om fotballspeling, kan bli forstått gjennom Gjelstad sin analyse. Sidan «mopedgutta» si verdsetting av kroppsleg sansing også kjem til uttrykk utafor verkstaden, handlar det her om ein djupare kulturell kroppslegheit. Julian si oppleving av forskjellen mellom yrkesfagelevar og studie-elevar handlar ikkje berre om yrkesval og tankar om arbeid, men om ein kulturell kroppslegheit som vert overført mellom ulike sosiale kontekster. Dermed kan vi seie at det også er snakk om ein forskjell mellom yrkesfagelevane og elevane på studiespesialisering sin habitus (Bourdieu, 1977) og kulturelle (klasse)identitet, men at fotballspeling representerer eit felles møtepunkt.

I følge Susanne kan skilnadar mellom linjene også kome til uttrykk gjennom måtar å kle seg på:

Eg føler at kjemilinja og elektro er ganske like på dei som går studie(spesialisering). På korleis dei kler seg og sånt. Men så har du liksom industri- og smedlinja, kor dei går i arbeidsbukse og klogger liksom. Heile tida.

Klede er gjerne eit ekspressivt uttrykk som er med på å skape identitet (Gullestad, 1989, s. 105). Å gå med arbeidsbukse og klogger i andre kontekster enn i verkstaden (eller ved utplassering i bedrift), liknar også Gjelstad sine informantar sin praksis, kor den ungdomskulturelle identiteten hang tett saman med den yrkesmessige identiteten. I likhet med Susanne nemner også Yngve at elevane på elektrolinja blir sett på som meir like dei som går studiespesialisering:

Når eg tenker på studiefag, så tenker eg på ungdommar som eigentleg ikkje bryr seg om kva jobb dei får så lenge dei får masse pengar. Og så tenker eg på at dei som går yrkesfag, dei har lyst å ha ein jobb der dei kan kose seg, i staden for å få masse pengar. Sånn som vi som går elektro og dei som går studie, vi er jo ganske like, berre at vi har praksis. Eg føler det, for alle dei andre som er på yrkesfag dei ser jo på elektro som pingler nesten, fordi vi er liksom ikkje sånn «tøffe» som dei er. Dei er jo sågne «mekkefolk», og vi er meir sånn her som pirkar på små ledningar, og derfor er vi visst litt meir pinglete og vi har mykje meir vanskelegare fag og sånt. Så vi er visst studieklassen (studiespesialiserande-linja) på yrkesfag.

Yngve har same oppfatning som det fleire av mine informantar har påpeikt; at elevane på yrkesfag er meir opptatt av trivsel på arbeidsplassen, samanlikna med elevane på studiespesialisering, som igjen kan tolkast som eit uttrykk for ulike kulturelle identitetskonstruksjonar. Samstundes meiner han at elektrolinja blir sett på som meir «pinglete» enn dei andre yrkesfaglinjene og difor meir lik studiespesialiserande. Elektroelevane blir sett på som lengre vekk i frå den «typiske industriarbeidaren» som likar fysisk tungt og skittent arbeid, og meir lik dei teoretiske, skuleinteresserte elevane på studiespesialisering. Dette kjem eg tilbake til på side 69.

Interseksjonelle linjer: «Jentene på studie» og «gutane på yrkesfag»

I Willis sin studie opplevde arbeidarklassegutane, som nemnt i førige kapittel, skulen og teoretisk kunnskap som framand og irrelevant (Willis, 2016, s. 77). I tillegg opplevde dei at skulen krevde ein form for underkasting som dei var motvillige til. Dei forbant teoretisk kunnskap og arbeid med dominans og kontroll, slik dei også opplevde skulen generelt. Dette vart igjen assosiert med noko feminint, og det motsette av det å vere mandig. Sekretærjobbar blei til dømes sett på som «kvinnejobbar», medan praktisk arbeid blei oppfatta som noko naturleg maskulint, og noko som ikkje kven som helst kunne utføre (Willis, 2016, s. 147-149). Slik skapte dei ikkje berre eit skilje mellom teoretisk og praktisk arbeid, men også eit skilje mellom det feminine og det maskuline arbeidet (Willis, 2016, s. 145).

At arbeidarklassegutane assoserte femininitet med dominans og kontroll kan framstå som eit paradoks, då klassiske forståingar av femininitet har vore forbunde med underordning og undertrykking (t.d. Ortner 1974). Willis forklarar dette gjennom ei samankopling av to system. Distinksjonen mellom teoretisk og praktisk arbeid skapar i seg sjølv eit skilje i menneskelege evner. Sidan skulen og den dominerande kapitalistiske ideologien favoriserer teoretiske evner over praktiske, betyr det at praktiske yrker vil vere nærmare botnen i hierarkiet. For å unngå å sjå på seg sjølv som underlegne, reverserer «the lads» hierarkiet dei vert målt ut i frå gjennom ein anna sosial struktur, patriarkatet. Ei polarisering av dei to systema (patriarkatet og klasseverket) vert dermed kryssa (Willis, 2016, s. 148). Dette betyr også at Willis sine informantar ser på arbeidarklassen som ibuande maskulin og middelklassen som ibuande feminin (Willis, 2016, s. 154).

Også mine informantar kan sjå ut til å assosiere det praktiske med det maskuline og det teoretiske med det feminine. Dette blir reflektert i kjønnsbalansen på dei ulike linjene ved skulen. Det var eit klårt fleirtal av jenter på linjene helsefag og studiespesialisering, medan linjer som elektro, teknikk- og industriell produksjon, kjemi- og prosess og smedlinja hadde flest gutter. Slike kjønnsforskjellar i val av utdanning var det også ved Odda vidaregåande då Seljestad utførte sin studie i 1996-1998. Då eg spurte Susanne om ho tenker det er ein forskjell på kva som er forventa at gutter skal velje og kva jenter skal velje utdanningsmessig, svarar ho at:

Ja, det er sikkert ein grunn til at vi sitt tre jenter i klassen, på ein måte. Og ti gutter. Yrkesfag, og spesielt TIP er jo veldig typisk gut, og ikkje typisk jente. No har det jo

heldigvis betra seg med åra då. Men det er jo fleire jenter på studie, enn kva det er gutar. I elektroklassen så er det jo berre éi jente.

«Kvífor trur du det er slik?»

Etter gamalt. Alltid vore slik. Mannfolka skal arbeida og kvinnfolka skal ikkje gjere noko. Eller vere sjukepleiarar. På ein måte.

I følge Susanne reflekterer skilja mellom yrkesretningane tradisjonelle oppfatningar av kjønnsroller, kor menn var i arbeid og kor kvinner hovudsakleg hadde omsorgsoppgåver og omsorgsyrker. Til tross for denne oppfatninga har ho altså sjølv tatt eit utradisjonelt val. Industriarbeid har historisk sett vore mannsdominert, men det at yrkesretningane framleis er svært kjønnsdelte er eit samansett og komplekst bilet. Ei vanleg forklaring er at gutar og jenter har blitt sosialisert på ulikt vis. Dei kulturelle førestillingane om kva som er godkjent praksis innafor kvart kjønn blir tatt såpass forgitt at dei blir sett på som naturgitte.

I eit intervju med Even om kvífor han valde ei yrkesfagleg retning vart det tydeleg at også han assoserte praktisk arbeid med noko maskulint:

Heilt ærleg så valde eg den (elektrolinja) på grunn av at venene mine valde den.[...] Eg har eigentleg ikkje tenkt så mykje på jobb og sånt. Men det blir sikkert ein grei jobb. Eg veit ikkje heilt... Eg føler at eg er litt sånn som jenter på ein måte... Fordi eg har aldri vært så veldig glad i praktisk arbeid. Eg liker best å «chilla», eigentleg. Eg syns det hadde virka greitt å jobbe på kontor, sånn som mamma.

Sjølv om Even har valt ei praktisk linje, innrømmer han at han eigentleg ikkje er så glad i praktisk arbeid. Han skildrar seg sjølv som meir lik «jentene», i kontrast til dei andre (underforstått: gutane som likar praktisk arbeid og som går elektro/yrkesfag).

I tillegg blir teoretisk arbeid sett på som noko meir behageleg og lettvint gjennom at Even skildrar det som noko meir «chill». Ei slik oppfatning av teoretisk arbeid kan ein finne parallellear til hos Willis sine informantar. Der vart praktisk arbeid sett på som det einaste «ordentlege» arbeidet. Liknande oppfatningar har også blitt observert i andre studiar på menn i manuelle yrker (t.d. Sennett & Cobb 1972, Young & Willmott 1956 referert til i Vogt, 2017, s. 197). Samstundes er ikkje tanken om at teoretisk arbeid er meir avslappande enn praktisk arbeid

ei eintydig oppfatning blant mine informantar. Øyvind meiner det er det praktiske arbeidet som representerer ein form for latskap:

Eg hugsar dei flinke jentene som eg gjekk på ungdomsskulen med, dei går på studie[spesialiserande] no. Studie er ei litt meir jentedominert linje. Eg veit ikkje heilt, men eg føler berre at dei vil gå der og ta stor utdanning liksom. Mens gutane gidder liksom ikkje.

«Kvifor trur du det er slik?»

Eg trur at vi er litt meir late. Vi vil ut i arbeid fort [...]. Vi er jo sånn som ikkje øver til prøver, vi er litt sløve. Vi vil helst gjere det vi vil heime og sånn. Mens jentene dei prøvar mykje hardare, og dei får jo sjølvsagt betre karakterar sidan dei prøvar hardare. Og dei kjem lenger. Dei få gutane som går der borte [på gymnaset], dei går idrett. Og det er jo fordi... eg føler det blir sett litt dårlig på visst ein gut går studie, for det er jo blitt litt sånn jentete fordi det er jo berre masse fag og sånn [...].

I tillegg til at Øyvind opplever at det blir sett på som feminint å velje ei studiespesialisert retning, meiner han at det er gutane på yrkesfag som er «late» ved at dei ikkje orkar å gå lenge på skulen. Her er det altså ei motsett oppfatning av det Even skildra ovanfor, kor det er gutane på yrkesfag som «chiller», medan jentene på studiespesialisering streber. Paradoksal nok framstår både teoretisk og praktisk arbeid å innebere ei form for «chilling» eller «latskap».

Som nemnt, har fleire studiar vist at menn i praktiske yrker eller menn frå arbeidarklassen gjerne omtalar praktisk arbeid som det mest nyttige og «skikkelege» arbeidet (Vogt, 2017). Gjerne er det då det fysiske og det «handfaste» ved arbeidet som vert tillagt verdi, medan kontorjobbar og teoretisk arbeid blir sett på som overflødig. Her handlar det om kva slags verdi og status ein tillegg utdanning og ulike typar arbeid, som igjen kan seie noko om ein persons kulturelle identitet. Men Even og Øyvind verkar altså ikkje eksplisitt å tillegga det eine meir status enn det andre, sjølv om Øyvind tilsynelatande påpeiker skulen sitt fokus på teoretiske evner og karakterar. Ein som i større grad uttrykte ei oppfatning av eit hierarki var Christer. Han fortel:

Studieelevar skal jo liksom vere dei «perfekte» og kunne alt, kan ein seie. At dei liksom er dei skikkelege elevane, mens dei andre, yrkesfag(elevane), dei berre kan ikkje noko...

og dei blir ingenting i livet. Det er kanskje slik folk tenker, men det er jo veldig gode utdanningar ein kan få innan yrkesfag òg, gjennom desse faga... Det er ikkje alle som når toppen, men ein treng jo fortsatt dei som er under for å livnære eit samfunn.

Christer tenker på seg sjølv som lenger nede i den sosiale lagdelinga, då samfunnet ser på det å studere og å ta utdanning som noko meir høgverdig. Samstundes modifiserer han denne tanken ved å poengtere at praktiske fag også gir moglegheiter for utdanningar og spesialisering. Det kjem altså fram ei forståing om ei hierarkisk inndeling av teoretisk og praktisk arbeid i samfunnet forøvrig. Men som allereie nemnt i kapittel 6, uttrykker ikkje mine informantar ei negativ haldning til teoretisk arbeid, slik som informantane til Willis gjorde. Det vart heller uttrykt ei litt motstridande oppfatning av kva som er «chill» arbeid og kva som ikkje er det, utan at det eine vert oppfatta som betre enn det andre.

Både mine og Willis sine informantar ser ut til å assosiere praktisk arbeid med maskuline eigenskapar og teoretisk arbeid med feminine eigenskapar. Den teoriorienterte studiespesialiseringlinja vart assosiert med jenter, og om ein er gut og ynskjer å gå ei meir teoretisk linje er det tryggare og meir akseptert for han å gå idrettslinja. Even valte ei praktisk linje, til tross for at han skildrar seg sjølv som lite praktisk anlagt og meir lik «dei teoretiske jentene». Analytisk kan omgrepet interseksjonalitet vere interessant i denne samanhengen. For gitt at elevane ved den teoretiske linja studiespesialisering representerer ein anna kulturell klasseidentitet enn elevane ved dei praktiske yrkesfaglinjene, og mine informantar sine førestillinar om at desse er kjønna, vil klasse vere ein sosial kategori som også heng tett saman med sosiale konstruksjonar av kjønn.

Praktiske- og teoretiske orienteringar som eit spekter

Det er tydeleg at mine informantar har ei oppfatning om eit meiningsskilje mellom dei teoretisk-orienterte elevane og dei praktisk-orienterte elevane. Dei teoretisk-orienterte er typisk dei elevane som går på studiespesialiserande og som ikkje er like flinke med hendene. Det er dei som «har det i hovudet» i staden. Dei likar å «sitte på skulebenken», å sitte i ro og å lese. Dei veit ikkje kva dei skal bli, men kjem mest sannsynleg til å jobbe på kontor i framtida, og dei er kanskje meir opptatt av å tene godt (ifølge nokon informantar). Dei praktisk-orienterte er typisk elevane på teknikk og industriell produksjon-linja. Ofte har dei ei interesse for bil og mopedar. Det er dei som «ikkje taklar det teoretiske», men er av dei flinkaste til å «bruka hendene». Dei

toler det harde og skitne arbeidet, og dei veit kva dei vil bli. Dei er meir opptatt av trivsel på jobb enn å tene pengar. Som nemnt kan ein argumentere for at det her er snakk om eit skilje mellom middelklasse-verdiar og arbeidarklasse-verdiar, slik Willis sine informantar understreker sin klassetilhørsle gjennom distinksjonen mellom teoretisk og praktisk arbeid (Willis, 2016, s. 145-147).

Samstundes er det eit spekter *innanfor* desse ytterpunktene i oppfatningane av dei teoretisk-orienterte og dei praktisk-orienterte. Til dømes vart elevane på elektrolinja (som vert sett på som «pinglete»), og til dels også elevane på kjemi og prosess-linja, oppfatta som «meir lik elevane på studiespesialisering», då desse linjene er av dei meir teoritunge linjene på yrkesfag. Forskjellane mellom desse elevane manifesterte seg også i ulike måtar å kle seg på («elevane på TIP-linja og smedlinja går med arbeidsklede»). Meiningsskilje mellom «praksis» og «teori» er altså meir nyansert enn at yrkesfagelevar vert oppfatta som praksisorienterte og studieelevar som teriorienterte, slik som også Gjelstad (2015) belyser.

Ove er eit døme på at forskjellen mellom dei teori-orienterte og dei praktisk-orienterte ikkje er ein dikotomi, men eit spekter. Ove var ein av elevane eg først traff då eg fekk lov til å vere til stades på Odda vidaregåande skule og som seinare vart min hovudinformant. Han, saman med ein anna elev (som endte opp med å flytte i løpet av tida eg var i Odda), ynskja å vise meg rundt i byen etter skuletid. Vi møttest fleire gongar, som oftast i sentrum der vi rusla rundt eller satt på kafé. Då eg møtte han dei fyrste gongane gjekk han andre året på yrkesfaglinja kjemi og prosess, men vart i løpet av tida eg var i Odda lærling på ein av dei to fabrikkane. Ove var 18 år og gjorde det bra på skulen; lærarar på lærarrommet skrytta av han. Han fortalte meg at han ville begynne på kjemi og prosesslinja etter at broren hans hadde forklart kva linja gjekk ut på og kva slags jobbar ein kunne få. Faren, broren og systera hans hadde òg valt yrkesfagleg utdanning, og han tenkte at kjemi og prosess-linja ville vere både nyttig og interessant. Ove understrekte at valet om å gå yrkesfag ikkje først og fremst handla om å få gjere praktisk arbeid eller for å bli ferdig med teoriskulen, slik som mange av dei andre elevane:

Du har dei som er slik som meg. Som valte yrkesfag fordi det er det mest praktiske, altså på den andre måten praktisk. Altså, du får fort pengar, du får eit sikkerheitsnett... Litt for å bli heilt sikker på kva du vil, bygge disiplin, alt dette her. Og eg tenker òg at det ser ikkje så veldig kjekt ut å gå på allmenn vidaregåande. Altså universitetet verkar kjekt. Men allmenn VGS, då er det liksom eit lågt nivå med masse forskjellig. I staden for eit høgt nivå med nokre få ting som du er interessert i. Så det blir liksom sånn: det

er masse du må lære, men det du lære er ikkje så interessant. For du «scratcher» berre overflaten, på ein måte.

Han fortalte meg vidare om utdanningsaspirasjonane sine og sa at: «Det er ikkje ein realistisk draum, men likevel ein draum eg har, og det er at eg er forskar». «Og så ynskjer eg å flytte vekk ein periode. Kanskje til utlandet. Men eg ynsker å kome tilbake etter kvart, sidan det er her familien og venene mine er». Det at Ove hadde valt ei yrkesfagleg utdanning var noko bestemora hans hadde uttrykt skepsis til:

Besto mi, ho kjem frå ei anna tid, og eg meiner ho fortalte at det var eit veldig sterkt klasseskilje [i Odda] før. Men ho verkar å legge veldig stor vekt på det med høg utdanning. Ho twilte veldig på når eg, bror min og søstera mi valde å ta ei praktisk utdanning. Og ho blei kjemperedd for at vi skulle drive «å skru» heile livet og alt det der... Ho såg liksom veldig ned på det, og såg opp til dei som blir ingeniør eller noko meir teoretisk. Men det kan vere noko personleg for ho, eller så kan det vere at det er eit produkt av tida hennar. For ho var tydelegvis ein del av den høgare klassen då.

Bestemora til Ove var tydeleg opptatt av sosial mobilitet og at han burde bruke evnene sine til å ta høgare utdanning. Mange frå arbeidarklassen i etterkrigstida var opptatt av å utnytte moglegheitene som allmennskulen gav, særleg om ein hadde anlegg for å kunne gjere det. Tidlegare var det få som hadde råd til å ta utdanning, og ein måtte bruke inntektene sine på å forsørgje familien. I dagens velferdssamfunn er det ikkje så rart at Ove valde ei utdanningsretning som var meir praktisk enn teoretisk, til tross for hans teoretiske evner. I tillegg er yrkesfaga blitt meir teoretiske i dag enn tidlegare, slik Gjelstad (2015) har påpeikt.

Då Ove byrja som lærling på den eine fabrikken i Odda ut på hausten, fortalte han at «det å jobbe på fabrikken er veldig avslappande. Det er mykje fritid der ein ikkje gjer noko». Eg spør om dette berre gjeld på nattskiftet eller heile døgnet. «Etter at sjefane og dei ‘folka lenger oppe i systemet’ har gått heim frå jobb, så slappar ein meir av. Dei jobbar berre dagskift». «Kva er det du gjer når du er på jobb då?» Spør eg. «Det vi gjer er å gå ein runde, altså vi har ein rutine, der vi blant anna slår med ei slags slegge på nokre røyrr eller tankar slik at det ikkje blir klumper, og så når eg er ferdig med runden så sett eg meg ned på eit rom vi har og arbeider med romanen min. Ein sci-fi roman». Han fortel at det å skrive er ein av hobbyane hans, og at i starten, då han byrja å jobbe på fabrikken, blei han inspirert av korleis det såg ut der. «Fabrikken ser ut som ein post-apokalyptisk verd, der alt ser ut som det skal dette frå kvarandre. Det er mykje

slitt betong, metall som er rusta og støv over alt. Svart støv. Og så er det masse rør, og ting du ikkje forstår kva er, eller korleis det heng saman. Nokon gongar er det vatn på golvet og ein tråkker i gjørme-aktig greier. Andre gongar er det tørt. Så det er veldig kaotisk og skittent. Men eg likar det, eigentleg».

At Ove interesserer seg for skriving er interessant med tanke på forfattartradisjonane i Odda, kor både Seljestad og Frode Grytten arbeidde på fabrikk før dei seinare vart forfattarar. Det er tydeleg at Ove har fleire teoretiske interesser, og verdsett dette kanskje meir enn det praktiske. Som han seier: han valte ikkje å gå ei yrkesfagleg linje først og fremst for å kunne drive med noko praktisk. For han var ei fagutdanning noko som ville hjelpe han på vegen til å finne ut kva han skulle bli, samt gi han økonomisk tryggleik og stabile rammer. På mange måtar liknar han dei andre informantane sine skildringar av elevane på studiespesialiseringsslinja, som kanskje også ser ut til å ha ein anna kulturell (klasse)identitet. Dei kan seiast å likne Seljestad (1997) sine informantar i Danmark, som i følge Seljestad er døme på det moderne individet: individualisert og lausriven frå tradisjonelle identitetar. Som vi har sett er dette orienteringar og verdiar som i større grad reflekterer middelklassen. Samstundes er Ove eit godt døme på Gjelstad (2015) sine skildringar av elevar i den yrkesfaglege utdanninga i nyare tid. Både «teori» og «praksis» er ein del av yrkesfagutdanninga i skulen i dag. Og kjemiprosesslinja, som Ove går på, er ei av dei meir teoritunge yrkesfaglinjene. Sidan det er meir fruktbart å snakke om teoretiske og praktiske orienteringar som eit spekter enn ein dikotomi, kan vi seie at distinksjonar mellom kulturelle (klasse)identitetar også til dels kan ha glidande overgangar. Kanskje er det her snakk om ei endring i danninga av den tradisjonelle arbeidaridentiteten, der nokon tenderer mot ein meir individualisert orientering, medan andre orienterer seg meir mot den tradisjonelle.

«Rånarar og mekking»

I masteroppgåva *Råning – en meiningsfull vei fra ung til voksen* (2009) tek Tor Egil Andersen for seg rånemiljøet som subkultur og skildrar korleis råning blir sett på som ein meiningsfull sosial arena for ungdom i ei bygd på austlandet. I følge Språkrådet (Språkrådet, u.å.) er det «å råne» definert som å «køyre ikring med bil utan særskilt mål». Andersen skriv at bilen er det sentrale i rånemiljøet, og eit viktig statussymbol. I tillegg har «rånarane» særeigne uttrykkformar og kulturelle kodar som skil miljøet frå andre ungdomsmiljø og samfunnet elles (Andersen, 2009). I intervju og samtalar med mine informantar kom det fram at «råning» også var eit fenomen i ungdomsmiljøa i Odda. Dei praktisk-orienterte elevane på teknikk og

industriell produksjon-linja, som ofte hadde ei interesse for bil og mopedar, vart gjerne tilskrivne ein identitet som «rånar». Sigurd meiner, slik som fleire andre også påpeikte, at dei skil seg særleg frå elevane på studiespesialisering:

TIP har jo alltid vore sånn at dei likar å skru og sånt. Og studiefolka har jo vore litt meir... Ja det er jo litt annleis miljø for akkurat det. Litt fleire rånarar på TIP [...].

Det var likevel nokon få bilinteresserte også på dei andre linjene. Fredrik var ein av desse, og var elev på elektrolinja. Han var enda ikkje blitt atten år og hadde difor ikkje bilsertifikat. Men han kunne fortelje at han køyde lettmotorsykkelen og skrudde på bilar på fritida. I intervjuet kom vi inn på nettopp dette:

«Kva likar du å gjere på fritida?»

Vertfall skruing på bilar, bilar og... eg kører jo sjølv motorsykkelen og så trener eg.

«Eg har hørt at det er miljø for å drive med bil og slikt i Odda»

Ja. Det er ganske mykje. Veldig stort biltreff ofte på våren. Vårmønstring. Då er det veldig mange som kjem.

«Er det sånn lettmotorsykkelen du har?»

Ja.

«Det er kjekt å ha moglegheita til å kome seg rundt»

Ja. Ein blir mykje meir fri. Sånn at du kan gjere litt meir av det du vil.

«Det å skru, er det ei sosial greie eller gjer du det mest åleine?»

Visst du gjer det med andre så går det kanskje litt treigare, kanskje. Eg gjer det ofte åleine, visst eg skal vere mest effektiv. Då kan eg heller køre med dei andre.

«Men det er slik at dykk snakkar om det saman?»

Ja, masse. Vi snakkar i alle fall om det til andre. Og hjelper kvarandre. Og lurer på kva dei held på med og sånn. Vi pleier jo å møtast nede med Tess.⁵ Men vi møtes også litt rundt om kring. Ute og køre og...

«Så ein gleder seg til å få lappen då?»

Ja, det trur eg det er mange som gjer. Eg har det ganske kjekt no, men eg skal ha motorsykkelen når eg er atten. Eg syns i alle fall det er veldig kjekt og jobbe med slikt.

⁵ Bedriftslokale ved kaien i Odda sentrum

«Har du sett Rådebank⁶-serien?»

Ja, det har eg.

«Kva synest du om den då?»

Eg digga serien. Det gjorde eg.

«Kjende du deg igjen med dette her med interessa for bil og....?»

Ja, det og. Det som dei viste fram òg med den følsame sida. At dei tøffe gutane som køyrrer rundt og «ragger»⁷ og bilar og «mekker» er liksom ikkje så veldig tøffe. Og det er liksom bilmekking og sånne tøffe bilar og liksom den følsame sida då, som gjorde at eg likte den veldig godt.

I likheit med «mopedgutta» i Gjelstad (2015) sin studie, framstår verdiar som praktisk sans og hjelpsamheit viktig også for Fredrik. Men medan det å køre rundt var noko sosialt som Fredrik gjerne gjorde saman med andre, var bil- og mopedmekking heime i garasjen noko han helst ville gjere for seg sjølv. Han gir dermed uttrykk for å verdsette både fellesskap og meir individuelle praksisar. Kanskje kan også Fredrik sine mekkepraksisar representere ei dreiling mot ei individualistisk orientering, gjennom at han ser ut til å legge meir vekt på å vere «effektiv», enn å vere saman med andre i garasjen.

I lys av den tidlegare drøftinga av kjønn og oppfatningar om det praktiske som noko maskulint, er også Fredrik sitt synspunkt om Rådebanks-serien interessant. Her problematiserer han nokre av stereotypane om «rånarane» der dei har vore sett på som «tøffingar» som berre driv å «mekker» og «køyrrer rundt». Han framhevar at «rånarane» (og kanskje også han sjølv) kan ha følsame sider. Ein kan tolke dette som at stereotypien om dei praktisk-orienterte som særleg maskuline, ikkje speglar verkelegheita slik Fredrik ser det. Skilnadane mellom dei praktisk-orienterte og dei teoretisk-orienterte, det feminine og det maskuline, som eg har hevda at er eit spekter, er kanskje enda meir nyansert enn antatt.

Medan nokon kunne tilskrive seg sjølv ein identitet som «rånar», var det for Ove viktig å understrekke at han *ikkje* var ein del av rånegjengen. Då eg spurte om hans forhold til rånemiljøet i Odda, svara han at:

⁶ Ein serie frå NRK som omhandlar rånemiljøet i Bø i Telemark

⁷ Litt det same som å råne; at ein køyrrer rundt utan særleg formål

Rånarane er ei veldig samansveisa gruppe. Dei er veldig interessert i bil og moped og alt det der. Og hovudaktiviteten er liksom å køyre, stoppe, køyre, stoppe. Og så driver dei å «drøser»⁸, liksom. Dei står der nede på kaien. Det er der dei treffes.

Han fortel vidare at den eine kompisen hans tidlegare gjekk TIP-linja, og at kompisen var ein del av «rånegjengen» ein periode, men: «akkurat no trur eg ikkje han henger med dei. Men når han gjorde det, så var han liksom ikkje 100% inni det, heller».

I ein anna samtale med Ove der vi snakka om ungdomsmiljøa i Odda, trakk han fram korleis han opplevde å ha ulike interesser enn mange av dei andre praktisk-orienterte ungdommane. Han fortalte at: «eg kan vere interessert i korleis ein bil fungerer [i teorien]. Det er interessant. Men det er ikkje så interessant å snakke i timesvis om ein har diesel eller bensinbil, liksom». Gjennom ei litt overdriven skildring av «rånarane» som ei gruppe som berre «snakkar i timesvis om dei har dieselbil eller bensinbil» så skapar Ove eit konstruert skilje. Han markerer seg i kontrast til dei praktisk-orienterte, der han sjølv er ein av dei som verdsett det teoretiske. Han er meir interessert i kva som gjer at ein bil fungerer, det «avanserte» systemet bak, og ikkje slike «enkle ting» som berre det å snakka om at ein har dieselbil eller bensinbil. Samstundes verka det viktig for han å understreke at kameraten hans ikkje lenger er ein del av «rånegjengen», og at han eigentleg aldri var ein del av det miljøet. Ove konstruerer her ei grense mellom kven som hører til hans eiga gruppe, samstundes som han tydeleggjer kven som er utanfor. Omgrepet *intersection* belyser denne konstruerte grensa.

På mange måtar kan informantane sine oppfatningar om «rånarane» bli sett på i lys av det same spekteret som eg har argumentert for tidlegare. Der inngår dei i den same gruppa som dei praktisk-orienterte elevane som står nærmare den maskuline, «tradisjonelle» og kollektivistiske industriarbeidaren. Som Gjelstad (2015) har påpeikt, kan den ungdomskulturelle identiteten bli sett på som ei forlenging av den yrkesmessige identiteten. Samstundes viser samtalen med Fredrik at denne forståinga kanskje bør nyanserast, då han problematiserer dei stereotypiske oppfatningane om «rånarar» som spesielt «tøffe» og maskuline. I tillegg framstår mekkepraksisane hans å ikkje vere fullt så fellesskapsorienterte som «mopedgutta», då han gjerne verdsett det «å skru» på eiga hand.

⁸ Laus småprat, sladder eller skrøner

Case: Fest i Odda

Fram til no har oppgåva i hovudsak teke for seg intervjuet som vart gjort i samband med opphaldet på Odda vidaregåande skule. At oppgåva i stor grad blei basert på intervju, var som nemnt eit resultat av koronapandemien og ikkje etter den opprinnelige planen. Heldigvis fekk eg ein moglegheit til å vere med på ein fest då eg kom tilbake til Odda i desember 2021. Den vesle kontakten eg knytta til den eine eleven Ove, gjorde at eg likevel fekk utføre eit minifeltarbeid med deltagande observasjon då samfunnet etter kvart opna meir opp. Med casen som vert skildra nedanfor ynskjer eg å få fram at antropologisk metode kan gi eit meir nyansert og komplekst bilet av dei kulturelle uttrykka som er til stades i mine informantar si identitetsdanning.

Eg møter opp utanfor butikken fredags kveld. Eg har fått beskjed om at vi skal vere i eit hus ikkje så langt frå elva. Eg ser at Ove kjem mot meg. Han ser litt stressa ut, og seier han må kjøpe noko på butikken først. Vi har avtalt at eg skal få vere med på ein liten husfest saman med kompisane hans. Inne på butikken fortel han meg at «han med brunt hår heiter Andreas, og han veit kva du er her for å gjere, men dei andre må du sikkert presentere deg for». Han kjøper ein lighter og vi går saman opp nokre trapper og mot huset. Der står det nokre guitar ved utedøra klar for å røyke. «Du kom akkurat i tide!» Ove gir dei lighteren han akkurat har kjøpt. Eg står der tungpustande etter å ha gått opp trappene, og kjenner at det begynner å regne lett. Eg stiller meg inntil husveggen for å søke ly. Gutane snakkar seg i mellom, og etter ei lita stund kjem det ein sigarett opp i ansiktet mitt – «Vil du ha?».

Inni huset ser det nyoppussa ut, i motsetning til den slitte kledningen på utsida. I stova er det eit landskapsmaleri og to andre litt eldre, klassiske maleri. Det er mørkt. Det einaste lyset i rommet er ein slags lyskastar som blinkar og lagar forskjellige fargar i taket. På stovebordet står snusboksar og halvtomme ølboksar. Eg tek ein kjøkenstol og drar den bort til stovebordet, der gutane har samla seg i sofaen. I det eg held på å fomle med stolen er det nokon som ropar: «Kven er du?». «Eg er Kari». Eg smiler nervøst. Det luktar parfyme i rommet, og musikken i bakgrunnen, ein slags roleg rap-musikk, blir skrudd opp. Eg får veta at Andreas er frå «fjorden» men akkurat no bur han i ein anna by der han jobbar med fjellsikring og gravemaskinar. Han skal vere i byen i tre månadar, men er i Odda denne helga for å treffen venene sine og for å vere med på fest. Andreas fortel at han har kjøpt seg vinylspelar. Han snakkar om alle albuma han har til vinylspelaren, blant anna eit album av rapparen NAS. «Han er lidenskapeleg opptatt av

rap», seier Ove. «Det er det eg òg hører på. Visst ikkje hører eg på amerikansk musikk, eller... i alle fall ikkje norsk musikk!»

Trygve, som Ove bur saman med, jobbar på Boliden (den eine fabrikken). Han er industrimekanikar, men ynskjer å ta fleire fagbrev. Frå før har han også fagbrev som røyrlegger, men no tenkjer han på å flytte slik at han kan ta fagbrev i brønn teknikk. Når han har fleire fagbrev så blir han meir attraktiv, seier han. «Eg har lyst å komme meg ut i olja. I Equinor. Men då må ein ha gode karakterar». Ove skyt inn: «Ja, eg veit ikkje om det stemmer, men eg har hørt at dei berre kastar sånn seksti prosent av søknadane med ein gong, visst du ikkje har dei og dei kriteriene». Dei andre nikkar og ser ned i bordet. Eg spør kva som gjer at så mange har lyst til å jobbe i «olja».

Eg trur det berre er fordi at vi bur på ein plass som har så mykje med industri å gjere at det får oss inn på dei tankane. Når det kjem til industri så er det liksom olja du tener best, og det er der du har best arbeidstider. To veker på og fire av. Det høyres nydeleg ut eigentleg. Og så er det litt prestisje i tillegg.

Vi snakkar vidare om det at industri er viktig i Odda:

For eksempel så har vi gått på klassetur til Boliden, liksom. Og sett på ting. Eg tenker når dei held på sånn, så «bankar» dei det inn liksom. Dei får ungane til å bli interessert i å jobbe i industrien. Og det har gjort at dei får fleire der og. Og dei har jo gjort det på skulenivå; putta mange millionar inn i kjemi og prosess[linja]. På laben der. Eg trur dei enten kjøpte eller fekk lov å installere eit minianlegg frå Equinor. Eg trur dei satsar veldig på det.

Etter kvart kjem det fleire folk inn døra. Ein av dei klemmer og «tullekyssar» dei andre gutane. Ein annan gut igjen, med dongeribukse og ein svart hettegenser med «Metallica» på, slenger seg ned i sofaen. Dei småpratar medan dei opnar ølboksane sine. I enden av sofaen sit ein kar med hettejakke, eit stort Luis Vuitton-belte og ei svart veske med ei reim som går skrått over brystet. Det er tydeleg at veska er ein del av antrekket, då han ikkje tek av seg veska i løpet av kvelden. Han sit lent bakover, stirrer på mobilen og verkar uinteressert i det som skjer rundt han. Thomas, ein anna gut, har satt seg attmed meg. Han har på seg ei tynn joggebukse som er rød, kvit og grå. Han har lue, litt langt hår, «hipsterbriller» og fleire tatoveringar på armane. Den

eine tatoveringa er veldig enkel, den andre litt meir detaljert. Det er berre nokre abstrakte strekar som utgjer eit ansikt på den første. Eg peikar på armane hans og seier at eg likar tatoveringane hans. «Takk, eg har ein på ryggen og. Eg blei anbefalt å ha den på ryggen og ikkje framme på brystet, slik at eg berre kan sjå den av og til. Når eg berre ser den ein gong i blant så forsvinn ikkje meiningsa så fort. Den skal minne meg på å ta vare på meg sjølv».

Thomas gjekk ikkje yrkesfag seier han. Han gjekk studiespesialiserande og har tenkt til å begynne å studere økonomi i Oslo. Men i mellomtida jobbar han på Tizir. «Det er mykje betre enn der eg jobba før. No har eg mykje betre betalt og slepp å forholda meg til folk som ikkje er fornøgd med arbeidet, og å vere blid heile tida. Jobben eg hadde før var ein dårlig jobb. No jobbar eg same skift som Ove, men ikkje på same avdeling», fortel han. Etter ei stund begynner stemninga å bli litt daff, og gutane snakkar seg i mellom om at dei må sette på noko anna musikk. Dei går frå å høyre på rap til meir festmusikk. «No må vi få opp stemninga. Det er ikkje lenge til jentene kjem». Etter ei stund set ein gut på ein country-song, men det tar ikkje lang tid før nokon byter songen. Han prøver å forsvare seg: «Desse her er skikkeleg bra», men orda forsvinn i all mylderet av snakkingen som foregår, og ingen svarer han.

Eg tek meg ein tur ut for å puste litt. Ute står no Ove og Andreas og røyker. Andreas fortel at det har vore nokon vinspesialistar på besøk på garden deira ute i fjorden. Dei held på å fjerne alle plommetrea på garden for å plante druer i staden. Dei har allereie dyrka litt druer på ein liten flekk på garden i nokre år. «Vinspesialistane har fortalt at den einaste plassen i fjorden det er mogleg å produsere vin, er på denne garden. Det er på grunn av solforholda akkurat der», fortel han. «Det er ingen andre stadar som har akkurat slike forhold [i «fjorden»]. Så når eg tek fagbrev i anlegg og maskinar og slikt no, så er det kun for å lære meg alt eg treng til å ta over garden om fire år». «For du er odelsgut?», spør eg. «Ja». «Er det derfor du gjer det du gjer?», spør Ove. «Ja, og så skal eg kanskje studere økonomi i Bergen. Då har eg det som trengs [for å drive gard]».

«Eg frys skikkeleg. Skal vi gå inn?». Vi går inn igjen til sofaen og set oss.

Festen der venene til Ove hadde samlast ser ut til å inkludere ei blanding av folk med litt ulik bakgrunn. Thomas har planar om å studere økonomi, men arbeider på fabrikk. Han har gått studiespesialiserande og kler seg som om han kjem rett frå ein storby. Guten som er interessert i country-musikk er tømrarlærling. Andreas har, i likhet med Thomas, planar om å studere økonomi, men kjem til å overta familiegarden etter kvart. Industrimekanikar Trygve har gått linja der dei «typiske rånarane» går, men har no utdanningsaspirasjonar der han vil «bli meir attraktiv» for å få seg jobb i Nordsjøen. Her er særleg Thomas og Andreas døme på at

meiningskiljet mellom «teori» og «praksis» er komplikert og nyansert, slik som påpeikt tidlegare. Dei har valt både teoretiske og praktiske jobbar og utdanningar. Dei utfordrar dermed også argumentasjonen om interseksjonelle yrkesval og verdiar, der «teori» vart forbundet med jenter og femininitet, medan «praksis» vart assosiert med gutter og maskulinitet.

Samtalane som oppstod rundt utdanning og industri framhevar industrien og hrynesteinsbedrifta si rolle i lokalsamfunnet. Omvisninga på fabrikken då dei var små og investeringar som vart gjort ved skulen deira reflekterer forventningane dei forheld seg til. Samstundes var det einigkeit om at å arbeide i oljenæringa kunne både gi betre betaling og ha meir behagelege arbeidstider enn andre stadar. I tillegg gav det meir status. Då Trygve uttrykte oppgittheit over kor vanskeleg det var å få seg ein jobb i denne næringa fekk han empatiske nikk frå dei andre. Også Thomas vektla løn og trivsel på arbeidsplassen i det han fortalte om jobbytte sitt. Mine tidlegare drøftingar om forventningar til arbeidslivet er relevante å trekke inn her. I intervjuet vart det uttrykt ei oppfatning om at god løn ikkje var like viktig som trivsel og det sosiale, sjølv om det altså var nokon som nemnde løn som motivasjonsfaktor for val av yrke. Det verkar difor å vere ulike oppfatningar knyta til verdsettinga av akkurat det med løn.

I Arbeiderkollektivet (1961) vart arbeidarar som hadde individuelle ambisjonar om å tene pengar ofte utstøtt av dei andre, då det var verdiar om likskap som vart verdsatt. Ungdommane på festen ser derimot ut til å vere opptatt av løn, og dei har også individuelle karriereambisjonar. Samstundes er kanskje ikkje oppfatningane om løn blant ungdommane på festen heilt samanliknbare med arbeidarane i Lysgaard sin studie, då kontekstane her er ulike. Det kan vere at fellesskapsorienterte verdiar blant mine informantar hadde kome fram på fabrikken eller i ein arbeidssituasjon, medan val av yrke tross alt handlar om å ta individuelle val. Dei ser likevel ut til å vere like opptatt av trivsel på arbeidsplassen, på lik linje med fleire av dei andre informantane i intervjuet. Dette skil seg frå Seljestad (2003) sine funn i Odda og Willis (2016) sine funn i England. I desse studiane var informantane mindre opptatt av at arbeidet skulle vere lystvekkjande. Slik sett kan ein seie at dei tenderer mot meir individualiserte orienteringar, kor arbeidet blir sett på som ein arena for sjølvrealisering i større grad.

Det ser ut til å ikkje berre vere forskjellar i utdannings- og yrkesval blant venene på festen. Smaksforskjellar i musikk kom til syne då country-songen raskt vart byta til noko anna, medan Ove og Andreas engasjerte seg for amerikanske rapparar på vinylplater og understrekte at norsk musikk ikkje var noko dei hørde på. I tillegg gjekk nokon i merkekledde og var tydeleg opptatt av å uttrykke seg «urbant», medan andre var mykje meir avslappa i stilten. Som eg har vore inne

på heng smak saman med kulturell kapital (Bourdieu, 1995), og innanfor ulike kretsar kan visse smaksformar vere identitetsmarkørar som symboliserer status. Det ser altså ut til å vere litt ulike ungdomskulturelle identitetsuttrykk til stades på festen, og dermed også ulike kulturelle (klasse)identitetar.

Ein anna potensiell kulturell distinksjon som ikkje kom fram i intervjeta i særleg grad, men som casen gir eit lite innblikk i, er den mellom ungdommar frå andre stadar i Sørfjorden og ungdommar som kjem frå Odda. Då industrien kom til Odda på byrjinga av 1900-talet, oppstod det eit skilje mellom arbeidarkultur og bondekultur (Røyrane, 2011, s. 87). Dei som dreiv gard levde eit anna liv enn dei som arbeidde på fabrikkane inne i Odda. Men som nemnt innleiingsvis har nok desse skilnadane blitt meir og meir viska ut, blant anna på grunn av dei mange bøndene som etter kvart fekk seg arbeid i industrien. Samstundes representerer Andreas, som har planar om å overta familiegarden lenger ute i fjorden, ein referanse til desse gamle kulturelle skilnadane. Om det hadde vore moglegheiter for å utføre deltagande observasjon over lengre tid, ville eg ha kunna utforska nærmare slike kulturelle distinksjonar, som lokale og geografiske skilnadar mellom «oddingane» og «fjordingane». Eg kunne også fått meir innsikt i det såkalla «rånemiljøet». Slike kulturelle distinksjonar er noko omgrepet interseksjonalitet ikkje dekker, men som antropologiske tilnærmingar, som omgrepet *intersection*, i større grad kan formidle.

Casen gir altså eit lite innblikk i korleis denne oppgåva kunne sett ut om eit meir tradisjonelt feltarbeid hadde kunne funne stad. Gjennom deltagande observasjon kan ein få tilgang til sosiale og kulturelle praksisar og uttrykk som ein ikkje kan få gjennom ein intervjustituasjon. Ungdomskulturelle identitetsmarkørar som klesstil, musikksmak, og dei sosiale interaksjonane mellom informantane vert tydlegare gjennom denne metoden. Til dømes vart det tydeleg for meg i etterkant av festen at sjølv om ungdommane i Odda kunne ha ulike kulturelle identitetsuttrykk og orienteringar, verka det ikkje som eit hinder for at dei kunne vere vener og å samlast.

Konklusjon

Fleire forskrarar (som t.d. Beck 1992, Giddens 1991, Standing 2011, Dahl-Jørgensen & Rapport 2012) har hevda at det post-industrielle samfunnet har gitt nye vilkår for identitetsdanning. Gjennom store strukturelle endringar som til dømes globalisering, teknologiutvikling og ein utvida velferdsstat har det blitt peikt på ei aukande individualisering av samfunnet - og også ei dreining vekk i frå den fellesskapsorienterte arbeidarkulturen som gjerne var karakteristisk for industrisamfunnet.

Som nemnt innleiingsvis har eg i denne oppgåva ynskja å utforske korleis arbeidaridentitet kjem til uttrykk blant ungdom i Odda i dag; ein by der industri framleis spelar ei viktig rolle. Eit sentralt spørsmål har vore å undersøke om mine informantar sine identitetsuttrykk og verdiar speglar ein kollektivistisk, fellesskapsorientert arbeidaridentitet, slik blant anna Lysgaard (1961) har skildra arbeidarane i *Arbeiderkollektivet*, og slik Seljestad (2003) har skildra tradisjonelle identitetsprosjekt blant ungdommar i Odda frå 1996 til 1998. I kontrast til dette, har individualiseringsteoriar (Beck 1992, Giddens 1991) hevda at individet i det moderne samfunnet ikkje lenger identifiserer seg med dei tradisjonelle kollektive klasseidentitetane (Sørensen, 2013, s. 46). Dermed ynskja eg å utforske om mine informantar si identitetsdanning heller gir uttrykk for meir individualistiske orienteringar enn det tidlegare generasjonar har gjort, og i så fall, utforske korleis dette kjem fram i intervjeta.

I kapittel 4 tok eg for meg fellesskap og fellesskapskjensla som ein viktig faktor i danninga av arbeidaridentitet i Lysgaard sin studie frå 1961. Vidare skildra industriarbeidarar i Odda eit liknande fellesskap frå tidlegare tider. Ei oppfatning blant både industriarbeidarane og ungdommane i Odda handla også om at ulike formar for fellesskap er svakare i dag enn før. Desse oppfatningane la grunnlaget for ei vidare utforskning av sosiale og kulturelle endringar. I kapittel 5 undersøkte eg kva slags verdiar og identitetsuttrykk som kom til syne i intervjeta med mine informantar. Her utførte eg ein komparativ analyse der eg samanlikna mine funn med Paul Willis (2016) sin studie av arbeidarklassegutar («the lads») frå England og Seljestad sine funn frå Odda (2003) og Danmark (1997). Eg argumenterte for at identitetsdanninga blant mine informantar verkar å både gje uttrykk for tradisjonelle identitetsprosjekt i tråd med Seljestad sine funn frå Odda (2003), samstundes som dei også ved visse høve gir uttrykk for meir eller mindre individualistiske orienteringar, meir lik ungdommane Seljestad studerte i Danmark (1997).

Dei tradisjonelle identitetskonstruksjonane vert uttrykt gjennom tendensen til å velje kjønnsnormative yrke, framtidvisjonar og verdiar i tråd med deira foreldre sine liv. Deira verdsetting av sosiale fellesskap og praktiske interesser speglar også verdiar meir lik tradisjonell arbeidaridentitet. Dei individualistiske orienteringane kjem blant anna til uttrykk gjennom mine informantar sine ynskjer om kva deira framtidige arbeid skal innebere. Dei vektlegg trivsel på arbeidsplassen i stor grad, at arbeidet skal vere noko dei interesserer seg for, samt at arbeide skal representere noko meir enn berre eit middel for sosial og økonomisk tryggleik. Dette skil mine informantar frå informantane i Seljestad (2003) sin studie frå Odda, samt Willis (2016) sin studie av arbeidarklasseguttar i England. I tillegg representerer interessene til mine informantar i større grad individuelle orienteringar, som å skru på mopeden heime i garasjen eller å dyrke andre praktiske og/eller teoretiske hobbyar på eigen hand. Arbeidarklassegutane i Willis sin studie representerte på si side ein kollektiv protestkultur mot skulesystemet, der også drikking, slåssing og festing på fritida var ein viktig del av identitetsdanninga.

Willis hevdar at desse motstandspraksisane er det som «driv» den sosiale og kulturelle reproduksjonen blant «the lads» og gjer at dei blir værande i arbeidarklassen. Sidan eg ikkje observerte ein slik kollektiv motstand i Odda, har eg argumentert for at det dermed ikkje ligg ein kulturell agens til grunn for den sosiale og kulturelle reproduksjonen eg observerte blant mine informantar. Det ser heller ut til å vere andre sosiale strukturar på eit breiare plan, meir i tråd med Bourdieu (1973, 1977) si forståing. Han hevdar at sosial og kulturell reproduksjon skjer gjennom ytre kulturelle strukturar som vert internalisert og etter kvart blir omgjort til ein djupare kroppsleggjort habitus.

Fleire har hevda at ein meir marknadsliberalistisk politikk har skapt strukturelle endringar som har påverka samfunnet på fleire områder – også kulturelt. I kjølevatnet av nyliberalismen på 1970-talet, samt økt globalisering og teknologiutvikling har det til dømes (og som nemnt) skjedd endringar i arbeidsdelinga, det har blitt økt effektivisering og meir outsourcing og offshoring (Dahl-Jørgensen & Nigel Rapport, 2012). Slike endringar kan vere med på å skape nye føresetningar for danning av arbeidaridentitet. Arbeidarar står ikkje lenger kollektivt saman mot kapital og industrieigarar på same måte som tidlegare. I dag er industriarbeidarar til dømes færre om arbeidsoppgåvene og er fordelt utover fleire avdelingar, slik den eine industriarbeidaren i Odda fortalte om i kapittel 4. Vidare kan nyliberalismen sjåast på som ein ideologi eller ein «governmentality» som påverkar måten vi lev på i ein breiare forstand, der også tankesetta og handlingane våre vert påverka i ei meir individualistisk retning. Dermed kan

slike endringar også ha fått betydning for mine informantar si dreiling mot ein meir individualistisk-orientert identitetsdanning. Willis (2016) har til dømes påpeikt skulesystemet si ibuande individualisme. Sidan informantane også verkar å sprike i denne tendensen mot ei individualistisk orientering, kan Ong (2007) si forståing av nyliberalisme som ein «assemblage» vere nyttig i denne samanhengen. Nyliberalistiske uttrykk (som økt individualisme) kan bli tatt opp selektivt i ulike kontekster og vere ei forklaring på kvifor nokon av informantane ser ut til å uttrykke meir individualistiske orienteringar enn andre.

Fråværet av motstand blant mine informantar i Odda kan ha med individualiseringa å gjere, då motstandspraksisar gjerne inneber noko kollektivt, noko ein er kritisk til og gjerne også eit sterkt skilje mellom «oss» og «dei andre». Informantane sine oppfatningar om skilje mellom dei sjølve (yrkesfagelevane) og dei andre elevane på studiespesialisering, som eg har skrevet om i kapittel 7, verka ikkje å vere like sterkt som skilje Willis sine informantar skapte mellom seg sjølv og dei «konforme» som slutta seg til den teoretiske skulen. Eg har argumentert for at dei oppfatta skilnadane mellom dei teoretisk-orienterte elevane på studiespesialisering og dei praktisk-orienterte elevane på yrkesfag kan bli sett på som eit spekter, heller enn ein dikotomi. Dette er også i tråd med Gjelstad (2015) si problematisering av distinksjonen mellom «teori» og «praksis» i yrkesfagleg utdanning.

Her meiner eg at det handlar om kulturelle forskjellar. For gjennom ei auka grad av individualisme og andre strukturelle endringar vert kanskje den kollektive og politiske motstanden (der den industrielle arbeidarklassen står i opposisjon til kapital og industrieigarar) mindre. Arbeidarrørsla, streikane og det som historisk har samla arbeidarar og arbeidarklassen i Odda er ikkje lenger like relevant. For mine informantar verkar klasseforhold å handle om kulturelle forskjellar heller enn sosio-politiske forskjellar. Altså: dei oppfatta forskjellane mellom informantane sine ulike preferansar og interesser framstår som distinksjonar i ulik kulturell praksis og «smak», og inngår i Bourdieu (1995) si teoretisering av kulturell kapital, der nokon innehavar meir eller mindre kulturell kapital enn andre. Som vi har sett, har også dei kulturelle forskjellane ein kjønnsdimensjon gjennom at informantane forbinder ulike yrkesval, verdiar og praksistar med maskuline og feminine eigenskapar. Dei ser dermed ut til å vere interseksjonelle.

Det er naturleg å påpeike at mine informantar først og fremst er elevar og deira verkelegheit kan endre seg så snart dei er ferdig utdanna fagarbeidarar, når dei kjem ut i jobb og inngår i eit faktisk arbeidarfellesskap. Men som nemnt, verkar også eldre industriarbeidarar i Odda å oppleve at fleire formar for sosiale fellesskap har blitt svakare enn tidlegare.

Litteratur

Aguilera, F. E. (1996) ‘Is Anthropology Good for the Company?’ *American Anthropologist*. 98 (4), s. 735–742.

Andersen, T. E. (2009) *Råning – en meningsfull vei fra ung til voksen*. Masteroppgåve. Universitetet i Oslo.

Andersson, Å. & Beckman, A. (2018) Young Working-Class Men Without Jobs: Reimagining Work and Masculinity in Postindustrial Sweden, i Walker, C. & Roberts, S. (red.) *Masculinity, Labour and Neoliberalism: Working-Class Men in International Perspective*. Global Masculinities. Cham: Springer International Publishing, s. 101-123

Bagnoli, A. (2009) On ‘an intropective journey’. *European Societies*. 11 (3), s. 325-345.

Beck, U. (1992) *Risk Society: Towards a new Modernity*. London: Sage.

Bernard, H.R. (2018) *Research methods in anthropology: qualitative and quantitative approaches*. 6. utgåve. Lanham, Maryland: Rowman & Littlefield.

Bourdieu, P. (1973). Cultural Reproduction and Social Reproduction, i Brown, R. (red.) *Knowledge, Education, and Cultural Change: Papers in the Sociology of Education*. 1. utgåve. Routledge, s. 71-112

Bourdieu, P. (1977) *Outline of a Theory of Practice*. Cambridge: Cambridge University Press.

Bourdieu, P. (1986) The forms of capital, i J. G. Richardson (red.), *Handbook for Theory and Research for The Sociology of Education*. Westport CT: Greenwood Press, s. 241-258

Bourdieu, P. (1995) *Distinksjonen*. Norsk utgåve. Norge: Pax Forlag

Bringslid, M. B. (red.) (2012) *Bygdeutviklingas paradoks*. Scandinavian Academic Press.

Collins, J. (2009) Social Reproduction in Classrooms and Schools, *Annual review of anthropology*, 38 (1), s. 33–48.

Cornwall, A. (2016), *Masculinities under neoliberalism*. London: Zed Books Ltd.

Csordas, T. J. (1990) Embodiment as a Paradigm for Anthropology, *Ethos*, 18 (1), s. 5–47.

Dahl-Jørgensen, C. & Rapport, N. (2012) Experiencing Work in a Global Context, *Anthropology in action* (London, England: 1994), 19 (1). DOI: 10.3167/aia.2012.190102

Dahle Sjåstad, E. (2021) Tizir får 261 millioner kroner i støtte og blir IPCEI-prosjekt, *Hardanger Folkeblad*, 17.12.21. Tilgjengeleg frå: <https://www.hardanger-folkeblad.no/tizir-far-261-millioner-kroner-i-stotte-og-blir-ipcei-prosjekt/s/5-22-384847> (Henta: februar 2022).

Dahle Sjåstad, E. (2016) Aktivitet på tomta, *Hardanger Folkeblad*, 20.01.16. Tilgjengeleg frå: <https://www.hardanger-folkeblad.no/meiningar/aktivitet-pa-tomta/o/5-22-33351> (Henta Januar 2022)

Dahle Sjåstad, E. (2003) Flytter Smelteverket til Kina, *Hardanger Folkeblad*, 28.10.03. Tilgjengeleg frå: <https://www.hardanger-folkeblad.no/tips-oss/flytter-smelteverket-til-kina/s/1-61-782017> (Henta: Januar 2022)

Degnen, C. and Tyler, K. (2017) Amongst the disciplines: Anthropology, sociology, intersection and intersectionality, *The Sociological review (Keele)*, 65(1), s. 35–53. DOI: 10.1177/0081176917693508

Distriktsenteret (2011) *Omstillingsprogrammet i Odda Kommune*. Tilgjengeleg frå: <https://distriktsenteret.no/wp-content/uploads/2013/04/langtidseffekter-av-omstilling-vedlegg-casekapitler-20101020.pdf> (Henta: mai 2022)

Egne Hjem Odda (1999) Hefte. Vestnorsk Industriadmuseum

Eriksen, I. M & Andersen. P. L (2021) *Ungdoms tilhørighet, trivsel og framtidsplaner i Distrikts-Norge. En flermetodisk analyse av betydningen av bosted, kjønn og sosioøkonomiske*

ressurser. Rapport nr 2/21. NOVA, OsloMet. Tilgjengeleg frå:

<https://hdl.handle.net/20.500.12199/6519>

Evans, G & Tilley, J (2015) the New Class War: Excluding the working class in 21st- century Britain, *Juncture*, vol 21 (4), mars, s. 298-304. doi: 10.1111/j.2050-5876.2015.00821.x

Fauske, H. (1998) Anthony Giddens: Identitet som selvrefleksjon, i Nilsen, Ø. & L'Orange Fürst, E (red.) *Modernitet – refleksjoner og idébrytninger: en antologi*. Oslo: Cappelen akademisk forlag, s. 200-217

Fjellveit, I. (2016) Fra 800 til 80.000 turister til Trolltunga på seks år, *NRK*, 23.11.16.

Tilgjengeleg frå: https://www.nrk.no/vestland/endelige-tall_-80.000-besokte-trolltunga-i-2016-1.13233759 (Henta: 20.10.22)

Fløgstad, Kjartan (1988) *Tyrannosaurus Text*. Oslo: Det norske Samlaget.

Giddens, A. (1991) *Modernity and Self-Identity, Self and Society in the Late Modern Age*. Cambridge, England: Polity Press.

Gjelstad, L. (2015) Skoleverkstedet som frigjørende handlingsrom: Yrkesfagelevers vilkår for faglig og sosial deltagelse i det post-industrielle Norge, *Tidsskrift for velferdsforskning*, 18 (1), s. 18-33.

Guldbrandsen, Ø. (1983) «Vi» og «bedriften»: Om forholdet mellom arbeiderkollektivets forutsetninger og fremtredelsesformer, i Hoel, M & Hviden, B (red.) *Kollektivteori og sosiologi: Festschrift til Sverre Lysgaard på 60-årsdagen 6. mars 1983*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, s. 63-86.

Gullestad, M. (1989) *Kultur og hverdagsliv: På sporet av det moderne Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hilgers, M. (2010) The three anthropological approaches to neoliberalism, *International social science journal*, 61 (202), s. 351–364.

Hockey, J. (2002) Interviews as Ethnography? Disembodied Social Interaction in Britain, i Rapport, N (red.). *British Subjects: An Anthropology of Britain*, Oxford: Berg, s. 209-222

Hopkins, M. (1993) Is Anonymity Possible? Writing about refugees in the United States, i Brettell, C. B. (red.). *When they read what we write: The politics of ethnography*. Westport, Connecticut: Bergin & Garvey, s. 121–129

Industrimuseum (u.å.) *DNN Aluminium, Tyssedal*. Tilgjengeleg frå:
<http://industrimuseum.no/bedrifter/dnnTyssedal> (Henta 9.10.22)

Kraftmuseet (u.å) «*Ka e det med Odda?*» *Ein historisk kavalkade*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.kraftmuseet.no/Historie/ka-e-det-med-odda-ein-historisk-kavalkade> (Henta: 7.10.22)

Kraftmuseet (u.å) *Kjærleik og død – Albert og Leonie*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.kraftmuseet.no/Oddaindustrihistorie/kjarleik-og-dod-albert-og-leonie> (Henta: 7.10.22)

Kolltveit, O. (1962) *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid: Bygdesoga 2*. Odda, Ullensvang og Kinsarvik Bygdeboknemnd.

Leistle, B. (2017) Reviewed Work(s): Phenomenology in Anthropology. A Sense of Perspective Ram and Christopher Houston. *Anthropos*, 112 (2), s. 702–704.

Lindisfarne, N. & Neale, J (2016) Masculinities and the lived experience of neoliberalism, i Cornwall, A. (red). *Masculinities under neoliberalism*. London: Zed Books Ltd, s. 29-50.

Litteratsymposiet (u.å.) *Knut Olav Åmås sin opningstale*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.litteratsymposiet.no/arkiv-/knut-olav-åmås-sin-opningstale> (Henta juni 2022)

Litteratsymposiet (u.å.) *Litteratsymposiet*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.litteratsymposiet.no/om-symposiet> (Henta juni 2022)

Ljunggren, J. & Nordli, M. H. (2021). *Arbeiderklassen*. Cappelen Damm Akademisk.

Lysgaard, S. (1961) *Arbeiderkollektivet: en studie i de underordnede sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Jenkins, R. (2008) *Social identity*. 3. utgåve. London: Taylor & Francis Group.

Markhus, K. (2000) *Ein Edens hage: Utlendingar opplever Hordaland*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Nixon, D. (2009) ‘I Can’t Put a Smiley Face On’: Working-Class Masculinity, Emotional Labour and Service Work in The ‘New Economy’. *Gender, Work and Organization*, 16 (3), s. 300–322.

Odda i Hardanger (1957) Odda: Foreningen Norden, Odda avdeling.

Olsen, E (2021) Fagforeningslederne på Boliden og Tizir om strømmarkedet: - En uholdbar situasjon, *Hardanger Folkeblad*, 15.01.2022. Tilgjengeleg frå: <https://www.hardanger-folkeblad.no/fagforeningslederne-pa-boliden-og-tizir-om-strommarkedet-en-uholdbar-situasjon/s/5-22-390996> (Henta: Juli 2022)

Ortner, S. B. (1974) Is female to male as nature is to culture? i M. Z. Rosaldo & L. Lamphere (red), *Woman, culture, and society*. Stanford, CA: Stanford University Press, s. 68-87.

Ong, A. (2007) Neoliberalism as a mobile technology, *Transactions of the Institute of British Geographers*, 32 (1), s. 3–8.

Peirano, M. G. S. (1998) WHEN ANTHROPOLOGY IS AT HOME: The Different Contexts of a Single Discipline, *Annual review of anthropology*, 27 (1), s. 105–128.

Proff (u.å.) *Boliden Odda AS*. Tilgjengeleg frå: <https://www.proff.no/selskap/boliden-odda-as/odda/metaller-og-metallvarer/IF2HPCE07S4/> (Henta 20.10.22)

Proff (u.å.) *Tizir Titanium & Iron AS*. Tilgjengeleg frå: <https://www.proff.no/selskap/tizir-titanium-iron-as/tyssedal/metaller-og-metallvarer/IFGDP3P07S4/> (Henta: 20.10.22)

Ram, K. & Houston, C. (red.) (2015) *Phenomenology in Anthropology: A Sense of Perspective*. Indiana University Press.

Regjeringen (2022) *Flere elever vil gå yrkesfag*, pressemelding, 16.03.22. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/sokertall-vgo/id2904229/> (Henta august, 2022)

Risnes, K. Sundfjord Otterlei, S. (2021) Utvider sinkverket i Odda og investerer over syv milliarder, *E24*, 21.07.2022. Tilgjengeleg frå: <https://e24.no/naeringsliv/i/9EMbaq/utvider-sinkverket-i-odda-og-investerer-over-syv-milliarder> (Henta: Februar 2022)

Røsjø, E. (1988) *Krafta er vår! Kampen om Tyssedal*. Bergen Trykk A/S

Røyrane, E (2011) *Fabrikkane i Hardanger: Husa i Industrilagskapet*. Kvinnherad: Nord 4

Said, E. W. (1978) *Orientalism*. New York: Pantheon Books.

Sandal, E. M. (2017) *Kampen om Odda*. Masteroppgåve. Høgskolen i Sørøst-Norge.
Tilgjengeleg frå: <https://openarchive.usn.no/usn-xmlui/handle/11250/2453200?locale-attribute=en>

Standing, G. (2011) *The Precariat: The New Dangerous Class*. London: Bloomsbury Academic

Statistisk sentralbyrå (2019) *Sysselsetting, registerbasert*. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/statbank/table/08536/tableViewLayout1/> (Henta mars 2022)

Statistisk sentralbyrå (2022), *Areal og befolkning i tettsteder, etter tettsted, statistikkvariabel og år*. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/statbank/table/04859/tableViewLayout1/> (Henta 20.10.22)

Seljestad, L. O. (1997) *Arbeidsløyse som ressurs: nye vegar til arbeid og identitet*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Seljestad, L. O. (2003) Frisatt eller forankra? *Sosiolog-nytt*. 28 (2), s. 7-18

Språkrådet og Universitetet i Bergen (u.å.) «Råne» i: Nynorskordboka.
<https://ordbokene.no/nl/123502/r%C3%A5ne> (Henta oktober 2022).

Sørensen M. P. & Christiansen, A. (2013) *Ulrich Beck: an Introduction to the Theory of Second Modernity and the Risk Society*. London: Taylor & Francis Group.

Trædal, L. (1988) *Odda: eit arbeidsfolk fortel: glimt frå soga til ein industrikommune*. Odda kommune

Udir (2021) *Elevtall i videregående skole – utdanningsprogram og trinn*. Tilgjengeleg frå: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-videregående-skole/elevtall-i-videregående-skole/elevtall-fylker-og-skoler/> (Henta: juli 2022)

Valestrand, E. T. (2021) Teori och empiri: analys av motstånd i "Learning to labour". *Arbetsmarknad & Arbetsliv*. 27 (2). s. 49-63.

Vilbli (u.å.) *Fellesfag*. Tilgjengeleg frå: <https://www.vilbli.no/nb/nb/no/fellesfag/a/032904> (Henta: august 2022)

Vilbli (u.å) *Programfag*. Tilgjengeleg frå: <https://www.vilbli.no/nb/nb/no/programfag/a/032905> (Henta: august 2022)

Vogt, K. C (2008) Er frafall i videregående opplæring et kjønnsproblem? *Tidsskrift for samfunnsforskning*. 49 (4), s. 517-541

Vogt, K. C. (2020) Prosessuell interseksjonalitet: gutter, posisjoner og prosesser. *Tidsskrift for kjønnsforskning*. 44 (2), s. 118-131

Vogt, K. C (2017) *Men in Manual Occupations: Changing Lives in Times of Change*. Nordic Open Access Scholarly Publishing: Cappelen Damm Akademisk.

Vogt, K. C. (2018) From Job-seekers to Self-searchers: Changing Contexts and Understandings of School-to-work Transitions. *Young (Stockholm, Sweden)*, 26 (4) s. 18S-33S

Wadel, C. (1991) *Feltarbeid i egen kultur: en innføring i kvalitativt orientert samfunnsforskning*. Flekkefjord: SEEK.

Waldrop, A. (2005) Antropologiske studier av klasse, *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 46 (1), s. 63-76

Walker, C. & Roberts, S. (2018) *Masculinity, Labour and Neoliberalism: Working-Class Men in International Perspective*. Cham: Springer International Publishing

Weber, M. (2001) *The Protestant Ethic and the Spirit of Capitalism*, 2. utgåve. New York: Routledge, Taylor & Francis Group

Willis, P. E. (2016) *Learning to Labour: How Working Class Kids Get Working Class Jobs*. New York: Routledge, Taylor & Francis Group.

Zigon, J & Throop, J (2021) *Phenomenology*. Tilgjengeleg frå:

https://www.anthroencyclopedia.com/entry/phenomenology?fbclid=IwAR08hx-uDDs4w07yJ4xg3vLUearscrWikA56ptIOJXWXrpTHYzUn_oSPPkE (Henta: 19. august 2022)

Øygard Jaastad, I. (2021) - Det er ikkje akseptabelt om gondolbanen fører til auka fotturisme innover vidda, *Hardanger Folkeblad*, 10.09.21. Tilgjengeleg frå <https://www.hardanger-folkeblad.no/det-er-ikkje-akseptabelt-om-gondolbanen-forer-til-auka-fotturisme-innover-vidda/s/5-22-364660> (Henta 20.10.22)

Øygard Jaastad, I (2022) Denne linja vert det ikkje tilbod om til hausten, *Hardanger Folkeblad*, 10.07.22. Tilgjengeleg frå: <https://www.hardanger-folkeblad.no/denne-linja-vert-det-ikkje-tilbod-om-til-hausten/s/5-22-434766> (Henta: juli 2022)

Åsen, G.H. (2021) KU'en er klar: - Omfattande grunnlag for gondol-planen, *Hardanger Folkeblad*, 26.10.21. Tilgjengeleg frå: <https://www.hardanger-folkeblad.no/ku-en-er-klar-omfattande-grunnlag-for-gondol-planen/s/5-22-373904> (Henta: 20.10.22)